

Ingrid Rosseland Fjose, NTNU

# Frå primitive samlarar til dyktige naturfolk.

Ei analyse av førestillingar om *dei andre* i lærebøker

Masteroppgåve i geografi fagdidaktikk

Trondheim Mai 2018

Vegleiar: Jørund Aasetre

Noregs Tekniske og Naturvitskaplege universitet

Fakultetet for Samfunnsvitskap

Geografisk Institutt



Kunnskap for ei betre verd



## ABSTRACT

The textbook has played an important role in teaching in Norway for over 250 years. The textbook used in education is the first interpretation of the curricula, and it also contains an interpretation of the geographical knowledge. Throughout the years, science, society and curricula have changed, and this involves and impacts the presentation of the various themes in teaching geography. In social geography, population and development are key issues, and this thesis analyse how the population in developing countries has been defined and portrayed in textbooks.

This thesis is the third contribution to a research project called "*The conception of the others*". Ragnhild Fagerslett's (2015) study showed significant preconceptions of *the others* among students, and Joakim Larsen (2016) followed up and examined teachers' conceptions of population growth, poverty and education in Third World countries. In my thesis, there is also a focus on an ongoing western discourse that defines population in the West as *us* as opposed to *them* that deals with populations in less developed countries. The analysis has shown that this contradiction is based on the West's position in the World community, which in turn has emerged historically through global relations.

In this thesis, three textbooks published in the timespan from 1939 to 2008 have been analysed. The interpretations that are carried out have been discussed in connection with the meaning of postcolonial theory, theories about population and theories about development. The results show that we have moved away from talking about the West's population as the ideal of how a society should be, to have more compassion with the people of developing countries.

## SAMANDRAG

Læreboka har spelt ein viktig rolle i undervisninga i Noreg. Den utgjer ei fyrstehandstolking av læreplanen, og inneheld dermed også ei fortolking av vitskapen. Gjennom åra har vitskap, samfunn og læreplan endra seg, og dette spelar inn på framstillinga av dei ulike tema i geografiundervisninga. Befolkning og utvikling er sentrale tema innan samfunnsgeografien, og i løpet av denne oppgåva er det analysert korleis befolkninga i utviklingsland har blitt, og blir framstilt i lærebøker.

Denne avhandlinga er det tredje bidraget i eit prosjekt kalla *Forestillingen om de andre*. Ragnhild Fagerslett (2015) avdekkja kva førestillingar eit utval elevar hadde rundt befolkninga i utviklingsland, og Joakim Larsen (2016) fylgde opp og studerte kva førestillingar som vart

fremja av eit utval lærarar. Det blir også i denne avhandlinga sett fokus på ein pågåande vestleg diskurs som definerer befolkninga i vesten som «oss», og befolkninga i mindre utvikla land som eit motståande «dei». Analysen har vist at dette motsetningsforholdet er basert på vesten sin posisjon i verdssamanhengen, som igjen har vekse fram historisk gjennom globale relasjonar.

Det har i avhandlinga blitt analysert tre lærebøker som strekkjer seg frå tidsrommet 1939 til 2008. Fortolkinga som er utført har blitt diskutert opp mot meiningsinnholdet i postkolonial teori, befolkningsteoriar og teoriar rundt utvikling. Funna viser at me har gått frå å snakke om Europa og vesten sin befolkning som eit ideal alle andre blir målt opp mot, til å heller vere medlidande til befolkninga i mindre utvikla land.

## FORORD

Læreboka er ein tekst som har fylgd barn og ungdom i meir enn 250 år. I dag lever me i eit samfunn der born har tilgang til all den informasjon og kunnskap dei måtte ynskje frå dei er relativt små. Slik har det ikkje alltid vore, og dette er ein av grunnane til at det kan vere vanskeleg for oss å forstå kva lærebøkene betydde for born som vaks opp på ei tid med få bøker. Kanskje var det slik at lærebøkene dei møtte på skulen opna opp for ei verd som var større enn den dei kjende frå lokalsamfunnet? Kva inntrykk fekk ein så av verda utan utanfor sitt eige nabolag? Dette er eit av perspektiva som inspirerte meg til å ta fatt på dette emnet. For det ein veit er at lærebøker er tekstar som fortel noko om samfunnet eleven er ein del av, og på den måten kan ei historisk framstilling av denne tekstkategorien kaste lys over mange sider av vår historie.

Denne avhandlinga er eit bidrag i prosjektet *Forestillingen om de andre*. Kva førestillingar som ligg hjå elevar og lærar angående befolkninga i det globale sør vart av Fagerslett (2015) og Larsen (2016) utforska nøye. Deira undersøkingar viste at elevar støttar seg på synet som læraren fremjar, og lærarar støttar seg igjen på lærebøker. Inspirert av Hans Rosling har eg gjennom åra på lektorutdanninga til NTNU vorte meir kritisk til noko av informasjonen som blir presentert i lærebøker. Eg har erfart at lærebøker er prega av historisk og geografisk kontekst, og ein kjem ikkje utanom maktstrukturar. Det har difor vore eit spennande prosjekt å forsøkje å avdekkje kva førestillingar som er presentert i lærebøker, og korleis dette har endra seg over tid.

Eg vil takke min vegleiar, Jørund Aasetre, for interessa og entusiasmen han har vist for prosjektet. Takk for gode samtalar, kritiske spørsmål og reflekterande dialogar. Din interesse for funna har vore motiverande og gitt meg ei kjensle av at det eg forskar på er eit kritisk og nyttig bidrag i prosjektet.

Takk til nære og kjære for støtte og motivasjon, og spesielt takk til medstudentar ved lektorutdanninga på NTNU for fem fine år!

Trondheim, mai 2018

Ingrid Rosseland Fjose



# INNHALD

<b>ABSTRACT</b> .....	<b>III</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>III</b>
<b>FORORD</b> .....	<b>V</b>
<b>FIGURLISTE</b> .....	<b>IX</b>
<b>TABELLISTE</b> .....	<b>IX</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>1</b>
1.1 VAL AV TEMA .....	2
1.2 OMGREPSAVKLARING.....	2
1.3 PROBLEMSTILLING.....	3
1.4 DISPOSISJON OG AVGRENSING .....	3
<b>2. TEORI</b> .....	<b>5</b>
2.1 BEFOLKNINGSTEORIER .....	5
2.1.1. <i>Malthus</i> .....	5
2.1.2 <i>Demografisk overgang</i> .....	6
2.1.3 <i>Kritikk til utviklingsmodellane</i> .....	8
2.1.4 <i>Esther Boserup</i> .....	8
2.1.5 <i>Hans Rosling</i> .....	9
2.2 UTVIKLINGSTEORIER .....	10
2.2.1 <i>Moderniseringsteorien</i> .....	10
2.2.2 <i>Avhengighetsteoriane</i> .....	12
2.2.3 <i>Nyliberalisme</i> .....	13
2.2.4 <i>Teorien om komparative fortrinn</i> .....	14
2.3 POSTKOLONIAL TEORI .....	15
2.3.1 <i>Eurosentrisme</i> .....	16
2.3.2 <i>Orientalisme</i> .....	17
2.4 RASEVITSKAP .....	18
2.4.1 <i>Raseantropologi</i> .....	18
2.4.2 <i>Raseteori, filosofi og historie</i> .....	19
2.4.3 <i>Nokre tankar rundt dagens rasefokus</i> .....	19
2.5 LÆREPLANAR .....	21
2.5.1 <i>Normalplan av 1939</i> .....	21
2.5.2 <i>Mønsterplan 1974</i> .....	21
2.5.3 <i>Kunnskapsløftet 2006</i> .....	22
<b>3. METODE</b> .....	<b>25</b>
3.1 TEKST SOM EMPIRI .....	25
3.1.1 <i>Tekstanalyse</i> .....	25
3.1.2 <i>Analyse av lærebøker</i> .....	26
3.1.3 <i>Idéanalyse</i> .....	27
3.2 HERMENEUTIKK .....	29
3.3 UTVAL OG UTFORMING .....	30
3.3.1 <i>Utval</i> .....	30
3.3.2 <i>Undersøkinga sin utforming</i> .....	32
3.4 VALIDITET .....	33
3.5 FORSKINGSETIKK OG SJØLVREFLEKSIVITET .....	34
<b>4. HOVUDFUNN</b> .....	<b>37</b>

4.1 HAFFNER OG KNUDSEN: <i>GEOGRAFI FOR DEN HØYRE SKOLE</i> , LÆREBOK FRÅ 1939 .....	38
4.1.1 <i>Raseperspektivet</i> : .....	38
4.1.2 <i>Eurosentrisk perspektiv</i> : .....	42
4.1.3 <i>Høg/låg utvikling</i> : .....	45
4.1.4 <i>Geografi for den høyere skole - oppsummert</i> .....	48
4.2 FIGVED, FOSSUM OG ARRESTAD: <i>SOL-SERIEN</i> , <i>GEOGRAFI 3</i> , LÆREBOK FRÅ 1976 .....	50
4.2.1 <i>Raseperspektivet</i> .....	51
4.2.2 <i>Eurosentrisk perspektiv</i> .....	53
4.2.3 <i>Høg/låg utvikling</i> .....	55
4.2.4 <i>SOL-serien - oppsummert</i> .....	56
4.3 UNDERVEIS – <i>GEOGRAFI 10</i> , LÆREBOK FRÅ 2008.....	58
4.3.1 <i>Raseperspektivet</i> .....	58
4.3.2 <i>Eurosentrisk perspektiv</i> .....	60
4.3.3 <i>Høg/låg utvikling</i> .....	62
4.3.4 <i>Vidareutvikling</i> .....	64
4.3.5 <i>Underveis geografi 10 - oppsummert</i> .....	65
<b>5. SAMANFATTING OG SAMANLIKNING AV FUNN.....</b>	<b>67</b>
5.1 SAMANLIKNING.....	67
5.2 AVSLUTTANDE DISKUSJON OG KONKLUSJON .....	69
5.3 SJØLVREFLEKSIVITET .....	73
<b>6. AVSLUTNING .....</b>	<b>77</b>
6.1 VIDARE FORSKING .....	77
<b>KJELDER.....</b>	<b>79</b>



## FIGURLISTE

FIGUR 1: MALTHUS SIN GRUNNMODELL OM FORHOLDET MELLOM BEFOLKNINGSØK OG MATPRODUKSJON (BENJAMINSEN & SVARSTAD, 2002, s. 22).....	6
FIGUR 2: DEN DEMOGRAFISKE OVERGANGSMODELLEN (GOULD, 2015, s. 71). .....	7
FIGUR 3: MALTHUS OG BOSERUP SITT FRAMTIDSSCENARIO VED VEKST I BEFOLKNINGA. MODELLEN VISER MALTHUS SINE NEGATIVE FRAMTIDSUTSIKTER I KONTRAST TIL BOSERUP SINE OPTIMISTISKE (GOULD, 2015, s. 56).....	9
FIGUR 4: DEN LINEÆRE MODELLEN TIL ROSTOW (WILLIS, 2011, s. 45).....	11
FIGUR 5: PROSESSEN FOR UTFORMING AV EI LÆREBOK, GJENGJEVE FRÅ SÆTRE (2015, s. 141).....	27
FIGUR 6: BOKOMSLAG GEOGRAFI FOR DEN HØYERE SKOLE (1939), SOL-SERIEN (1976) OG UNDERVEIS 10 (2008).....	32
FIGUR 7: ILLUSTRASJON AV OVERLAPPINGA TIL KATEGORIANE .....	37
FIGUR 8: VIDEREUTVIKLING AV MODELL HENTA FRA SÆTRE (2015, s.141) .....	71

## TABELLISTE

TABELL 1: SAMANFATNING AV RASEPERSPEKTIVET I DEI TRE RESPEKTIVE BØKENE.....	67
TABELL 2: SAMANFATNING AV DET EUROSENTRISK PERSPEKTIVET I DEI TRE RESPEKTIVE BØKENE .....	68
TABELL 3: SAMANFATNING AV HØG/LÅG UTVIKLING I DEI RESPEKTIVE BØKENE.....	69



## 1. INNLEIING

I meir enn 250 år har læreboka vore ein tekst som har fylgd barn og ungdom (Skjelbred, Askeland, Maagerø & Aamotsbakken, 2017). Det er ei bok så og sei alle personar som lever i dag anten har lest, les eller kjem til å lese. Det er difor ikkje utan grunn at læreboka si utforming og innhald er noko som interesserer mange og som gir grobotn for debatt. Ta for eksempel den kjende tv- og radioverten, Harald Eia, sin utblåsing over dottera si KRLE-bok under underhaldningsprogrammet 'Mandagsklubben' 17.april 2017. Under programmet viser han til utdrag frå boka og er rasande over måten det er skrive på. «Eg forstår ingenting» ropar han ut mot publikum og dei andre paneldeltakarane, og er tydeleg frustrert over språket til denne læreboka. Også Frp-politikar Sylvi Listhaug gjekk hardt ut i media og hevda i eit debattinnlegg i Dagbladet 22. april 2010, at samfunnsfagboka *Kosmos* var gjennomsyra av venstreradikalt tankegods (Skjelbred et al., 2017). Listhaug gjekk langt og kalla nokre av framstillingane for 'vranglære', og ho er ikkje den einaste med sterke meiningar rundt lærebøker.

Når ein studerer lærebøker er det difor viktig å sjå på kva som blir sagt og måten det blir sagt på. Ei lærebok formidlar eit stoff frå nokon som veit meir til nokon som veit mindre, og den inngår dermed i ein asymmetrisk kommunikasjonssituasjon (Skjelbred et al., 2017). Denne asymmetriske kommunikasjonssituasjonen finn ein også mellom lærar og elev. Som lærar har ein mykje makt, og måten ein formidlar eit tema på kan i mange tilfelle leggje grunnlaget for korleis elevane oppfattar det nemnde temaet. Ein veit også at det er svært mange lærarar som støttar seg fullt og heilt på lærebøker. Ein undersøking frå 2002 viser at læreboka er det mest dominerande hjelpemiddelet innan geografiundervisning på skulen (Sætre, 2015). På denne måten må ein kunne sei at det som står i lærebøkene har betydning for korleis elevar opplever samfunnet rundt seg, og har hatt denne påverknadskrafta i mange år.

Elevar si innsikt og oppfatning av livssituasjonar som skil seg frå deira egne blir påverka av samfunnet rundt. Som både Ragnhild Fagerslett (2015) og Joakim Larsen (2016) sine avhandlingar viste, har både elevar og lærarar ein tendens til å ha pessimistiske, eller malthusianske førestillingar om befolkninga i utviklingsland. Deira undersøkingar fant stad i 2015 og 2016, og vitnar om at dette er førestillingar som ligg i samfunnet den dag i dag. I denne oppgåva er det lærebøker som er innfallsvinkelen, og det er forsøkt å avdekkje korleis slike førestillingar har endra seg over tid.

## 1.1 Val av tema

I sine masteravhandlingar skreiv tidlegare lektorstudentar i geografi, Ragnhild Fagerslett og Joakim Larsen, om «Forestillingen om de andre». Dette er eit prosjekt satt i gang av professor Jørund Aasetre ved NTNU, der målet er å avdekkje førestillingar om u-landsbefolkninga innan skuleverket.

Som kommande lektor innan geografi har eg ei stor interesse for geografiundervisninga. Eg har gjennom praksisopphald under utdanninga fått undervist i samfunnsgeografiske tema, og då har det spesielt blitt fokusert på demografi og utvikling. Dette er sentrale tema innan den samfunnsgeografiske delen av undervisninga, og fokuset på dei store skilnadane i verda har vorte større med åra (Andersen, 2015). Som framtidig lærar tykkjer eg det er interessant å sjå korleis lærebøker har lagt, og framleis legg grunnlag for undervisning i skulen. Fagerslett (2015) konkluderte i sin masteravhandling *Forestillingen om de andre* med at læraren har stor betydning for dei oppfatningane som elevane sit att med etter undervisning om befolkning og utvikling. Mange lærarar er igjen svært bundne til læreboka i undervisninga si, og difor er det interessant å sjå på korleis lærebøker på grunnskulenivået har framstilt u-landsbefolkninga over tid.

Opggåva vil sjå nærmare på kva førestillingar som har blitt presentert i læreboka *Geografi for den høyere skole* frå 1939, *SOL-serien Geografi 3* frå 1976 og *Underveis Geografi 10* frå 2008. Med å ta dåtidens samfunnskontekst med i tolkinga, har det blitt avdekt korleis ei førestilling om u-landsbefolkninga er prega av den samfunnssituasjonen som råda på den gitte tida, og endringar over tid blir sentralt. Ved å ta for meg desse særskilde lærebøkene har eg oppnådd innsikt i korleis tema som demografi og utvikling har blitt presentert, og igjen forska på korleis dette kan ha lagt grunnlag for undervisning og ein førestilling om *dei andre* i dei gitte tidsromma.

## 1.2 Omgrepsavklaring

Opggåva har fått namnet «Frå primitive samlarar til dyktige naturfolk. Ei analyse av førestillingar om dei andre i lærebøker», og er ein del av det vidare arbeidet i prosjektet «Forestillingen om de andre». Fagerslett (2015) viser i sin masteravhandling til korleis omgrepet «dei andre» refererer til ein pågåande diskurs rundt vestleg kultur. Med hjelp av media har det blitt danna eit kollektivt *oss* i vesten, og eit motståande *dei*, som omhandlar befolkninga i mindre utvikla land, også kalla *det globale sør*.

I denne oppgåva blir funna frå dei tre lærebøkene strukturert etter utvalde kategoriar, og vidare blir det belyst nokre hovudmønster som har skilt seg ut. *Raseperspektiv, eurosentriske*

*tilnærmingar* og eit motsetningsforhold mellom *høg og låg kultur og -utvikling* er tendensar som går igjen gjennom dei tre bøkene, og som derav gir grobotn for diskusjon og samanlikning.

### 1.3 Problemstilling

- Korleis blir «dei andre» framstilt i læreboka til Haffner og Knudsen frå 1939, *SOL-serien* frå 1976 og *Underveis 10* frå 2008?
- Korleis har denne framstillinga endra seg over tid?

### 1.4 Disposisjon og avgrensing

Oppbygginga av oppgåva er relativt tradisjonell ved at det teoretiske grunnlaget blir presentert fyrst. I denne delen vil eg introdusere befolkningsteoriar med hovudvekt på Malthus, den demografiske overgangsmodellen, Boserup og Hans Rosling. Befolkningsteoriane representerer ulike oppfatningar om befolkningsvekst og utvikling, der Malthus og Rosling står i kvar sin ende av skalaen. Vidare blir nokre av utviklingsteoriane som råda i Verda siste halvdel av 1900-talet bli introdusert. Både befolkningsteoriar og utviklingsteoriar vart tatt opp i Fagerslett (2015) og Larsen (2016) sine avhandlingar, og mi utgreiing vil ha element som samanfattar med deira oppgåver for å gjere samanlikninga av oppgåvene i prosjektet lettare.

Teoridelen vil så bevege seg vidare over på Postkolonial teori, der eurosentrisme og orientalisme er sentralt. Rasevitskap vert også kort introdusert med fokus på antropologi og filosofien sin rolle i raseteoriane. Dette er alle aspekt som gir ein god grobotn for diskusjon seinare i oppgåva. Teoridelen vert avslutta med ein kort presentasjon av dei samfunnsgeografiske elementa i læreplanane som råda då dei respektive bøkene vart gitt ut.

Det er ein pågåande debatt og diskurs om vesten sine haldningar og førestillingar om *dei andre*. Denne vestlege diskursen har det blitt forsøkt å avdekkje i lærebøkene frå 1939, 1976 og 2008. Analysen som er utført for å avdekkje diskursen har vore inspirert av Foucault sin diskursanalyse, men ber også preg av å ha fortolking som hovudinnfallsvinkel. Det er altså inga rein diskursanalyse, meir eit forsøk på å kombinere innfallsvinklar frå fleire typar tekstanalyse for å få best mogleg resultat. Det vil i metoddelen difor bli presentert teori rundt analyse av lærebøker, idéanalyse, hermeneutikk er sentralt, det same er maktrelasjonar og sjølvrefleksivitet.

Ein integrert del av det å gjere seg kjent med teksten er å utføre bakgrunnsforskning slik at ein kan avdekkje og plassere teksten innan ein historisk og geografisk kontekst. Ein må gjere seg

kjent med forfatterskapet, teknologien og det tenkte publikummet. Desse sosiale dimensjonane av materiale er utgangspunktet for ein kritisk fortolking fordi diskursar opererer som ein prosess, og set dermed grenser ikkje berre for det som kan bli sagt om verda, men også for kven som kan snakke med autoritet om den (Waite, 2016). Hensikta er med andre ord å sjå på korleis tekst og kontekst skapar mening gjennom språkbruken sin sosiale, historiske, kulturelle og politiske samanheng.

Frå metodedelen går eg over til kapittel om hovudfunn. Her vil interessante aspekt frå bøkene bli diskutert opp mot meiningsinnhaldet i teoriane trekt fram i teoridelen. Her har eg vald å fortløpande dra inn teori som gir grobottn for diskusjon rundt dei utvalde funna. Vidare blir det ein samanfatta diskusjon der problemstillingane legg grunnlaget for utgreiinga. Den endringa lærebøker har gått gjennom blir skissert opp, og hovudfokuset ligg på førestillingar om «dei andre».

## 2. TEORI

Empirien blir analytisk kategorisert og analysert ut frå meiningsinnhaldet i dei fylgjande teoriane. Meiningsinnhaldet i desse teoriane utgjer med andre ord oppgåva sitt teoretiske grunnlag. Både befolkning- og utviklingsteoriar blir presentert, før ein går vidare på postkolonial teori og raseteori. Då dette er ei analyse og samanlikning av tre lærebøker vil også læreplanane som råda på dei aktuelle tidspunkta bli trekt fram.

### 2.1 BEFOLKNINGSTEORAR


Demografi er det vitskaplege namnet på befolkningslære, og handlar om befolkninga sin størrelse, alders-, kjønns- og geografiske fordeling. Innan demografien ser ein på samspelet mellom fruktbarheit, dødelegheit og migrasjon. Den naturlege tilveksten er reknestykket mellom kor mange som blir født, og kor mange som dør innan eit land. Menneska har alltid flytta på seg, og opp gjennom befolkningshistoria har ein alltid måtte ta omsyn til innflytting og utflytting for å få befolkningstala korrekte (Solerød & Tønnessen, 2018).

Befolkningslære har fått stadig større fokus i skulefaget geografi (Andersen, 2015). Dreinga har gått frå ein regionalgeografi med fokus på land, verdsdelar, elver, innsjøar, fjell og ressursar, til å bli ein meir systematisk geografi med fokus på befolkningsgeografi, økonomisk geografi, urbanisering, miljø- og ressursproblem (Andersen, 2015; Holt-Jensen, 2007). Då ein på 1960- og 70-tallet byrja å sjå konsekvensane av ein stadig kraftigare befolkningsvekst, vart tankane til Thomas Robert Malthus (1766-1834) stadig meir aktuelle.

#### 2.1.1. Malthus

Gjennom kompetansemåla i samfunnsfag for 8.-10.trinn tek undervisninga for seg befolkningsvekst og utvikling, og elevane skal lære og sjå at det er sterke samanhengar mellom desse tema. For å kaste lys på debatten vert det fokusert på teoriar om befolkning. Ein av dei mest brukte befolkningsteoriane er Malthus sin teori om korleis samfunnsutvikling og økonomi påverkar befolkningsvekst (Gould, 2015). Teorien vert kalla *Malthusianismen*, og med denne befolkningslova hevda Malthus at menneska har ein formeiringsevne som langt på veg overstig naturgrunnlaget sitt potensiale. Dette argumenterte han for med å vise til at tilgangen på mat veks aritmetisk, medan befolkningsveksten er eksponentiell (Figur 1). Reknestykket går dermed ikkje opp, og som ein fylgje av dette vil det aukande folketalet presse næringsgrunnlaget, og folketalet vil bli halde nede med høge dødstal som ein konsekvens av underernæring, epidemiar og krig (Benjaminsen, 2002; Gould, 2015).

Dette er ein pessimistisk teori som tok form før dei store teknologiske nyvinningane tok til på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Teoriane til Malthus vart heftig debattert på tida han levde på og møtte motstand av radikale tenkarar seinare på 1800-talet. Befolkningslova har likevel vorte ståande som ein av dei mest brukte teoriane på befolkningsutvikling, og då verda opplevde ein sterk befolkningsvekst etter andre verdskrig fekk tankane til Malthus igjen grobotn. Nymalthusianismen vart av vitskapsfolk på 1960-talet brukt til å både forklare fattigdom med overbefolkning, samt nytta til å sjå på befolkningsvekst som eit hinder for utvikling (Benjaminsen, 2002). Kanskje det viktigaste bidraget til den nymalthusianske forståinga av befolkningsutvikling var boka *The Limits to Growth*, gitt ut av Dennis Meadow m. fl. i 1972 (Solerød, 2003). Ei gruppe synlege forskarar ved MIT kalla seg sjølv for Romaklubben, og satte seg det optimistiske målet å lage ein modell av menneska sine moglegheiter på jorda. Boka møtte både stor oppslutning og stor mostand, men vart for dei fleste ein stor vekkjar. Ein fekk gjennom denne boka betre innsikt og erkjenning av at uavgrensa vekst ikkje kan skje på avgrensa jord. Ein slik erkjenning seier Solerød (2003, s. 37) «..er triviell og lite kontroversiell, men likevel pedagogisk viktig: det *er* grenser for vekst.»




Figur 1: Malthus sin grunnmodell om forholdet mellom befolkningsauke og matproduksjon (Benjaminsen & Svarstad, 2002, s. 22).

### 2.1.2 Demografisk overgang

Problemstillingar rundt befolkning er eit svært viktig felt innan samfunnsgeografien. Størrelsen, veksten, samansetjinga, distribusjonen og flyttinga av menneska påverkar alt anna me studerer, anten om det er kulturelle og/eller politiske mønster, eller økonomisk- og/eller sosial utvikling



(Lu & Keller, 2016). Utover 1900-talet vart det gjort fleire forsøk på å forstå og lage modellar som viser korleis befolkninga endrar seg i takt med utviklinga. Den demografiske overgangsmodellen (Figur 2) er den mest kjende av desse (Gould, 2015). Den demografiske overgangsmodellen vart først presentert av Warren Thompson (1887-1973) i 1920-åra, før den var drøfta meir systematisk av demografen Frank Notestein (1902-1983) på midten av 40-talet (Solerød, 2003). Modellen er basert på den vestlege verda si utvikling, og skal vise dei mange aspekta rundt demografisk utvikling. Gjennom å samanlikne fertilitet og mortalitet over tid skal ein kunne førestille seg korleis framtida sin befolkningsstruktur kan kome til å sjå ut. Gitt at modellen er basert på empiriske data frå den vestlege verda, er den ikkje nødvendigvis generaliserbar. Den forklarar ikkje når, kor fort, eller kvifor andre land vil kunne oppleve denne utviklinga, men er likevel nyttig å bruke som eit mogleg estimat på korleis andre verdsdelar vil kunne utviklast frå før-industrielle samfunn med høg fertilitet og mortalitet, til dagens utvikla land kor dei to faktorane har stabilisert seg på eit lågt nivå (Gould, 2015).



Figur 2: Den demografiske overgangsmodellen (Gould, 2015, s. 71).

I motsetning til Malthus sitt noko pessimistiske bilete av populasjonsvekst, viser den demografiske overgangsmodellen at befolkninga kan kunne avtaka eller stabilisere seg etter kvart som modernisering og industrialisering blir nådd. Ein kan difor sjå på den som ein moderniseringsmodell snarare enn ein utviklingsmodell (Gould, 2015). Uansett namn har modellen hausta mykje kritikk for å fokusere for mykje på suksessoppskrifta til vesten når ein skal førestille seg u-landa sin utvikling, og på denne måten bidra til polariseringa mellom vesten og «dei andre» (Robbins, 2012).

### 2.1.3 Kritikk til utviklingsmodellane


Politisk økologi er eit relativt nytt universitetsfag og forskingstilnærming, men fagfeltet er eit resultat av ein rekke teoretiske påverknader som går langt tilbake i tid (Benjaminsen & Svarstad, 2017). Malthus sine studie av befolkningsutvikling, og denne utviklinga sin påverknad på miljøet og ressursar, er ein av teoriane som har hatt innverknad på fagfeltet. Då Malthus presenterte teoriane sine fekk dei stor oppslutning i mange miljø, men i ettertid har det oppstått diskusjonar rundt om Malthus sine teoriar, som vart framstilte som vitenskaplege og apolitiske, kan ha blitt utnytta politisk (Robbins, 2012). Dette blir grunngeve med å vise til at teoriane vart utvikla i ei tid med koloniseringar og vestlege oppdagingar over store delar av verda. Robbins (2012) viser også til historia og korleis vestleg kultur fekk stor påverknad på andre verdsdelar i denne perioden, og kritikarar meiner at Malthus sine teoriar kan ha blitt brukt til å legitimere nettopp denne vestlege innflytinga. «Dei andre» måtte gå gjennom same utvikling som vestlege land for å unngå ‘dommedagssenarioet’ som Malthus hadde forutsett. Sidan vesten allereie hadde oppnådd velstand burde andre land fylgje same ‘suksessoppskrifta’. Dette er ein tanke ein finn att i *moderniseringsteorien* som vil bli skissert i kapittel 2.2.1.

Denne tanken om utvikling spegla også samtida sitt darwinistiske tankesett (Robbins, 2012). Med grunnidéen om at kulturar blir utvikla evolusjonært, kunne ein med bakgrunn i Malthus sine tankar, samt den demografiske overgangsmodellen, sei at vesten låg lengre framme i evolusjonen enn dei andre, mindre kultiverte verdsdelane. Dette skapa debatt, og som fylgje av blant anna dette har det vore store diskusjonar rundt kva som er politisk og apolitisk vitenskap, samt kva makt vitenskapen har (Robbins, 2012). Nye diskursar rundt objektivitet og vitenskapleg sanning stod difor sentralt utover siste halvdel av 1900-talet, noko som vert spegla i blant anna lærebøker.

### 2.1.4 Esther Boserup

FN gjennomførte sin fyrste store befolkningskonferanse i Bucuresti i 1974 (Solerød, 2003). Tala som då vart presenterte stod fram som dramatiske, og mange var på denne tida kritiske til samtidas befolkningsvekst, samt prognosane som tydde på at dei framtidige folketala ville føre til svoltkatastrofar og jorda sin undergang. Alle var likevel ikkje einige. Esther Boserup (1910-1999) var ein dansk landbruksøkonom som hevda at befolkningsvekst kan auke ressursgrunnlaget og føre til berekraftig intensivering av jordbruksproduksjonen (Benjaminsen & Svarstad, 2017). Der Malthus meina at befolkningsveksten ville føre til ressursknappheit, argumenterte Boserup med at denne knappheita ville tvinge fram nye løysingar som kunne auke bereevna. Boserup representerte dermed ein dynamisk forståing av bereevna, der Malthus kan

seiest å representere ein statisk forståing (figur 3) (Gould, 2015). Esther Boserup jobba i felten, og utførte fleire casestudie der ho såg og studerte menneska si evne til tilpassing. Ho såg på menneska som ein ressurs, dess fleire folk, dess fleire smarte hovud til å kome opp med løysingar. «Nød lærer naken kvinne å spinne» er eit av hennar kjende sitat, og representerer hennar framtidsoptimisme og trua på mennesket. Mykje av arbeidet til Boserup baserte seg på *Den grønne revolusjon*, ein revolusjon innan jordbruksteknologi som førte til ein betydeleg auke i jordbruksproduksjonen, der kapasiteten for denne produksjonen blei sett på som ein funksjon av befolkningstalet (Gould, 2015).



Figur 3: Malthus og Boserup sitt framtidssenario ved vekst i befolkninga. Modellen viser Malthus sine negative framtidssikter i kontrast til Boserup sine optimistiske (Gould, 2015, s. 56).

### 2.1.5 Hans Rosling

Ein nyare professor som dei siste tiåra har hatt ei tydeleg stemme innan befolkning- og utviklingsdebatten er den svenske samfunnsmedisinaren Hans Rosling (1948-2017). Han gjorde seg kjent gjennom dokumentarar, engasjerande føredrag og statistiske framstillingar om verda sin befolkningsutvikling. Han fokuserte på global helse i utviklingsland, økonomi og miljø – og forsøkte å nyansere det utdaterte malthusianske synet på befolkning som mange framleis har (Alexander & Carter, 2017). Gjennom prosjektet Gapminder, som er ei nettside med videoar, undervisningsopplegg og grafiske framstillingar av statistiske fakta, jobba han med å presentere fakta rundt befolkningsutvikling som ikkje alltid vart presentert elles. Han kan

dermed seiast å vere nær ein direkte motsetning til Malthus sitt negative syn på befolkningsvekst.

Eit av Rosling sitt mest kjende arbeid er dokumentaren frå 2013; *Dont Panic – the facts about population*. I denne dokumentaren tek han for seg demografihistorie og statistikk for å forklare kvifor det er vanskeleg å sei noko om korleis den framtidige befolkningsveksten vil kome til å sjå ut (Rosling, 2013). Dei estimata som vert lagt fram i dag er baserte på erfaringar frå ei tid då utvikling og industrialisering gjekk mykje langsamare. Kontekstuelle faktorar som informasjonsflyt, globalisering, familieplanlegging og prevensjonsmiddel, har ført til at mange utviklingsland berre har brukt nokre tiår på den same utviklinga som vesten har brukt over 100 år på å gå gjennom. Rosling (2013) kalla dette for eit demografisk mirakel og viser i filmen blant anna mykje til Bangladesh, som på tretti år har gått frå ein total fødselsrate på nærare 7 i 1980 til 2,2 i 2012. Med å vise til slike positive endringar som har tatt plass i historia sidan 1980-/90-talet, forsøkte Rosling å opplyse verda om kva som faktisk har skjedd, og skjer, med befolkningsveksten. Desse endringane meinte han at kom i skuggen av medias einsidige framstilling av verda, og dette ynskte han å gjera noko med (Rosling, 2013).

## 2.2 UTVIKLINGSTEORiar


Skal ein ta utgangspunkt i Rosling sine ytringar kan ein gjerne definere utvikling som ein forbetring av, og framgang i, samfunnet. Tidlegare har utvikling generelt vore synonymt med økonomisk vekst, industrialisering og modernisering (Willis, 2011). FN hevdar derimot at utvikling også omfattar heile samfunnet, og har som mål å skape økonomiske, sosiale og politiske forbetringar slik at alle menneske kan leve eit verdig liv (FN, 2018). Forståinga av omgrepet *utvikling* har endra seg gjennom historia, og kan sjåast i lys av fleire ulike perspektiv. Nokre av perspektiva på utvikling vil bli presentert i dette kapitlet.

### 2.2.1 Moderniseringsteorien

Moderniseringsteorien har vore sentral i diskusjonane rundt utvikling og underutvikling sidan 1950- og 60-talet, og blir karakterisert som ei skildring og ein forklaring på utviklingsprosessen frå eit tradisjonelt og underutvikla samfunn, til eit moderne samfunn. Teorien tek utgangspunkt i at endringane skal kome gjennom økonomisk vekst, samt som endringar i sosiale, politiske og kulturelle strukturar innan ein kapitalistisk kontekst (Binns, 2014). I eit historisk perspektiv inneber altså modernisering ein endringsprosess mot det sosiale, økonomiske og politiske systemet som har blitt utvikla i Vest-Europa og Nord-Amerika mellom 1600- og 1800-talet.

Pre-moderne samfunn skal bli moderniserte og vestleggjort ved å fylgje den vellukka modellen frå Europa og oppnå økonomisk vekst (Greig, Hulme & Turner, 2007).

I 1960 publiserte den amerikanske økonomen Walt Rostow *The Stages of Economic growth: A Non-Communist Manifesto* (Binns, 2014). I boka blir den lineære modellen til Rostow presentert (figur 4) , og gjennom den viser han til fem steg som illustrerer utviklinga frå det tradisjonsbundne samfunnet til masseforbrukets epoke. Rostow meinte at kvar og eitt land må gjennom desse fem fasane for å oppleve økonomisk vekst og kapitaldanning (Binns, 2014; Willis, 2011). Andre viktige føresetnader for at eit samfunn skal kome seg ut av stagnasjon var ifylgje Rostow ein politisk omvelting, ein teknologisk nyvinning eller ein fordelaktig endring i dei eksisterande økonomiske føresetnadane (Rostow, 1960). Hans modell er hovudsakleg basert på den Europeisk-Amerikanske erfaringa, og er den moderniseringsteorien med størst oppslutning som vaks fram tidleg på 1960-talet (Binns, 2014).



Figur 4: Den lineære modellen til Rostow (Willis, 2011, s. 45).

Under moderniseringsteorien som råda på 1950-og 1960-talet presenterte også Arthur Lewis ein modell, kalla *den dualistiske samfunnsmodellen*. Lewis og hans dualistiske samfunnsmodell såg på utvikling som noko som kunne knytast til statleg inngripen og «Foreign Direct Investment» (FDI). Ved å flytte seg frå ein tradisjonell sektor prega av stagnerande sjølvforsyningsøkonomi over til ein moderne sektor prega av høgare produktivitet og ein marknadsøkonomi i vekst, ville ein oppleve utvikling. På den tida var det høge fattigdomsrater, og eit aktuelt spørsmål var korleis landa skulle ha råd til slike investeringar. Lewis sitt svar på

dette var investeringar frå utlandet. Dette har blitt kalla «industrialization by invitation», og inneber ein oppmuntring frå regjeringa om at utanlandske selskap bør investere kapital i den industrielle utviklinga i dei aktuelle landa (Willis, 2011). Det kan ut frå dette seiast at ein motivasjonsfaktor frå nasjonane si side var på denne tida eit ønske om utvikling i form av økonomisk vekst.

### 2.2.2 Avhengighetsteoriane

Synet på utvikling har, som Desai og Potter (2014) viser i boka *The Companion to Development Studies*, endra seg opp gjennom tidene. Teoriane som har vekse fram har ofte oppstått som reaksjonar på eksisterande teoriar, og som ein reaksjon på moderniseringsteorien vart avhengighetsteoriane utvikla. Hovudpoenget innan avhengighetsteoriane er forståinga av eit avhengighetsforhold mellom periferi og sentrum, som av fleire har blitt kalla «utvikling av underutvikling» (Conway & Heynen, 2014). I perioden mellom 1965 og 1975 var teoriar om avhengighet forbunde med ulikskap og utbytting mellom rike og fattige land på veg opp og fram (Willis, 2011). Det er fyrst og fremst strukturalistane sitt argument om at nasjonale økonomiar ikkje kan analyserast isolert som ligg til grunn for avhengighetsteoriane. Dei nasjonale økonomiane er ei brikke i eit større kapitalistisk verdssystem. Som følgje av dette såg ein at dei vestlege industrialiserte landa, som utgjer sentrum i dette verdssystemet, er bundne saman i eit avhengighetsforhold til dei tidlegare koloniserte regionane, også kalla periferien. Eit slik avhengighetsforhold bidrog til utvikling av underutvikling i periferien. Denne underutviklinga vart sett på som ein nødvendig føresetnad for utviklinga i kapitalismen sitt sentrum, og dette var igjen tufta på eit usymmetrisk forhold (Conway & Heynen, 2014; Willis, 2011).

«*Dependency theory... is a way of understanding historically, embedded, political-economic relations of peripheral capitalist countries, especially Latin American countries, within the broader context of the global economy*» (Conway & Heynen, 2014, s. 111). Raúl Prebisch og andre strukturalistar underbygde avhengighetsteorien med å vise til Latin-Amerika. Gjennom The United Nations Economic Commission for Latin America (ECLA) vart det hevda at det var nødvendig med store strukturelle endringar for å betre den økonomiske situasjonen i nettopp Latin-Amerika. Det vart føreslått fleire strategiar for å forbetre situasjonen i periferien, ein av dei var *Import-substitution industrialization* (ISI). Desse strukturelle endringane innebar ein innføring av importrestriksjonar og tollmurar for å beskytte eigen industri innad i landa, dette fordi at innanlandsindustri under utvikling ikkje var i stand til å konkurrere på prisnivået med

varer frå utlandet. Denne strategien vart blant anna praktisert i Latin-Amerika. Samstundes som desse strukturelle endringane førte med seg positive verknader, skapte dei også nye, problematiske former for avhengigheit. Dette var fyrst og fremst knytta til multinasjonale- og transnasjonale selskap sin makt og autoritet over teknologioverføring og kapitalinvestering (Conway & Heynen, 2014).

Ein leiande teoretikar, Andre Gunder Frank, hevda i likskap med Marx og marxismen at det ikkje var mogleg for dei perifere landa å utvikle seg innanfor den kapitalistiske verdsøkonomien (Conway & Heynen, 2014; Willis, 2011). Dei brukte argumenta som at institusjonar som Verdsbanken, World Trade Organization (WTO) og Det internasjonale Pengefondet (IMF) hovudsakleg tenar vestlege interesser då dei fremjar fri handel, og dermed er det Vesten som legg premisa for utvikling. Ein nødvendig føresetnad for utvikling var difor å bryte forbindinga med det kapitalistiske systemet og basere utviklinga på sjølvhjelp (Conway & Heynen, 2014).

### 2.2.3 Nyliberalisme

Ein fellesnemnar mellom moderniseringsteorien og avhengighetsteoriane er høg statleg styring. Det var nettopp denne statlege reguleringa nyliberalistisk teori kom som ein motpart til. Nyliberalistane argumenterte for fri handel og eit samfunn organisert med marknadsøkonomiske prinsipp som utgangspunkt. Denne teorien representerte forsyning og fri handel-løysingar som ville føre til nye nivå for velstand, og argumenterte for at dette igjen ville gjenopplive økonomien på nasjonale nivå. Mindre statlege reguleringar ville opne opp for fleire, og utviklinga ville kome som ein reaksjon på dette (Conway, 2014).

Katie Willis (2011) trekkjer fram teoretikarane Deepak Lal (1983) og Bela Balassa (1971, 1981) medan ho forsøker å skildre framveksten av nyliberalismen. Lal og Balassa hevda at den breie involveringa til staten innan økonomien leia til ineffektive og låge vekstkurver. I fylgje dei ville økonomisk vekst inntreffe dersom marknaden fekk styre seg sjølv. «The invisible hand of the market» er eit omgrep økonomen Adam Smith (1776) la grunnlaget for, og som i tida etter vart fylgd opp av nye teoretikarar innan verdsøkonomien. Hovudtermen i tankane var at gjennom å redusere statlege føringar og la marknaden sjølv setje prisar og lønn, ville ein sjå ein økonomisk vekst, som igjen ville føre til betre grunnlag og levekår for mannen i gata (Sapsford, 2014). Nyliberalistane meinte at den frie marknaden ville sikre den mest effektive utnyttinga av ressursar samt optimalisere vekstratane med ein tilhøyrande vekst i sosiale vilkår (Willis, 2011).

Det oppstod med andre ord eit skifte i korleis ein valde å sjå på utvikling. John Toye (1993) kalla denne endringa for ein *kontrarevolusjon*. I boka *Dilemmas of Development* (1993)

summerer han opp dei tre viktigaste politiske tilnærmingane denne kontrarevolusjonen ville utfordre; overforbruk av den offentlege sektor, det store fokuset på investeringar i fysisk kapital heller enn menneskeleg kapital, samt den store kontrolleringa av økonomi i form av tariff, subsidier og kvoter – som igjen påverkar prisane. Toyne (1993) hevda dette var faktorar som konsentrerte seg om økonomisk vekst innan eit land, og som nyliberalistane i si tid forsøkte å endre. Nyliberalismen har sidan måtte konkurrere med alternative utviklingsteoriar som aktivt fremjar meir deltaking på alle plan.

#### 2.2.4 Teorien om komparative fortrinn

Innan den klassiske tilnærminga til økonomi finn ein David Ricardo (1772-1823) (Sapsford, 2014). I eit av dei mest kjende verka hans, *Law of Comparative advantage* (1817), skildrar han korleis ein på bakgrunn av absolutte fortrinn vil auke økonomisk velstand dersom ein spesialiserer produksjonen på det produktet ein har komparativt fortrinn på. Sapsford (2014) forklarar korleis konseptet med komparative fortrinn i hovudtrekk legg vekt på komparativ effektivitet, samt Ricardo si lov angående vedkjenning rundt det faktum at skilnadar i relative prisar på varer mellom to land opnar opp for moglegheita til ein gjensidig fordelaktig handel.

Ricardo argumenterte vidare for ein global arbeidsdeling (Willis, 2011). Han meinte det ville vera meir fornuftig av land å spesialisere seg på denne måten, heller enn å prøve å produsere alt. For gjennom spesialisering ville produksjonen kunne bli meir effektiv, det ville vera større kapasitet for vekst, samstundes som knappe ressursar kunne bli brukt meir effektivt (Willis, 2011).

Under delkapittelet om avhengighetsteoriane vart Raúl Prebisch nemnd. I lag med brasilianske Paul Singer såg han på korleis teorien om komparative fortrinn fungerte og hadde fungert i praksis. Hypotesa til Prebisch og Singer er blitt brukt som eit understøttande argument til utviklingsteoriane som kretsa rundt importsubsidiert industrialisering heller enn utval fremja av eksport (Sapsford, 2014). Med utgangspunkt i den hypotesen vart det studert korleis dei komparative fortrinna fungerte i praksis. Sapsford (2014) viser til korleis resultata må diskuterast då det faktiske bytforholdet såg ut til å ha minska, i alle fall innan det avgrensa området til Ricardo sine analyser. Bytforholda hadde minka, og det til fordel for dei industrialiserte landa som i hovudsak fremja produksjon og sekundærnæringsane. Produksjonsforholda har sikra dei rike, industrialiserte landa størsteparten av gevinsten frå handelen, og landa som står for råvareressursane og primærnæringsane har kun fått ein liten del av utbyttet (Sapsford, 2014). Det er desse landa som utgjør den tredje verda og som konsekvens av dette ikkje klarar å lausrive seg og stå for eige utvikling.



## 2.3 POSTKOLONIAL TEORI

Postkolonial teori kan bli forstått som ein reaksjon på det som tidlegare var den dominerande måten å skrive om kolonialisme på; frå dei koloniserande sitt perspektiv. Hjelde (2006) viser i sin mastergradavhandling at dei postkoloniale teoretikarane er langt frå ei felles eining, men dei står samla rundt kritikken av kolonialismen og konsekvensane den har utøvd – sett frå perspektivet til tidlegare koloniserte land.

Omgrepet «postkolonial» har med åra fått ein anna betydning enn det først var tileigna. Etter andre verdskrig blei omgrepet brukt av historikarar om perioden etter at dei tidlegare koloniserte landa vart uavhengige. Frå slutten av 1970-talet tok litteraturkritikarane termen i bruk for å diskutere dei ulike kulturelle effektane av kolonialismen (Ashcroft, Griffiths & Tiffin, 1998). Dette er eit fokus og ein innfallsvinkel som pregar feltet også i dag. Gjennom å fokusere på dei kulturelle effektane av kolonialisme, ynskjer dei postkoloniale teoretikarane å vise at kolonialisme handlar om meir enn okkupasjon av landområde, det inneber også ein «colonization of mind» (Gandhi, 1998; Hjelde, 2006).

I sin masteravhandling, *Eurosentrisme i sosiologien*, framhevar Hjelde (2006) at postkolonial teori fokuserer på verknader og etterverknader av den formelle koloniseringa. Men vel så sentralt står forståinga av at dagens globale maktbalanse også vert prega av kolonialisme, om enn med andre midlar. Mange kallar dagens globale, økonomiske politikk nettopp for nykolonialisme, og vektlegg i dette perspektivet blant anna vår tids utviklingshjelp frå nord til sør som ein vidareføring av kolonialistiske avhengighetsforhold.

Også den amerikanske feministen og filosofen Sandra Harding (1998) har hatt sine utgreingar om postkolonial teori. Ho skildrar denne teorien som eit mangfaldig felt med sprikande og ofte motsetningsfullt fokus, som har sin grobotn i ulike historiske erfaringar av kolonialisme. I eit kolonialt maktforhold er det dei som dominerer som er dei privilegerte. Det er difor eit mål innan postkolonial teori å gi ei stemme til dei *dominerte* gruppene i dette maktforholdet, dette kan vere seg innvandrarbefolkning i vestlege land, samt innbyggjarar i dagens tidlegare koloniserte land. Ein skal med andre ord forsøkje og sjå verda frå meir marginaliserte grupper sitt perspektiv (Hjelde, 2006).

Ida Hjelde har si sin mastergradavhandling spegla postkolonial teori i norsk sosiologi. Ho trekkjer fram «..at kolonialismen har hatt og har kulturelle så vel som materielle konsekvenser både for de koloniserte og de koloniserende landene» (Hjelde, 2006, s. 14). Vidare blir det lagt vekt på at postkolonial teori er dominert av to samanvevde fokus; det fyrste er retta mot å

identifisere og skildre kolonialismen sine effektar; det andre forsøker å utfordre desse effektane gjennom ulike forsøk på *dekolonisering* ved å skape og fremje alternativ til dei kulturelle og sosiale uttrykka som spring ut av det koloniale maktforholdet. Slike koloniale maktforhold, både historiske og dagsaktuelle, har satt sine spor i vestleg kultur, og ein kan bruke postkoloniale perspektiv som innfallsvinkel til å sjå på kulturelle effektar av koloniseringa i vesten, hjå «oss» (Hjelde, 2006). For å forstå korleis ein gjennom historia har skapa og skildra ein førestilling om «dei andre», må ein også vedkjenne at kolonialismen har påverka, og påverkar, «oss» og våre liv og samfunn.

### 2.3.1 Eurosentrisme

Koplinga mellom eurosentrisme og reelle, globale maktstrukturar står sentralt i postkolonial teori. I fylgje dette synet har eurosentrismen vekse fram historisk som side-ideologi til kolonialismen, og spelar i dag ein tilsvarande rolle som forsvar for dei globale skilnadane i vår tid (Amin, 1992). Eurosentrisme handlar om at ein definerer Europa som navlen til verda, og det vestlege som norm. Den egyptiske samfunnsøkonomen Samir Amin argumenterer i boka *Eurosentrisme* (1992) for at Europa og vesten sin posisjon i verdssamanhengen har vekse fram historisk gjennom globale relasjonar. Denne *posisjonen*, og dei maktstrukturane den går inn i, blir legitimert gjennom eurosentrismen, og er også utgangspunktet for alle ulike uttrykk for eurosentrisme (Amin, 1992). Hjelde (2006) påpeiker at ein integrert del av eurosentrismen er at Europa eller Vesten sin posisjon i globale maktstrukturar blir naturalisert og usynleggjort. «Eurosentrisme handler med andre ord ikke bare om at vi ser oss selv først, på bekostning av ‘de andre’ men også om *hvordan vi ser, og ikke ser, oss selv*» (Hjelde, 2006, s. 16).

I boka til Sandra Harding frå 1998, *Is Science Multicultural*, blir det lagt vekt på korleis ein i eit postkolonialt perspektiv analyserer eurosentrisme som eit fenomen med djupe strukturelle røter. I eit slikt perspektiv blir dei ulike uttrykka for eurosentrisme forstått både på individuelt og institusjonelt nivå, både som uttrykk for, og opphav til, sosiale strukturar. Det blir dermed eit poeng at eurosentrismen sitt uttrykk blir mogleggjort av underliggjande sosiale strukturar, som eurosentrismen igjen bekreftar og legitimerer (Harding, 1998; Hjelde, 2006). Harding (1998) viser til korleis det er dei kulturspesifikke og systematiske mønstra for kunnskapsproduksjon som definerer kva vitenskap er, og kva spørsmål den skal omhandle. Men også kva spørsmål som ikkje vert oppfatta av vitenskapen er sentralt. «Systematic ignorance is always also produced along with systematic knowledge, and these patterns of ignorance are just as culturally distinctive as are a culture’s patterns of knowledge» (Harding, 1998, s. 68). Dette

kan ein kjenne att frå Michael Foucault og hans diskursanalyse, og vil bli utdjupa meir i metodekapittelet.

Men kva er det som gjer at ein ser på det moderne Europa som einstyndande med *sivilisasjon*? Europeisk historieskriving byggjer på ein selektiv hukommelse, som systematisk framhevar trekk som underbyggjer ideen om Europa som ibuande demokratisk og sivilisert (Harding, 1998). Dette er tufta på referansane til det gamle Hellas som rota til den vestlege sivilisasjonen, og oppfatninga av Europa som 'den naturlege' arvtakaren etter dei gamle grekarane. Som fylgje av dette blir spesifikke vestlege historiske mønstre presentert som universelt gyldige, og europeisk samfunnsutvikling blir sett på som den mest avanserte – og ikkje minst den logiske framtida til mindre utvikla land (Harding, 1998; Wallerstein, 1997). I eit postkolonialt perspektiv blir den europeiske vitskapen altså kritisert for å universalisere det som i røynda er eit lokalt, vestleg perspektiv. Universaliseringa av det vestlege perspektivet skjer ikkje gjennom open argumentasjon for at det vestlege perspektivet er det beste, men gjennom å gjere andre moglege perspektiv gradvis mindre synlege, noko som igjen resulterer i at det vestlege perspektivet blir naturalisert som universelt og det einaste moglege (Harding, 1998).

### 2.3.2 Orientalisme

I postkolonial teori blir orientalisme sett på som ein dimensjon ved eurosentrismen (Hjelde, 2006). Edward Said gav i 1978 ut boka *Orientalism*, og denne boka har hatt stor innflyting i postkolonial teori. Boka er gitt ut i fleire utgåver, og i utgåva frå 2003 utdjupar Said korleis orientalisme handlar om korleis ikkje-vestlege sivilisasjonar har blitt skildra i vesten som «det andre» – i eit motsetningsforhold til det vestlege. Orientalistiske skildringar av ikkje-vestlege samfunn vil på denne måten tene som validering av det vestlege, då gjennom konstruksjonane av kva det *motsette* av vesten er.

Orientalismen har mottatt kritikk frå fleire hald, og kritikarane har blant anna peika på orientalismen sin funksjon som ein legitimering av vestleg dominans, og som ein integrert del av vestleg imperialisme. Noko anna som haustar kritikk er måten orientalismen trekkjer fram eit verdssyn som er strukturert av nettopp binære motsetningar, motsetningane som vestleg – orientalsk, eller moderne – ikkje-moderne. Den binære motsetninga ser ein att i måten ein konstruerer «dei andre» for å definere «oss».

Harding (1998) og Hjelde (2006) viser til korleis sosiologien sin konstruksjon av det moderne samfunnet skjer gjennom metodologiske prinsipp som er ulike dei som verkar i den orientalistiske diskursen. I sosiologien er det nemleg ein tendens til å konstruere eit «me»

gjennom usynleggjering av «dei andre». Harding (1998) påpeikar korleis den eurosentrisk metodologien produserer eit bilete av moderne, vestlege samfunn som lausrive frå globale relasjonar, altså som sjølvgenererande. Vidare blir det sagt at konstruksjonen av «oss» som sjølvgenererande inneber eit syn på at desse moderne, vestlege samfunna kan forklarast eine og aleine ut frå sin eigen, indre dynamikk, som igjen er grunnlagt på ei utvisking av dei globale, sosiale relasjonane som er vevd inn, og påverkar, måten me organiserer samfunnet og lev liva våre. Hjelde (2006) påpeikar i sin avhandling at det er sentralt at denne konstruksjonen medfører ein modifisering av vestlege land sin dominerande og privilegerte posisjon i dagens globale økonomiske system. Ho hevdar dermed at den eurosentrisk sosiologien på ein indirekte måte bidreg til å forsvare rådande, globale maktforhold.

Ut frå både Harding og Said kan ein finne fleire maktrelasjonar som ligg til grunn for eurosentrismen; både usynleggjeringa og konstruksjonen av «dei andre» vert mogleggjort av den privilegerte posisjonen vesten har i verda.

## 2.4 RASEVITSKAP

### 2.4.1 Raseantropologi

Torgeir Skorgen publiserte i 2003 ein artikkel i Norsk filosofisk tidsskrift om oppkomsten av filosofisk antropologi og etableringa av raseantropologi som epistemisk regime. I denne artikkelen hevdar Skorgen (2003) at menneskerasar er ein moderne oppfinning som ikkje går meir enn 250 år tilbake i tid. Han fortset med å vise til at rasetenkinga sin historiske utvikling er prega av markante diskursive brot, og ein akutt mangel på konsensus om korleis rasane skal innleiast, og inndelinga bli forklart. Men raseantropologien gjorde suksess med å lansere raseomgrepet som fortolking- og forklaringskategori, samt sannsynleggjere at raser i det heile tatt eksisterte som noko «naturleg gitt». I verkelegheita prøvde raseteoriane å kombinere og fortolke eit kompleks av idealtypiske dugleikar som hårstruktur, farge på auga, vinkel på andletet samt fasongen på skallen. Vidare blir det av forfattern hevda at ein i mange tilfelle forsøkte å kople slike generelle ytre biologiske karakteristikkar til indre psykisk-moralske dugleikar som handlekraft og feigheit, leiareigenskapar og underdanigheit, ærlegdom og sleipheit. Skorgen vektlegg med andre ord at rasar er aldri noko som er objektivt gitt, men blir skapa sosialt og kulturelt gjennom utval, fortolking, klassifisering og definisjon (Skorgen, 2003).

#### 2.4.2 Raseteori, filosofi og historie

Diskusjonen rundt raser har i fylgje Skorgen (2003) vore aktuell dei siste 250 åra. Under opplysningstida og utforskinga av den ikkje-europeiske verda gjorde reiseskildringar seg gjeldande som populærkultur. Reiseskildringar frå Orienten, Amerika og Afrika var høgaste mote blant boklesande europearar, og både Immanuel Kant (1724-1804) og David Hume (1711-1776) var ivrige debattantar rundt reiseskildringane som bringa fram eit nytt, ukjend mangfald av folkeslag og kultur. Ein skal ikkje lese så mange sidene av Hume sin artikkel *Of National Characters* frå 1748 før ein dannar seg eit bilete på korleis tanken om at dei kvite var overlegne alle andre, kom fram og stod sterkt i opplysningstida og påfølgjande århundre. Hume var truande til å hevde at alle nasjonar som lev utanfor polarsirklane eller i tropane er mindreverdig i forhold til dei andre rasane, samt ute av stand til høgare åndelege syslar (Hume, Copley & Edgar, 1993; Skorgen, 2003). Filosofen meinte at beviset for denne påstanden låg i mangelen på sivilisatoriske framsteg og sjå hjå afrikanarane. Han generaliserte og hevda at ein slik eintydig og konstant skilnad mellom siviliserte europearar og barbariske afrikanarar ikkje kunne inntreffe i så mange land og epokar dersom ikkje naturen frå byrjinga av hadde skapa ein forskjell mellom desse ulike menneskestammene. Hume hevda også at dei svarte frå naturen si side mangla politisk instinkt og evne til å danne ein sivil rettsstat (Hume et al., 1993; Skorgen, 2003).

Med dette som filosofisk bakteppe kan ein så ta for seg utviklinga av raseteoriane på tidleg 1900-talet. I fylgje Skorgen (2003) viste raseforskarar på 1920- og 30-talet korleis Darwins utviklingslære også la grunnlaget for ein forståing av menneska og sosiale forhold. Darwin sin forståing av naturen sin utviklingshistorie som ein stadig kamp for tilværet kor berre dei sterkaste og tilpassingsdyktige overlever, blei av raseforskarane ført over på menneskelege og sosiale forhold. Konkurransen mellom artane vart til kampen mellom rasane for å erobre hegemoni og livsrom. Dette var tankar som appellerte til dei europeiske nasjonalstatane sin sjølvforståing i ein periode då konkurransen mellom det nasjonalstatlege hegemoniet i Europa og spelet om koloniane var på sitt mest intense. Det er ikkje vanskeleg å tenke seg til at desse tankane fekk grobotn i samfunnet og dermed også i akademia.

#### 2.4.3 Nokre tankar rundt dagens rasefokus

I April 2018 kom det ut ei spesialutgåve av bladet *National Geographic* som handlar om rasar. I denne utgåva har dei utforska korleis rasar definerer, separerer og samlar oss. Ein artikkel handlar om kvifor ser me på så mange ting som «oss» versus «dei andre». Her blir det vist til evolusjonspsykologen John Tooby som seier at me er programmert frå fødselen av til å skilje

oss frå andre. Både bevisst og ubevisst favoriserer me oss sjølve, i alle fall når me kjenner oss truga. Tooby kallar dette for «identity crazed», og direkte oversett kan me kalle det «identitetsgal» (Berreby, 2018). Det blir lagt vekt på at me menneska er dei einaste skapningane som endre vår gruppeoppfatning og påfølgjande handling. Berreby (2018) brukar USA som eksempel og viser til at det berre er menneska som kan skifte frå å kjenne seg samla som ein amerikansk nasjon, til sidan å føle seg splitta mellom konservative raude statar, og liberale blå. Men som forfattaren også legg vekt på, menneska sin evne til tilpassing og oppfatning vil i mange tilfelle kunne brukast til meir inkludering, rettferd og fred.

I artikkelen blir det også fortald om nokre forskarar ved universitetet i New York som har gjennomført skanning av hjerneaktivitet og kome fram til at menneska har ein ivrig mental radar som forsøker å lære kva grupper som er viktig for oss, og kva for nokre grupper me er medlem av (Berreby, 2018). Og denne radaren er alltid på. Sjølv når me kjenner oss komfortabel med å ha plassert oss sjølv i rasemessige, religiøse, nasjonale og andre identitetar, meiner forskarane at tankane våre alltid merksam på nye moglegheiter for koalisjonar. At me menneske er opptekne av å høyre til ei gruppe eller eit lag er ikkje så vanskeleg å skjønne i fylgje Berreby (2018). Han viser til at å stole på kvarandre er ein god overlevingsstrategi for ein relativ svak skapning utan innebygde våpen. Å høyre til eit lag eller ei gruppe er ein billett til overleving, og det er difor dei fleste primatar høyrer til ei gruppe. Artikkelforfattaren påpeikar dette med å vise til at “In fact, there is no human society without clear lines that distinguish various groups” (Berreby, 2018).

Heile denne utgåva av *National Geographic* handlar om rasar, og hovudartikkelen handlar om eit par toegga tvillingar der den eine jenta har arva mora sin lyse hudfarge, og den andre jenta har arva far sin mørke hudfarge (Edmonds, 2018). Jentene seier sjølv at dei ikkje opplever å bli dømt etter hudfargen, men blir heller møtt med nysgjerrigheit. I denne artikkelen fortel statistisk genetiskar Alicia Martin at i tilfellet med genetikk er hudfarge ikkje eit «binært trekk» med berre to moglegheiter. Ho påpeikar at det er eit kvantitativt trekk og at alle har ein gradient av dette spekteret. Martin underbyggjer dette med å vise til at dagens forskning på menneskeleg genetikk viser oss at heile ideen om rasar er ein menneskeleg oppfinning som kan ikkje tileignast for mykje makt. Dette står i kontrast til raseteoriane utvikla tidleg på 1900-talet.

## 2.5 LÆREPLANAR

Som det vart nemnd innleiingsvis i kapittelet vil teori rundt dei aktuelle læreplanane kort bli presentert for å danne eit heilskapleg bilete av konteksten for lærebøkene.

### 2.5.1 Normalplan av 1939

Normalplanen av 1939 er tufta på leseplanar etter lov frå 1936 (Skjelbred et al., 2017). Under geografi for den treårige realskule står det innleiingsvis at elevane skal ha kjennskap til dei geografiske grunnomgrep og kjenne hovudtrekka i dei geografiske forhold på jorda (Kirke-og-undervisningsdepartementet, 1939). Det står også nemnd at ein skal ha oversikt over framande verdsdelar og kjennskap til dei viktigaste landa i Europa. Til tross for eit hovudfokus på heimlege trakter og naturforhold legg læreplanen vekt på å ha ei oversikt over jorda som buplass for menneska, og dette skal igjen vere bygd på forståinga av vekselverknaden mellom dei forskjellige geografiske faktorar i natur og kultur. Folkeslag og kulturformer er sentralt, trekk av samferdsel og verdshandel skal nemnast, det same skal jordbruk og kveg, og industrialiseringa av næringslivet.

Etter gjennomgang av den «allmenne geografi» står det i læreplanen at ein må ha fokus på dei framande verdsdelar der ein skal føye dei enkelte land inn i ein større samanheng, samt framheve den nasjonale eigenarten av folk og kultur, topografi og busetjing. Her skal ein med andre ord få fram særtrekk ved verdsdelane og landa innan verdsdelen. Då er befolkning, og kulturformer sentralt, men hovudfokuset i normalplanen frå 1939 kan likevel seiast å vere på dei naturgeografiske forholda, slik som tilkomsten av ressursar og næring (Kirke-og-undervisningsdepartementet, 1939).

### 2.5.2 Mønsterplan 1974

Etter ei rekkje strukturreformer vart det på byrjinga av 1970-talet innført ein 9-årig grunnskule (Engelsen, 2003; Kirke-og-undervisningsdepartementet, 1974).

Mønsterplanen som vart innført i 1974 innehald generelle mål for samfunnsfaget som no bestod av historie, geografi og samfunnskunnskap under eitt. Desse måla lyder som følger:

«Undervisningen i samfunnsfag skal ta sikte på

- å gjøre elevene kjent med hva et samfunn er, hvordan det utvikles og hvordan det virker,
- å utvikle kjennskap til og forståelse for andre menneskers og gruppers levevis og tradisjoner, og hjelpe elevene til å forstå hvordan konflikter kan oppstå og samarbeid kan etableres og bevares,
- å stimulere elevene til aktivt og ansvarsbevisst samfunnsengasjement.»

(Mønsterplan for grunnskolen, 1974)

Allereie her ser ein at desse måla har ein tilnærming som kan seiast å vere meir global og systematisk. Kjennskap og forståing står i fokus, fellesskap og samfunnsengasjement er sentralt. Desse fellesmåla vert så tatt opp att i avsnittet om geografi. Som i normalplanen frå 1939 står det nemnd at undervisninga i geografi skal gi orientering om heimlandet Noreg, samt resten av verda. Hovudvekta skal liggje på samanhangen mellom naturforhold, busetjing, næringsliv, levevilkår og kulturliv. Det som derimot må seiast å vere endra frå 1939 er fokuset på å vekkje elevane si interesse for menneska sine liv og virke i ulike delar av verda. Elevane skal utviklast til å kjenne eit tilhøyre med menneske som lev under andre samfunnsforhold enn dei sjølve. Det står at elevane må lære å forstå det ansvaret som kviler på kvar enkelt i eit fellesskap som omfattar heile menneskeheita, «*Det globale perspektiv* bør hele tiden danne bakgrunn for geografiopplæringa» (Kirke-og-undervisningsdepartementet, 1974, s. 177).

I M74 blir det under geografiavsnittet også oppfordra til å reflektere over framstilling av lærestoffet. Det står at ein heile tida må vere forsiktig med å bruke vår målestokk for effektivitet og dugleik ved behandlinga av levekår og livsmønster hjå menneske som for oss kjennest primitive. «Skolen og lærebøkene må være saklige i sin framstilling. En må gå inn for å skape en fordomsfri holdning til folk med annen religion, annen hudfarge, annen samfunnsoppfatning og andre skikker enn hos oss» (Kirke-og-undervisningsdepartementet, 1974, s. 178). Dei avsluttar med å vise til at skulen sin orientering må vere à jour med den faktiske utvikling.

### 2.5.3 Kunnskapsløftet 2006

Med innføringa av kunnskapsløftet i 2006 vart det for fyrste gong laga eit felles læreplanverk for grunnskulen og den vidaregåande opplæringa i Noreg (Utdanningsdirektoratet, 2006). Innan grunnskulen går geografi framleis under samfunnsfag, med eigne kompetansemål lista opp som mål etter blant anna 10-årig skulegang. Som ein innleiing til hovudområdet geografi står det at fagfeltet omfattar stad- og romdimensjonen i samfunnet. Hovudområdet skal gi ei oversikt over lokalisering og utbreiing av naturlege og menneskeskapte forhold på jorda. Endringsprosessar er vesentleg, det same er kartlegging og diskusjon. Elevane skal gjennom faget kunne forklare likskapar og skilnader mellom by og land, nasjonar og regionar (Utdanningsdirektoratet, 2006).

Vidare er det lista opp ti kompetansemål for opplæringa, og målet er at elevane skal inneha denne kompetansen etter ti års skulegang. I desse kompetansemåla går ein meir spesifikt til verks og det har i takt med samfunnsutviklinga kome eit større fokus på samfunnsgeografi enn me erfarte i Normalplanen frå 1939 og Mønsterplanen frå 1974. I Kunnskapsløftet frå 2006 skal elevane kunne diskutere bruk og misbruk av ressursar, konsekvensar det kan få for miljøet og



samfunnet – og konflikter det skal skape lokalt og globalt. I tillegg skal elevene kunne gjøre greie for befolkningsutvikling, i dette ligger det underordnet en oversikt over størrelse, struktur og vekst, samt en evne til å drøfte urbanisering, flytting og befolkningsendring i nyere tid. Et fokus på å forklare og drøfte variasjoner i levekår i ulike deler av verden, samt sammenlikne og vurdere de store skillnadene mellom fattig og rik, er også blitt et viktig kompetansemål under geografi. Disse kompetansemålene som omhandler samfunnsgeografi og befolkning i større grad, kjem nå i tillegg til kompetansemålene som kan karakteriseres som naturgeografiske. Skulefaget er i dag kjent for, samt at det jobber hardt mot, å vere et syntesefag - et fag der ein ser på sammenhengen mellom natur og samfunn, samt påverknaden dei i mellom (Utdanningsdirektoratet, 2006).



### 3. METODE

I dette kapittelet vil val av metode under arbeidet med oppgåva bli presentert og klargjort for ut frå relevant teori.

Valet om metode vart basert på ideen om å kartleggje og samanlikne korleis førestillinga om «dei andre» har vorte framstilt i norske geografilærebøker over tid. Eit fokus på u-landsbefolkning og demografi har blitt større med åra, men det har i alle tider vore sentralt å skulle belyse samfunnssituasjonen i verdsdelar utanom Europa også. Etter å ha lese masteravhandlinga til både Ragnhild Fagerslett og Joakim Larsen, vart eg freista av deira oppmodingar om å sjå på korleis lærebøker framstiller, og har framstilt, ein førestilling om «dei andre». Valet om metode landa då på tekstanalyse. Men tekstanalyse kan bli føretatt på mange ulike måtar, og det var ikkje gitt for meg kva metode eg skulle bruke. Det blei likevel slått fast at ei generell lærebokanalyse ikkje ville gi meg alle dei aspekta eg ynskte å sjå nærmare på, samstundes som ei diskursanalyse hadde blitt for omfattande for denne avhandlinga sitt omfang.

Utgangspunktet har dermed vore å ha ei hermeneutisk tilnærming til analysen, der eg har gått fram og tilbake mellom ein induktiv og deduktiv tilnærming, i håp om å avdekkje ulike aspekt ved lærebøkene.

#### 3.1 TEKST SOM EMPIRI

##### 3.1.1 Tekstanalyse

Ved tekstanalyse blir tekstar studert systematisk for å trekkje slutningar anten om omkringliggjande forhold eller om forfattarens idear og intensjonar (Bratberg, 2014). Å skulle analysere korleis personar skapar mening gjennom måten dei ordlegg seg på har med tida blitt ein eigen disiplin (Thagaard, 2013). Tekstanalyse er ei analyse av visuelle og verbale uttrykksformer, og innan geografi reflekterer denne metoden ei endring i korleis akademikarar ser på verda (Aitken, 2005).

Etter som ein vart meir merksam på utbreiinga av representasjonar og bilete i kulturen vår, fekk tekstanalyse auka oppslutning. Tekstar utanfor faglitteraturen vart på 1990-talet via meir merksemd, og ei vissheit om at fysiske forhold ikkje avslørar alle interessante aspekt ved eit sosialt liv, vart meir akseptert. Dette vert kalla *den språklege vendinga* i samfunnsvitskapane. Det var på denne tida ein vart meir bevisst på at også forskning er påverka av ståstad, og at tekstar blir politiske gjennom ein implisitt representasjon av makt. Aitken (2005) argumenterer for at desse maktforholda ikkje berre har røter i politikken, men at kulturelle og økonomiske ståstadar

også verkar inn på forskinga. Ein var vitne til ei vending vekk frå jakta på allmenne årsakssamanhengar, og ein retta heller merksemda mot den fortolka vitskapstradisjonen, gjennom tolking av aktørar, deira livsverd, idear og intensjon (Bratberg, 2014). Grunntanken i samfunnsvitskapleg tekstanalyse er, i fylgje Lindgren (2011), at teksten blir regulert av både skriftlege og sosiale strukturar. Hensikta er med andre ord å sjå på korleis tekst og kontekst skapar meining gjennom språkbruken sin sosiale, historiske, kulturelle og politiske samanheng.

Samfunnsvitskapleg forskning har gjennom den språklege vendinga fått ein styrka vissheit rundt det unike og kontekstuelle (Bratberg, 2014). Men samstundes handlar ikkje vendinga berre om auka innflyting for den klassiske fortolka tradisjonen. Vendinga ber i tillegg med seg viktige prinsipp for sosialkonstruktivismen, som at den sosiale verda er grunnleggjande subjektiv og avhengig av å bli tolka for å bli forstått. Bratberg (2014) skriv at nøktern, objektiv observasjon blir sett på som urealistisk, og forskaren si oppgåve er heller å forstå korleis aktørar forstår seg sjølv og sin situasjon, og dermed også indirekte kvifor dei handlar som dei gjer. Han påpeikar at med det utgangspunktet blir det desto viktigare å forstå korleis bestemte oppfatningar av røynda blir skapt, oppretthalde og satt spørsmål ved, gjennom språk (Bratberg, 2014).


I mitt tilfelle med analyse av lærebøker for ungdomsskuletrinnet er det viktig å vere bevisst på at dokumenta er skrivne med eit anna formål enn det eg vil bruke dokumentet til. Mitt mål med analysen er å vise, samt samanlikne, korleis ein gjennom lærebøker skapar ein representasjon av «dei andre». Tekstane som føreligg er ikkje ein rein avspesling av røynda, men ein form for kommunikasjon i koda format (Lindgren, 2011).

### 3.1.2 Analyse av lærebøker

I min forskning har eg sett på lærebøkene som *historiske kjelder*, der kvar av bøkene har blitt vurdert ut frå opphavspersonen sitt perspektiv, kontekst og teksten sin autentisitet. Det er blitt gjort eit forsøk på å få tak på aktørane sin oppfatning og intensjonar for å forklare kvifor utfallet har blitt som det har blitt.

Sætre (2015) fortel om korleis læreboka tek utgangspunkt i vitskapsfaget som forsøker å skildre og forklare verkelegheita. Dei fleste skulefag byggjer på eit eller fleire vitskapsfag, og innhald og metode i desse vitskapsfaga har igjen hatt påverknad på læreplanen. Regjering og departement kjem med retningslinjer som utgjer grunnlaget for læreplanar. Ein læreplan må på høyring blant fleire institusjonar og blir i nokre tilfelle også diskutert i samfunnet. Vidare er det læreplanen som er retningslinjene lærebokforfattarar har å forholde seg til når dei utfører sin tolking, sine val og utforming av fagstoffet som skal med i læreboka Sætre (2015). Læreboka

blir på det viset ein fyrste tolking av læreplanen, og det er difor viktig å forhalde seg til læreplanen når ein utfører ei analyse av lærebøker. I figur 5 blir prosessen for ei utforming av ei lærebok illustrert. I tillegg til læreplanen vert andre forhold som forfattarane sine egne fagkunnskapar og haldningar sentralt, det same blir forlaget og deira avgrensingar i høve økonomi, sidetal og krav til utforming.



Figur 5: Prosessen for utforming av ei lærebok, gjengjeve frå Sætre (2015, s. 141).

I min analyse av lærebøker over tid har eg forholdt meg til to av innfallsvinklane Sætre (2015) legg fram i sin artikkel om *Vurdering av lærebøker*. Desse kjem i tillegg til sjølvvalde innfallsvinklar. Av dei åtte innfallsvinklane Sætre (2015) legg til grunn for lærebokanalyse, har eg fokusert på:

1. Reflekterer læreboka læreplanen sine mål og innhald?
2. Ser læreboka saker frå forskjellige sider?

Desse to innfallsvinklane vart vald då dei vart vurdert til å gi meg gode bidrag til den oversikta eg ynskte å få over framstillinga av «dei andre» i lærebøkene. Å vurdere om måla og innhald til læreplanen vert reflektert er eit viktig punkt då læreplanen representerer opplæringslova, samt at det er den som legg grunnlaget for utforming av læreboka. Å sjå etter om læreboka presenterer saker frå forskjellige sider er alltid sentralt i tekstanalyse og viktig når eg forsøker å avdekkje moglege maktrelasjonar, diskursar, og idear som ligg bak framstillinga av «dei andre».

### 3.1.3 Idéanalyse

Idear blir sagt å vere politikken sine drivhjul, og dei er dermed kva ein bør sjå etter for å forstå politiske aktørar og for å forklare avgjerslene dei tek (Bratberg, 2014). Ved ein brei tilnærming til idéanalyse seier ein at det dreier seg om det systematiske studiet av politiske budskap. Bratberg (2014) viser til ein meir avgrensa definisjon der idéanalyse går ut på å utføre ei

kvalitativ analyse av eksistensen av idear i tekst, der fortolking er ei vesentleg side av analysen. Ved å ha fokus på fortolking skal forskaren forsøkje og gå bak teksten for å få tak på dei underliggjande hypotesane og forsøka på å vinne lesaren over. Forskaren vil med andre ord eit steg vidare frå kartlegginga av det observerte innhaldet i teksten.

Kva er det så idear viser til? Ein kan sjå på idear som *normative*, og dermed målberarar for verdivurdering (Bratberg, 2014). Slike idear summerer på eit vis kva ein trur på i livet, og lar seg ikkje utan vidare gjendrive. Politiske idear kan seiast å vere normative ved at dei gir uttrykk for kva ein ser på som verdifullt og verdig. Idear kan også vere *deskriptive* ved at dei gir uttrykk for ein gjetting om korleis verda ser ut, eller korleis ting generelt heng saman. Ofte avheng deskriptive idear av kva me vel og tru, og ofte knyt ein det opp mot kausale slutningar som ikkje alltid lar seg fylgje empirisk. Skiljet mellom normative og deskriptive idear kan gjerne vere tydeleg på eit teoretisk plan, men i praksis har deskriptive idear ofte ein normativ forankring (Bratberg, 2014).

Bratberg (2014) viser i boka *Tekstanalyse for samfunnsvitere*, korleis hensiktene med idéanalyse kan vere mange. I nokre tilfelle vil målet vere å kartleggje, samt fange opp og filtrere idear frå samanhengande tekst. Å fange opp og filtrere idear er i seg sjølv ein analytisk øving som føreset solid metodisk refleksjon. Bratberg (2014) legg samstundes vekt på at analysen må forankrast i noko, og ofte dreier det seg då om ein etablert forforståing av budskapen i teksten, samt ein vilje og ei evne til å vurdere tekst ut frå den samanheng og opphavsperson den er knytt til, altså konteksten. Kartlegging inneheld også eit element av samanlikning, kor linjer kan trekkast til tidlegare tekstar, til bestemte empiriske forventingar eller til andre aktørar. Ein annan hensikt med idéanalyse kan vere å ta steget frå deskriptive til kausale slutningar. Med tanken om at idear er politikken sine drivhjul vil målet til idéanalyse kunne vere å forklare avgjersler eller åtferd, ut frå eit premiss om at det er idear som driv handling. Dersom idear er det som driv politisk handling, vil idear som årsak vere det som analysen forsøker å avdekkje. «I så fall blir det av største viktighet å analysere ideers betydning innenfor en gitt kontekst og å få tak på samspillet med et sett drivkrefter av ikke-ideologisk art» (Bratberg, 2014, s. 61).

I dag er idéanalyse også basert på idealtypar og dimensjonar. Innan idéanalyse blir idealtypar nytta som eit analytisk verktøy som strukturerer analysen og legg premissa for korleis tekstmaterialet skal lesast og bli analysert. Hensikta med idealtypar er å definere eit sett med eigenskapar som er arts-spesifikke for ein klasse eller kategori. Med å utarbeide eit sett med idear som gir uttrykk for ein bestemt ideologi eller tradisjon, vil ein få ein systematisk gjennomgang – som igjen bør munne ut i eit analyseskjema som skal nyttast i den empiriske

analysen. Hensikta med dimensjonar er derimot å analysere ei endring over tid. Bruken av dimensjonar rettar seg meir mot den slekta tankegangen som ligg til grunn for idealtypene. I staden for å utarbeide idealtypar vil utgangspunktet vere ein eller fleire ideologiske aksar, med to idear som markerer kvart sitt ytterpunkt. Med å framstilla historia som ein svinging mellom ytterpunkt vil ein lettare kunne synleggjere endringane i nettopp samfunnssyn (Bratberg, 2014).

### 3.2 HERMENEUTIKK

I ein kvalitativ forskingsprosess er refleksjonar rundt meiningsinnhaldet til datasamlinga særleg synleg i dei seinare stadia av forskingsprosessen (Thagaard, 2013). Likevel er det viktig å påpeike at fortolking av data representerer ein gjennomgåande aktivitet i løpet av undersøkinga. Den forståinga me utviklar av data gjennom forskingsprosessen, må også sjåast i samanheng med den oppfatninga forskaren tek med seg inn i prosjektet. Tolking og analyse kan bli sett på som to sider av same prosess, dette fordi me ikkje kan skildre og kategorisere hendingsforløp utan samtidig å leggje ein mening til hendingane.

Eit viktig grunnlag for kvalitative metodar er fortolka teoretiske retningar (Thagaard, 2013). Fortolking av ein kvalitativ tekst kan sjåast på fleire måtar. På den eine sida kan den knytast til forskaren sitt teoretiske utgangspunkt, og på den andre sida gir tendensar i datamaterialet eit grunnlag for den forståinga forskaren utviklar i løpet av forskingsprosessen. Det er vidare eit gjensidig påverkningsforhold mellom forskaren sitt teoretiske utgangspunkt og tendensar i datamaterialet. Forskaren sin vitenskapsteoretiske forankring har derimot tyding for den forståinga forskaren utviklar. Fortolka teoretiske retningar inneheld ulike paradigme som legg vekt på mening og tyding (Thagaard, 2013). Ein slik fortolka teoretisk retning er hermeneutikk.

All forståing byggjer på ein forståing (Geertz, 1973; Thagaard, 2013). Hermeneutikk framhevar tydinga av å fortolke folk sine handlingar gjennom å utforske eit djupare meiningsinnhald enn det som først er innlysande. Med dette så byggjer hermeneutikken på prinsippet om at mening berre kan bli forstått i lys av den samanhengen det me studerer, er ein del av. Thagaard (2013) skildrar det som at me forstå delane i lys av heilheita. Hermeneutikken representerer med tanke på dette ei viktig inspirasjonskjelde for samfunnsvitenskaplege tilnærmingar kor nettopp fortolking har ein sentral plass.

Geertz (1973) og Thagaard (2013) viser begge til korleis hermeneutisk tilnærming gir grunnlag for tolkingar på fleire plan. Fortolkingar av fyrste grad handlar om at forskaren fortolkar kva som skjer, i kraft av at han eller ho deltek. Dette er ein aktuell dimensjon under observasjon

som metode, men gjer seg ikkje gjeldande under tekstanalyse då ein analyserer visuelle og verbale uttrykk. Fortolkingar av andre grad går ut på å avdekkje den symbolske tydinga til handlingar. Andregradfortolkingar representerer forskaren sin tolking av ein verkelegheit som allereie er tolka av deltakarane. Tolkingane byggjer på deltakarane sin eigen forståing, men går vidare med å trekkje inn eit nivå om speglar forskaren sin teoretisering. Fortolkingar av tredje grad går inn på forskaren sine tolkingar av handlingar ut frå teoriar som trekkjer fram handlinga sin skjulte eller underliggjande tyding. Thagaard (2013, s. 43) utdjupar korleis tredjegrads fortolkingar forsøker å avdekkje handlinga sin eigentlege eller underliggjande tyding. «Formålet er å avdekke skjulte ‘sannheter’ som ligger til grunn for handlinger, og som ikke er erkjent av deltakerne selv».

Ulike nivå av fortolking kan setjast i samanheng med at forskaren pendlar mellom erfaringsnære omgrep og erfaringsfjerne omgrep (Geertz, 1973). Erfaringsnære omgrep gir uttrykk for den forståinga som dei personar me studerer, sjølv nyttar om sine handlingar. Erfaringsfjerne omgrep har tilknytning til samfunnsvitskapleg teori. Det vil sei at dei fortolkingar som erfaringsfjerne omgrep gir uttrykk for, går ut over den forståinga som deltakarane har av sine handlingar. Forskaren sin tolking av den symbolske tydinga av ei handling inneber ein *dobbel hermeneutikk*, dette fordi forskaren fortolkar ei verkelegheit som allereie er fortolka av dei som deltek i den same verkelegheita (Geertz, 1973; Thagaard, 2013).

### 3.3 UTVAL OG UTFORMING

Vidare er det på tide å gjere greie for utval og undersøkinga sin utforming og framgangsmåte.


#### 3.3.1 Utval

Normalplanane av 1939 sprang ut av folkeskulelova som vart vedtatt i 1936 (Skjelbred et al., 2017). 1939 markerte med dette eit skilje då det i lag med normalplanane også vart vedtatt prinsipp for ein «ny skule». Denne nye skulen skulle byggjast på arbeidsskuleprinippet og elevaktiviteten sitt prinsipp, noko som ville sei allsidig og sjølvstendig arbeid med lærestoffet, appell til indre initiativ og til sjølvstendig verksemd (Skjelbred et al., 2017). Med det som bakgrunn såg eg på 1939 som eit spennande år å ta utgangspunkt i når det kom til val av lærebok. Haffner og Knudsen gav i 1939 ut ei lærebok i geografi kalla *Geografi for den høyere skole*, og denne boka vart eg tidleg presentert for av førsteamanuensis ved institutt for geografi, Olav Fjær. Boka har han overtatt frå svigerfar sin, som sjølv brukte denne under sin skulegang. Denne boka var med andre ord lett tilgjengeleg, og var gitt ut i eit sentralt år i norsk lærebokhistorie.



Vidare ynskte eg å sjå på korleis framstillinga hadde endra seg til postkolonial tid. Det skjedde store endringar innan koloniserte statar og kolonimakter på 1960-1970-talet, og det kom ein ny mønsterplan for skulen i 1974. Eg ynskte difor å finne ei bok som var skriven etter mønsterplanen frå 1974, og *SOL-serien* var ein av dei seriane eg fann tilgjengeleg på Nasjonalbiblioteket sine nettsider. Mønsterplanen av 1974 la opp til at dei tre samfunnsfaga historie, geografi og samfunnskunnskap skulle sjåast i samanheng, sjølv om faga framleis skulle utgjere eigne fag. I Sverige hadde ein allereie lang erfaring med ungdomsskule, og for mange fag vart det ei løysing å tilpasse svenske lærebøker til norsk. Dette gjeld også *SOL-serien Geografi 3*, som vart tilrettelagt til norsk av forfattarane Paul B. Figved, Kåre Fossum og Per Aarrestad (Skjelbred et al., 2017). Eit større fokus på likestilling og integrering prega verditenkinga i skulen på denne tida, og ein felles skule bygd på ideen om inkludering blir spegla i lovverk og læreplanar i perioden. Utviklinga av det me kallar «fellesskulen» hang saman med endringar i samfunnet meir generelt, og det er denne samfunnsendringa eg ynskte å ha som utgangspunkt for valet av mi andre lærebok.

Mellom Haffner og Knudsen si lærebok frå 1939 og *SOL-serien* som vart gitt ut i 1976 rommar det eit tidsrom på 37 år. Dette var 37 år med store samfunnsendringar, noko som også gjer seg synleg i lærebokutviklinga. Eg konkluderte med at det var rimeleg å skulle gå ca. 30 nye år fram i tid, noko som passa fint med læreplanutviklinga. I 2006 fekk me som tidlegare nemnd ein ny læreplan kalla *Kunnskapsløftet*, og det vart igjen eit nytt utgangspunkt for lærebokforfattarar. I 2008 gav Gyldendal ut sine lærebøker i samfunnsfag, og også her fekk geografi si eige bok. *Underveis Geografi 10* er ei lærebok med eit stort fokus på befolkning, og eg såg raskt at denne boka kunne gi meg eit godt samanlikningsgrunnlag opp mot dei to føregåande bøkene. At *Underveis Geografi 10* var lett tilgjengeleg spelte også inn på valet om å ha denne boka som representant for lærebok etter Kunnskapsløftet.



Figur 6: Bokomslag Geografi for den høyere skole (1939), SOL-serien (1976) og Underveis 10 (2008)

### 3.3.2 Undersøkinga sin utforming

Lindgren (2011) la vekt på at samfunnsvitskaplege tekstar blir regulert av både skriftlege og sosiale strukturar. Det blir i hans artikkel om tekstanalyse fokusert på korleis tekst og kontekst skapar meining gjennom språkbruken sin sosiale, historiske, kulturelle og politiske samanheng, og dette ser me att i Foucault sine tankar om diskursanalyse. Den språklege vendinga på 1990-talet gav samfunnsvitskapleg forskning eit større fokus på det unike og kontekstuelle, og det kom ei auke innan den klassiske fortolka tradisjonen. Vendinga bar også med seg viktige prinsipp for sosialkonstruktivismen, i det ligg det implisitt at den sosiale verda er subjektiv og avhengig av å bli tolka for å bli forstått (Bratberg, 2014). Dette dannar på sett og vis utgangspunktet for mi analyse. Gjennom å avdekkje samt samanlikne korleis ein gjennom lærebøker har skapt ein representasjon av «dei andre» må det fortolking til.

Gjennom den analytiske prosessen av dei tre nemnde lærebøkene har eg tatt utgangspunkt i mitt teoretiske utgangspunkt, samt at eg gjennom forskingsprosessen har utvikla ein større forståing på grunnlag av tendensar og funn i datamaterialet. Eg har med andre ord flytta meg mellom ein deduktiv og induktiv tilnærming til datamaterialet. Som Thagaard (2013) skildra er det eit gjensidig påverkningsforhold mellom forskaren sitt teoretiske utgangspunkt og tendensar i datamaterialet. Ein kjem ikkje utanom at min vitskapsteoretiske forankring har tyding for den forståinga eg utviklar gjennom analyse av empirien. Dette kan ein underbygge med å vise til tanken om at all forståing byggjer på forståing (Geertz, 1973; Thagaard, 2013). Eg har så godt eg kan utforska eit djupare meningsinnhald med teksten enn det som fyrst er innlysende.

Thagaard legg til grunn at hermeneutikk byggjer på prinsippet om at meining berre kan bli forstått i lys av heilheita. Fortolking blei difor sentralt i min forskning.

Med å ha fokus på fortolking har eg gjort eit forsøk på å få tak på dei underliggjande hypotesane bak teksten, og avklare forsøka som er gjort på å vinne lesaren over. Dette er gjerne eit utgangspunkt ein har i ei idéanalyse, og gjennom ei idéanalyse er også konteksten sentral. Bratberg (2014) viste til korleis idear blir kalla politikken sine drivhjul og at med det som utgangspunkt er det svært viktig å analysere ideane sin betydning innan ein gitt kontekst. Vektlegging av stoff og framstillinga av ukjende verdsdelar og land er påverka av konteksten til lærebokforfattarane. Læreplanen er det teoretiske utgangspunktet, samfunnet utgjer det praktiske.

Kva idear som ligg implisitt i lærebokforfattarane kan både vere normative og deskriptive. Normative idear vert av (Bratberg, 2014) sagt å vere idear som summerer opp kva ein trur på i livet, og lar seg dermed ikkje utan vidare gjendrive. Deskriptive idear gir meir uttrykk for ein gjetting om korleis verda ser ut, eller korleis ting generelt heng saman. Å finne ut kva som har vore utgangspunktet til lærebokforfattarane gjennom å lese teksten er ikkje mogleg, men det blir sagt av blant anna Andersen (2015) at undervisning om Noreg sin rolle i forhold til utviklingsland i stor grad har vore normativ. Skulen har, som me også vitna i mønsterplanen frå 1974, hatt klare mål om at skulen kan spele ein viktig rolle i arbeidet med å skape ei meir rettferdig verd. Alle desse aspekta har danna grunnlag for min metodiske tilnærming til tekstane.

### 3.4 VALIDITET

Ei idéanalyse handlar om nøye gjennomgåande arbeid med dei enkelte elementa i ein tekst. Ein skal gå detaljert til verks og gjere greie for alle ledd i analysen. Dette er avgjerande for den faglege karakteren til analysen. Ein grunnleggjande utfordring denne analysen står overfor er gyldigheit og etterprøvheit. Dimensjonar kan for eksempel vere eit fleksibelt og grovmaske utgangspunkt, og ikkje det lettast å etterprøve. Men ofte vil forskaren likevel gi nokre konkrete indikatorar på korleis endring vil sjå ut og kunne målast empirisk. Det sentrale for analysen sin etterprøvbarheit er i alle tilfelle at forskaren er tydeleg på korleis den er utført, og kva val som er tekne undervegs. Korleis ein angrip analysen anten *deduktivt* eller *induktivt* må også kome tydeleg fram. Ofte vil det i tekstanalyse vere ein dialog og veksling mellom den deduktive og induktive tilnærminga, noko som er tilfelle i mi analyse også. Denne framgangsmåten har

tydelege kjenneteikn frå hermeneutikken der forståing blir slipt og revidert gjennom den empiriske analysen, og kor forskaren prøver ut sine hypotesar og justerer desse undervegs (Bratberg, 2014).

### 3.5 FORSKINGSETIKK OG SJØLVREFLEKSIVITET

«Analyser av diskurser og fortellinger tar utgangspunkt i hvordan personer skaper mening til sine erfaringer gjennom hvordan de uttrykker seg» (Thagaard, 2013, s. 152). Slik byrjar Tove Thagaard sit kapittel om etiske problem ved analyser av diskursar, forteljingar, visuelle metodar og visuelle uttrykksformer. Det ho seier er at ein person sin måte å uttrykkje seg på, og han eller hennar skildringar av hendingar i livet, er prega av den forståinga vedkommande har av sine erfaringar. Skildringar av erfaringar og synspunkt blir sett inn i ein samanheng som igjen blir opplevd som meningsfull for personen (Thagaard, 2013). Dette må ein ha med seg når ein analyserer lærebøker.

Lærebøker er, som tidlegare nemnd, ei fyrstehandstolking av rådande læreplan (Sætre, 2015), og denne tolkinga er igjen prega av forfattaren sin fagkunnskap og haldningar. Forskaren sin forståing er også prega av den fagbakgrunnen han eller ho har. Difor vil forskaren ofte ha eit anna perspektiv på dei eller det som blir studert. Analysen blir karakterisert som ein dialog mellom forskaren og deltakaren sin forståing, der det er forskaren sitt faglege perspektiv som strukturerer analysen og tolkingane av data. Ein viktig målsetjing for forskaren er nemleg å bringe sin eigen tolking inn i materialet (Thagaard, 2013). Dette kjem ikkje utan etiske problemstillingar. Analyser av diskursar og forteljingar tek i dette tilfelle utgangspunkt i lærebokforfattarane sin forståing av samfunnssituasjonen, men tolkinga og presentasjonen av resultata representerer forskaren sin fortolking av lærebokforfattarane sin forståing.

Foucault framheva i sine tankar om diskursanalyse tydinga av å lese teksten med 'nye' auge og øyrer (Waite, 2016). Ein tekst fører alltid med seg oppfatningar som fargar teksten. Men å skulle avdekkje desse oppfatningane som ligg implisitt i teksten er inga enkel oppgåve då all kunnskap er sosialt konstruert. Foucault trakk då heller fram fordelene med å vere sjølvkritisk til seg sjølv som lesar av teksten. Ein skal vere ein kritisk refleksiv forskar, som er bevisst på sin eigen fagbakgrunn og ståstad, og som difor ikkje skal ta noko for gitt i teksten (Waite, 2016).

Som det vart nemnd innleiingsvis i kapittel 1.4 er det viktig å plassere teksten innan ein historisk og geografisk kontekst (Waite, 2016). I grove trekk handlar det om at eg som forskar skal avdekkje kven som produserte læreboka og innhaldet i den, kvar, kva tid, korleis og kvifor den


er laga slik som den er. Den historiske konteksten er viktig fordi den seier noko om kva kunnskap som låg i samfunnet og hjå forfattaren då boka vart skriven. Eit anna aspekt som er viktig å nemne er at mitt blikk på bøkene er prega av den kunnskapen samfunnet og eg sit med per dags dato. Dette er noko anna enn det ein visste i 1976 og i 1939, og det må ein vere bevisst på når ein går inn og fortolkar teksten.



## 4. HOVUDFUNN

Gjennom dette arbeidet har tre lærebøker blitt analysert med utgangspunkt i meningsinnhaldet i teoriane presentert i teoridelen. I analysen kom det fram nokre kategoriar som diskusjonen gjerne kan strukturast etter, desse kategoriane er *raseperspektiv*, *eurosentrisk perspektiv*, *høg/låg utvikling og vidareutvikling*. Kvar lærebok vil bli introdusert med utgangspunkt i læreplan og utdanningshistorie, før eg går vidare med funn knytt opp mot dei nemnde kategoriane og dimensjonane. Det er her viktig å nemne at kategoriane går inn i kvarandre, og nokre funn kunne ha blitt plassert i fleire av underkategoriane. Figur 7 illustrerer korleis kategoriane interagerer og overlappar med kvarandre, og fortolkinga som blir gjort er ikkje einstyddande. Dette er fortolkingar som vert trekt fram då dei stemmer overeins med eit hovudmønster, men enkelte utsegn kan ha fleire tydingar og byggje opp under fleire perspektiv. Det er lesarblippet som avgjer, og i kapitla under er det mine fortolkingar som er trekt fram, fortolkingar som stemmer overeins med eit potensielt hovudmønster.

Diskusjon rundt funn og teori vil i dette kapitlet fylgje kvarandre tett, før det i kapittel 5 vert eit større fokus på å samanlikne dei store linjene i kvar ei bok.



Figur 7: Illustrasjon av overlappinga til kategoriane

## 4.1 HAFFNER OG KNUDSEN: *GEOGRAFI FOR DEN HØYRE SKOLE*, LÆREBOK FRÅ 1939

Oppsettet til Haffner og Knudsen si lærebok stemmer overeins med vektlegginga av stoff gjort av læreplanverket. Som me erfarte i kapittel 2.5 står det i normalplanen frå 1939 at elevane som byrjar ved den 3-årige realskule skal ha ein elementær kjennskap til dei geografiske grunnomgrepa, samt kjenne til hovudtrekka i dei geografiske forhold på jorda. Elevane skal også ha kjennskap til framande verdsdelar og dei viktigaste landa i Europa, og ikkje minst skal dei ha nærmare kjennskap til fedrelandet Noreg og deira heimlege trakter. Ser ein på innhaldet til Haffner og Knudsen si bok *Geografi for den høyere skole*, ser ein at boka oppfyller desse krava. Læreboka har korte framstillingar av dei ulike verdsdelane der dei tek for seg kulturformer, folk, ferdsel, politiske og sosiale forhold m.m. Hovudvekta i boka ligg likevel på Noreg, og den regionale naturgeografien står sterkt. I normalplanen frå 1939 står det at målet i realskulen skal vere å gi elevane «..en oversikt over jorden som boplass for menneske, bygd på forståelse av vekselvirkningen mellom de forskjellige geografiske faktorer i natur og kultur (Kirke-og-undervisningsdepartementet, 1939)». Dette kan ein sjå att i skildringa av dei ulike verdsdelane der Haffner og Knudsen legg vekt på klima- og naturforhold i skildringa av levemåten til folka der.

Geografiboka frå 1939 samsvarar alt i alt godt med måla i normalplanen ved at det er eit stort fokus på kva ressursar som legg grunnlag for næring og utvikling. Det er førekomstane av ressursar som i hovudsak vert vektlagt under presentasjonen av dei respektive landa og verdsdelane. Folket blir skildra heilt kort der rasen står i fokus, det same gjer religion og styresettet i landet dei bur i. Her kjem geografi som eit syntesefag til syne. Det er tydeleg både gjennom læreplanen og den respektive læreboka at jorda utgjer buplassen for menneska, og at det er ressursgrunnlaget og naturen på staden som legg grunnlaget for menneska som bur der. Dette skildrar Haffner og Knudsen (1939, s. 32) godt med å vise til at «..også livsvilkårene for menneskene skifter fra landskapsbelte til landskapsbelte. De forskjellige mulighetene utvikler forskjellige egenskaper, og livet antar mange forskjellige former». Med dette som bakgrunn vil det no bli vist til funn i læreboka.

### 4.1.1 Raseperspektivet:

*Geografi for den høyere skole* startar med ei innføring og presentasjon av tema geologi, klima, folk på jorda, natur og kultur, samt maskinkultur. Her kjem vektlegginga av tema tydeleg fram då det er via 30 sider til kapittelet om «Natur og kultur», og tre sider til kapittelet om «Folk på



jorda». Men det som står under kapittelet om folk på jorda skapar likevel grobotn for diskusjon. Innleiinga går som fylgjer:

«En deler gjerne folk på jorda opp i tre hovedgrupper, raser: *den hvite rasen, den gule rasen og den svarte rasen*. Når en bruker denne inndelingen, er det fordi en mener å kunne påvise en rekke arvelige egenskaper som særpreger hver enkelt gruppe, som fargen på hud og hår, formen på hjerneskallen, forholdet mellom ansiktsdelene osv.» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 29).

Skorgen (2003) viser i sin artikkel korleis menneskerasar er ei moderne oppfinning som har vore aktuell dei siste 250 åra. Raseteoriane forsøkte å fortolke og kombinere ei samling av idealtypiske dugleikar som fasongen på skalle, vinkel på andletet, farge på auga, samt hårstruktur. Dette ser me att i Haffner og Knudsen si utgreiing om rasar. Vidare påpeikar Skorgen korleis ein i mange tilfelle kopla desse biologiske karakteristikkane til indre psykisk-moralske dugleikar som handlekraft, leiareigenskapar, underdanigheit, sleipheit og ærlegdom. Denne påstanden ser me att i skildringa av den kvite, den gule og den svarte rasen når Haffner og Knudsen utdjupar dei ulike rasane med nokre setningar som vist til i neste avsnitt.

Under den kvite rasen står det skildra korleis denne rasen er særleg utbreidd i Europa og at den omfattar nesten halvdelan av folk på jorda. Den setninga som seier mest er likevel påstanden om at den kvite rase overalt har vist å skape grobotn for sin kultur. Deretter står det om utbreiinga og kvar ein finn den gule rasen. Kulturelt dannar gruppa inga eining, og blir ofte delt mellom Polarfolka i Nord-Asia og enkelte indianarstammer i Sør-Amerika, og Kinesarane og Japanarane aust i Asia. Polarfolka og enkelte indianarstammer høyrer til dei lågtstående folka på jorda, Kinesarane og japanarane har derimot ein eldgamal, høg kultur. Den siste rasen dei tek for seg er den svarte. Her blir det lagt vekt på korleis denne rasen særskild høyrer heime i Afrika og Australia, og at ein meiner desse rasane er restar av ein eldre urbefolkning. Innan denne gruppa er det store skilnader når det kjem til utsjånad og karaktereigenskapar, men «...kulturelt står negrene gjennomgåande lavt» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 31). I tillegg er det nemnd at Dvergfolka (Mellom-Afrika, Sør-Asia og De Øst-indiske øyer) og australnegrane endå er reine naturfolk, men at i Nord-Amerika har negrane i dei seinare åra gjort store framsteg.

Framstillinga av dei ulike rasane bekreftar på sett og vis påstanden om at ein i mange tilfelle prøvde å kople generelle ytre biologiske karakteristikkar til indre, moralske eigenskapar. Forfattarane viser til korleis dei kvite skapar grobotn der dei kjem, medan dei svarte ligg gjennomgåande lågt når det kjem til det kulturelle. Det blir framheva eit tydeleg skilje mellom

rasane, der det blant anna er dei kulturelle framstega det blir lagt vekt på. Eit verdssyn som råda på denne tida kan minne om *orientalisme* som Edward Said utbroderte i 1978. I eit orientalistisk verdssyn er det dei binære motsetningane som definerer folka på jorda, og dette stemmer overeins med det tydelege skiljet som det blir lag vekt på i framstillinga av dei ulike rasane i læreboka frå 1939. Her ser ein gjerne det første eksempelet på eit motsetningsforhold mellom «oss» og «dei andre». I Australia høyrer urbefolkninga til den svarte rasen, og denne urbefolkninga er framleis reine naturfolk. Negrane i Nord-Amerika har derimot dei siste åra gjort framsteg, men eit spørsmål dukkar opp hjå meg som lesar er kva forfattarane meiner dei gjer framsteg mot? Svaret er ikkje einstydig, men som kapittel 4.1.2 vil vise er det i mange tilfelle skildra eit framsteg mot vestleg kultur og normer.

Raseperspektivet kjem til syne fleire stader i læreboka. Gjennom boka si har Haffner og Knudsen blant anna tatt for seg ein og ein verdsdel og presenterer samlande fakta for heile verdsdelen, før dei går vidare med særskilde trekk ved nokre utvalde land. Afrika er den verdsdelen som fyrst blir presentert. Verdsdelen vert omtala som negrane sin verdsdel, og me får høyre om ulike folkeslag og stammer. Ein hovudinndeling går mellom *sudannegerane* i Midt-Afrika, og *buntanegerane* lenger sør. *Kafferne* er ei grein av bantufolket, og er kjend for å vere eit krigersk folk som har ytt «seig motstand» mot dei kvite. Haffner og Knudsen fortel oss om korleis kafferne i dei seinare år har blitt vist til freda område (reservat), der dei driv feavl. Vidare trekkjer forfattarane fram *buskmenna* og *hottentottene* i Sør-Afrika, samt *pygméene* (dvergane) i urskogane. Alle desse folkeslaga meiner ein i 1939 at høyrer til ein eldre urbefolkning.

Under kapittelet om folk i Amerika trekkjer dei fram at *indianarane* og *eskimoane* er Amerika sin urbefolkning, men at det er store skilnader når det gjeld språk, utsjånad og levemåte innan dei ulike indianarstammene. Dei stiller seg spørsmålet; Kva for ein rase reknar ein dei til? Vidare skildrar dei urbefolkninga med lysebrun hudfarge, framståande kinnbein og litt skråstilte auge. Nasen er krum og håret er stritt og svart. Indianarane fekk av europearane kallenamnet *rødhunder*, dette fordi dei malte kroppen raud. I Peru og Mexico møtte europearane ein høgt utvikla og eigenarta kultur, men folket levde likevel stort sett svært primitivt. Under utgreiinga om urbefolkninga i Amerika ser me at det igjen er særskilde ansiktstrekk som er trekt fram for å skildre rasen. I Peru og Mexico er det derimot eigenskapane som vert trekt fram, men det vert skildra eit motsetningsforhold mellom høg kulturutøving og levemåte. Skorgen (2003) trakk fram i artikkelen sin korleis rasar aldri er objektivt gitt, men at fortolking, klassifisering og definisjon gjer seg gjeldande. Kva forfattarane vel å leggje vekt på ved framstillinga av desse

folkeslaga er eit resultat av utval, klassifisering og fortolking. Det var nok ikkje like mange retningslinjer i 1939 angående objektiv framstilling, og det er gjerne ikkje meir å forvente enn at framstillinga har subjektive innslag. Med det filosofiske bakteppet til Hume og Kant som eit utgangspunkt for raseteoriane på tidleg 1900-talet, som igjen var basert på reiseskildringar, kan ein i mange tilfelle forstå at ein tileigna rasane ulike karakteristikkar med påfølgjande tankar rundt veremåte. Raseforskarane på 1920- og 30-talet la også Darwin si utviklingslære til grunn for å forstå menneska og sosiale forhold, noko som igjen bygde opp under sjølvforståinga til europeiske nasjonalstatar.

USA blir trekt fram i eit delkapittel, og forfattarane har også her valt å framheva nokre dugleikar som skildrar amerikanaren. Ein amerikanar er ein person der den personlege, energiske innsats i høgare grad enn nokon annan stad har vore i stand til å bringe dei store resultatata, og uttrykket «the selfmade man» blir nemnd. Det står at kulturelt høyrer USA til dei leiande nasjonane, men når det kjem til sosiale tiltak ligg dei bak dei fleste europeiske statar. Dette grunnjev Haffner og Knudsen med å vise til *negersprøsmålet*. Forfattarane fortel om ein inngrodd motvilje hjå den kvite befolkninga som gjer at negeren endå må føle seg som slave. I sørstatane kan negrane ikkje bu på same hotell som dei kvite, ikkje ete på dei same restaurantane, og ikkje reise med dei same bussane og trikkane. Eit anna syn på negrane vert presentert under avsnittet om «næringsvegar». Her blir lesaren fortalt at jorda i USA er svært rik på kol, jern, koppar, petroleum, gull og sølv. Mykje ligg til rette for å utnytte og vinne ut ressursane som ligg i berggrunnen, og «..i sørstatene er arbeidskraften (negrer) dessuten billig» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 125).

Som lesar av desse avsnitta i 2018 kjenner eg på ein undertone av subjektivitet når eg les om dei ulike folkeslaga. Det er noko paradoksalt korleis forfattarane legg ut om *negersprøsmålet*, og viser til forskjellsbehandlingane negrane i USA opplever på 1930-talet, men presenterer likevel eit syn på at negrar er synonymt med billig arbeidskraft innan industrien. Kanskje forsøker forfattarane å modifisere og framstille objektivt – men det skin gjennom korleis samfunnsforståinga generelt er. Det er difor viktig å ha i bakhovudet at denne læreboka er gitt ut i 1939, og samfunnet hadde andre forståingar av menneska og sosiale forhold. Desse framstillingane kan gjerne relaterast til Darwin sin forståing av naturen sin utviklingshistorie der berre dei sterkaste og mest tilpassingsdyktige overlever, og som vart adaptert av raseforskarane og ført over på menneskelege og sosiale forhold (Skorgen, 2003). Som Robbins (2012) utdjupa, kan ein her med bakgrunn i Malthus sine tankar, samt den demografiske

overgangsmodellen, skimte idéen om at kulturar blir utvikla evolusjonært, og at vesten låg lenger framme i evolusjonen enn dei andre, mindre kultiverte verdsdelane.

Ein finn gjennom boka fleire utgreiingar om rasar og folkeslag, og avslutningsvis for dette delkapittelet kan ein vise til Mexico og India. Om Mexico står det at halvparten av folket høyrer til ein blandingsrase, fjerdeparten er indianarar, resten *kreoler*, altså etterkommarar av spanske og portugisiske innflyttarar. Her står det nemnd at politisk uro har verka svært hemmande på landet sin utvikling. Om India står det skildra at «..India er mer en verdensdel enn et land, og inderne utgjør ikke et folk på samme måten som for eksempel nordmennene. Det er mange språk og mange raser i dette landet, som etter China er det folkerikeste i verden» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 106-107). Det var på denne tida nokre restar av ein assimilasjonspolitik i Noreg, ein politikk som bygde opp under nasjonsbygginga med éin kultur, eitt språk og eitt folk (Wæhle, 2014). Difor anerkjende me gjerne ikkje dei andre minoritetane som trass alt var til stades i Noreg på denne tida, og fokuserte meir på eit land og eit folk når me skildra andre verdsdelar.

#### 4.1.2 Eurosentrisk perspektiv:

Lærebokforfatarane har under kvar verdsdel valt å fokusere på kulturaspektet i verdsdelen. Under nokre av desse avsnitta om kultur kan ein skimte ein meir deterministisk framstilling. Haffner og Knudsen (1939, s. 80) skriv blant anna om Afrika slik:

«Kulturelt ligger negrene gjennomgående langt tilbake. Bantufolkene står ennå for en stor del på samlerstadiet, mens en blant sudannegrene finner mange jordbrukere, håndverkere og handelsmenn. Heller ikke Nord- og Nordøst-Afrikas befolkning står høyt kulturelt. – De fleste bantunegrene er fetisjdyrkere, sudannegrene og Nord-Afrikas befolkning muhamedamere, kopterne og etiopierne kristne».

Her vert kulturformene og kor langt ein har kome med utviklinga, målt. Samlarstadiet er skildra tidleg i boka, og er i alle høgste grad prega av skildringar om primitive reiskap og levemåtar. Under avsnittet om politiske og sosiale forhold fortel forfatarane om korleis det er Europa sin kultur som pregar liv og verksemder i nesten heile verdsdelen. Europearen er herren som hentar rikdommane, afrikanaren er tenaren som hjelper europearen. Men her viser Haffner og Knudsen til at denne skeivfordelinga er på hell, og nemnar at det i den seinare tid har vore betydeleg framgang å spore.

Utviklingsprosessen frå eit tradisjonelt og underutvikla samfunn til eit moderne samfunn vart av teoretikarane innan moderniseringsteorien sagt å vere mogleg dersom ein fylgde den same stien som dei vestlege, europeiske landa hadde gjort (Binns, 2014). Rostow sin lineære utviklingsmodell vart ofte lagt til grunn, og utgjorde hovudtyngda i moderniseringsteorien. Dette var ein teori som råda på 1950- og 60-talet, og som ein kan sjå tendensar til i læreboka til Haffner og Knudsen. Det blir under kapittelet om kulturformer trekt fram korleis deler av den svarte, afrikanske befolkninga heng att i primitive levemåtar med enkle reiskap, og det ligg kanskje mellom linjene at denne befolkninga høyrer til det tradisjonelle samfunnet, som implisitt kan tolkast som eit underutvikla samfunn. I desse pre-moderne samfunna er det europearen som representerer framgang då han er herren som hentar ut rikdommane, men Haffner og Knudsen gjer som sagt lesaren igjen merksam på at denne skeivfordelinga ikkje er gunstig og påpeikar at ei endring er på gang.

Det er tilfelle at europearane til stadigheit vert nemnd under kapittelet om Afrika. Dette er kanskje ikkje så rart sidan svært mange afrikanske statar framleis var koloniserte på denne tida. Det står blant anna om korleis pygmeane lever i avsides skogtrakter, men at europearen har vanskeleg for å tole det fuktige, usunne klimaet. Det står også nemnd kor mange europearar det lever i dei ulike delane av Afrika, og korleis europearar, blant anna i Sør-Afrika, har alle dei leiande stillingane i både administrasjon og arbeidsliv. Men det er tydeleg at ei bevisstgjerjing om skeivheita er på dagsplan då Haffner og Knudsen igjen snakkar om at det no vert stilt krav til betre levevilkår og større moglegheiter for den farga delen av folket.

Postkolonialismen gjorde seg som sagt gjeldande etter andre verdskrig, men omgrepet fekk med tida ei anna tyding enn det først var tileigna. Då denne læreboka vart gitt ut i 1939 var det framleis vanleg å skrive om kolonialisme frå dei koloniserande sitt perspektiv. Dette lyser også gjennom boka til Haffner og Knudsen. Med å presentere tal på kor mange europearar det bur i kvar del av verdsdelen, kva posisjonar europearane har opparbeidd seg og kor store verksemder dei har lagt grunnlaget for, får ein eit inntrykk av eurosentrismen som rådar på denne tida. Med å definere Europa som navlen til verda, sette ein denne verdsdelen som midtpunktet, og alle andre delar av verda vart målt opp mot utviklinga i Europa. Under kapittelet om Sør-Afrika står det at Sørkysten har middelhavsklima, og fruktavlinga er i stadig framgang. «Frukten fra Kaplandet kan sendes til de europeiske markedene i mars-april, akkurat på den tiden da Europa har brukt opp sine egne avlinger» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 91). Her får ein igjen eit eksempel på eit eurosentrisk perspektiv ved å vise til at europearane kan ta imot frukt frå Sør-Afrika akkurat når vår eigen fruktavling er brukt opp. Her blir det nok ein gong fokusert på

Europa og at europearane alltid skal vere forsynt med frukt, sjølv når våre eigne fruktavlingar er brukt opp. Vesten blir nok ein gong sett i sentrum.

Under teorikapittelet vart det stilt eit spørsmål om kva det er som gjer at me ser på det moderne Europa som einstyddande med sivilisasjon. Harding (1998) og Wallerstein (1997) viser til korleis europeisk historieskriving systematisk framhevar trekk som underbyggjer ideen om Europa som ibuande demokratisk og sivilisert. Med å presentere vestlege historiske mønster som universelt gyldige, vert det samstundes presentert ein tanke om at denne samfunnsutviklinga er den logiske vegen å gå for mindre utvikla land. På sett og vis universaliserer ein det vestlege perspektivet ved å gjere andre moglege perspektiv gradvis mindre synlege, noko som fører til at det vestlege perspektivet blir naturalisert som universelt og det einaste moglege. Ein slik legitimering av vestleg dominans og imperialisme i lag med eit verdssyn strukturert av binære motsetningar er med på konstruere «dei andre» for å vidare kunne definere «oss» (Harding, 1998).

Ein stadig samanlikning til Europa kjem også fram under utgreiinga om fleire verdsdelar. Om Asia står det på side 95 at det er vesten sin kultur som dominerer, sjølv om folket mange stader har vist sterk motvilje mot å ta opp dei framande skikkane og gi slepp på eigne gamle tradisjonar. Med å skildre dei asiatiske skikkane og tradisjonane som gamle, antydar forfattarane at Asia ligg etter i utviklinga og ikkje har tatt del i det moderne samfunnet heilt enda. Under skildringa av Tyrkia fortel forfattarane om korleis Tyrkia i det 16.århundre var eit mektig rike med utstrekking heilt til Wien i vest, men at det etter stordomstida var ein jamn tilbakegang under seinare sultanar, før Kemal Atatürk i 1923 organiserte det moderne Tyrkia, ein republikk etter vest-europeisk mønster. Her kan ein få kjensla av at det er ein korrelasjon mellom moderne og vesteuropeiske mønster, noko som igjen kan minne om tankegangen under moderniseringsteorien.

At det vert skildra ein korrelasjon mellom moderne og vest-europeisk mønster kan også ha samband med det Samir Amin argumenterer for i boka *Eurosentrisme* (1992). I denne boka legg han fram korleis Europa og vesten sin posisjon i verdssamanhengen historisk har vekse fram gjennom globale relasjonar. Eurosentrisme blir legitimert gjennom den posisjonen og dei maktstrukturane Europa har utgjort opp gjennom historia, og det var denne posisjonen som var mest synleg for samfunnsvitarar og lærebokforfattarar på 1930-talet. Harding (1998) utdjupar korleis eurosentrismen sitt uttrykk blir mogleggjort av underliggjande sosiale strukturar, som eurosentrismen igjen bekreftar og legitimerer. At lærebokforfattarane i 1939 var prega av eit

eurosentrisk verdssyn har med andre ord opphav i dei sosiale strukturane som prega samfunnet, og som utgjorde konteksten for blant anna undervisning.

Me finn fleire tendensar til eit eurosentrisk perspektiv i kapittelet om Asia. Det blir lagt vekt på at det er *høgkultur* i Kina, og det blir fortald at hovudnæringa er jordbruk, men at gardane ikkje er store i størrelsen. Jorda er derimot fruktbar, og «..blir godt stelt av de flittige og nøysomme kinesiske bøndene, enda redskapene er svært primitive» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 102). Den høge kulturen blir skildra som eldgamal, og vidt forskjellig frå vår eigen. Forfattarane skriv også at kinesaren er konservativ og ser med motvilje på alt det nye som trenger seg inn i landet hans. Forfattarane påstår at kinesarane helst vil leve slik forfedra deira har levd frå gamalt av, både når det gjeld klede og bustad. Men, seier Haffner og Knudsen (1939, s. 103):

«..Likevel vinner vesteuropéisk kultur stadig mer terreng, særlig i byene, der det nå er moderne universiteter og skoler. Forretninger, banker og fabrikker er det ofte europeiske, amerikanske og japanske selskaper som eier».

Japan er eit land som i 1939 derimot var kome nærmare vesten i utvikling. Ein viktig faktor for utviklinga er hevda å vere den billige arbeidskrafta, billig mat, kvinne- og barnearbeid. Med ei slik arbeidskraft er landet blitt konkurrentar for europearane både i Austen, Afrika og i Europa. Eit anna aspekt me kan tolke som at Japan blir sett på som meir utvikla er deira villigheit til å ta i mot vesten sin kultur, utan å leggje vekk sine egne tradisjonar. Dette blir då satt i motsetning til kinesarane. Også her kan ein kanskje skimte eit «oss-fokus» då det om Japan blir skildra ein villigheit til å innlemme vestleg kultur, samstundes som det blir framheva at japanarane utgjør konkurranse for europearar som oppheld i ulike delar av verda.

Det må med andre ord kunne seiast å vere europafokus i læreboka frå 1939, og at dette gjerne var forventa då det i 1939 framleis var mange statar som låg under kolonimakter frå nettopp Europa. Under kapittelet om Sør-Asia og India står det om korleis engelskmenn i Indusdalen har gravd store kanalar og på den måten vunne mykje land. Eit ordsegn som blir trekt fram i den samanhengen er at «Hvert år vinner England et nytt Egypt i India» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 106). Dette summerer på sett og vis opp det Europafokuset ein er vitne til, og som postkolonialistane seinare utgjorde ei stemme mot.

#### 4.1.3 Høg/låg utvikling:

Som det har kome fram i delkapittela over vert det til stadigheit vurdert rundt ein høg og låg kulturutøving, og ein kan trekkje parallellar til høg og låg utvikling. I kapittelet «natur og kultur» innleiingsvis, blir blant anna kulturformer tatt opp. Om kulturformer blir det utdjupa

korleis menneska på jorda dyrkar og brukar jorda. Det blir skilt mellom kulturfolk og naturfolk, der kulturfolk er dei som har greidd å gjere seg til herre over naturen, medan naturfolk vert skildra som primitive folk. Samlarane vert rekna som «dei lågtstående folk» som med primitive reiskap lever frå hand til munn og streifar rundt for å leite etter mat. Eit bilete på side 33 viser ein «..Australneger på samlarstadiet. Stokken han holder i hånden, er et primitivt kastevåpen» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 33). Mannen på biletet står med eit tøyestykke rundt livet og ei avliva kanin i den andre handa. I tillegg til å påpeike det fleire gongar i teksten, framhevar biletet den primitive levestandarden til den såkalla «samlaren» på biletet.

Frå eit fagleg, antropologisk noverande syn, er nemninga «primitiv» uheldig då ingen nolevande folk kan gi oss nokon klar idé om korleis dei fyrste menneska levde i samfunn. Dei fleste antropologar unngår difor å bruke omgrepet «primitiv» om nolevande folkegrupper då ordet i mange tilfelle kan oppfattast som nedsetjande av dei som blir omtala på denne måten (Wæhle, 2018). Men at ein brukte nemninga i 1939 treng likevel ikkje å sei at ein snakka nedsetjande om vedkommande. I boka til Haffner og Knudsen blir ordet brukt mest som skildring av reiskap og levemåte, ikkje direkte om personane. Likevel kan ein stille spørsmålet om ein brukte dette omgrepet aktivt for å fremje skilnadar i utviklinga. Måten ein har sett på utvikling har som sagt endra seg opp gjennom tida, det same har måten ein har sett på befolkningsutvikling. Dette vil eg kome tilbake til i utgreiinga om *SOL-serien* frå 1976.

Dei andre kulturformene som blir nemnd trekkjer blant anna fram menn- og kvinnearbeid. Under «jordbrukere» står det korleis menna ryddar skogen, høgger ned trær og buskar og sviar ned gras. Kvinnene sår, set stiklingar og sørger for innhaustinga. Dette kallar forfattarane for ein primitiv form for jordbruk, og det blir difor framheva korleis plogen revolusjonerte jordbruket og arbeidet. Bruk av plog var tungt arbeid, og difor måtte mannen overta jorddyrkinga då plogen kom på banen. Denne plogen gir oss som lesarar også eit eksempel på «oss» versus «dei andre». Eit bilete som viser to oksar som dreg ein plog har denne figurteksten:

«Åkerbruk i Etiopia. Ennå pløyer den etiopiske bonden med treplog. Hos oss gikk den av bruk i forrige århundre. En kan finne den avbildet på helleristninger, så gammel er den» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 35).

Her er det ein tydeleg samanlikning mellom «oss» i vesten, og «dei andre». Det blir fortald at åkerbruket i Etiopia ligg langt bak utviklinga i Vesten, og dette vert ein form for å legitimere vesten sin posisjon nok ein gong. Ein kan stille seg spørsmålet om ein med hjelp av ein eurosentrisk metodologi produserer eit bilete av sjølvgenererande, moderne, vestlege samfunn



som lausrive frå globale relasjonar, som Harding (1998) viste til. Harding påpeika at ved å konstruere eit «oss» som sjølvgenererande, impliserer ein samstundes at desse moderne, vestlege samfunna kan forklarast utelukkande frå sin eigen indre dynamikk, som igjen er basert på ei utvisking av dei globale, sosiale relasjonane som er vevd inn. Her blir altså ikkje «dei andre» konstruert og presentert som ein motsetning for å fremje vesten sin posisjon, men blir heller gradvis meir usynleg og utelukka frå iakttakinga om framveksten av vestlege land sin dominerande og privilegerte posisjon. I eksempelet frå Etiopia kan ein finne trekk av både ein framheving av motsetningsforholdet, samt ei utvisking av desse gardbrukarane sin betydning, for å vise til kor langt Europa har kome i utviklinga.

Eit skilje mellom høg/låg utvikling kan ein også finne under delkapittelet om Australia. Her blir dei innfødde skildra som *australnegrar*, og i fylgje forfattarane høyrer dei til det lågtstående folk på jorda. Dette hevdar dei at kanskje ikkje er noko å undre seg over, så fattig som Australia sin natur er.

«Dessuten har de lenge vært ute noen forbindelse med andre folk. De er derfor aldri kommet lenger enn til steinaldertrinnet. De minsker stadig i tall, nå er det bare 60'000 tilbake. På *Tasmania* er de innfødte helt utryddet» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 112-113).

Heile folket elles er innvandra frå Europa. I mange år brukte Storbritannia landet som straffekoloni, men då det omkring 1850 vart oppdaga rike gullforekomster, kom det ein mengde frie innvandrarar, særleg engelskmenn, dit. Denne framstillinga er noko anna ein måten dei snakkar om New Zealand på. Her legg dei vekt på at dei innfødde, *Maoriene*, hadde ein høg kultur då dei kvite kom til landet. Også *Polynesierne* hadde ein viss grad av kultur då dei kvite kom dit. Dette grunnjev Haffner og Knudsen med at dei hadde danna statar.

Igjen kan ein trekkje ei linje til orientalismen sine binære motsetningar. I avsnittet om Australia får me ikkje berre inntrykk av eit motsetningsforhold mellom europearane og australnegrane, urbefolkninga i Australia vert også satt opp i mot dei innfødde av New Zealand. Det er kulturnivået som vert målt, og med å leve som naturfolk i ein fattig natur vert australnegrane i 1939 skildra som lågtstående folk. Maoriene blir derimot presentert som eit folk med høg kultur, utan at det vert utbrodert kva denne høge kulturen er kjenneteikna av.

Under avsnittet om India står det om Brahmareligionen (hinduisme) og deira inndeling i kaster. Overgangen frå ein kaste til ein annan er umogleg. Vidare står det at dei mest utbreidde religionane er *muhammedanismen*, *buddhismen* og *brahmalæren*, og her er det skutt inn «..med alle de underlige seremoniene og skikkene. De grublende og ofte livsfjerne indere har i alle

tider hatt vanskelig for å hevde sin sjølstendighet overfor mer krigerske folkeferd» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 107). Ein mogleg fortolking av dette som stemmer overeins med hovudmønsteret er at ukjende religiøse skikkar blir trekt fram og vurdert som ein mindre viktig kultur. Dette er noko ukjend som blir satt opp i mot det vestlege, og som av den grunn kan auke polariseringa mellom «dei andre» og «oss».

#### 4.1.4 Geografi for den høgere skole - oppsummert

I læreboka til Haffner og Knudsen frå 1939 er det generelt mykje ein kan ta av. Dette er gjerne ikkje så rart då dette er ei lærebok laga for 7.-9. årstrinn, og skal av naturlege grunnar innehalde meir pensum enn lærebøkene frå 1976 og 2008 som er laga for eit enkelt årstrinn. Denne boka ber preg av regionalgeografien som råda innan feltet, det er ein tendens til at ein studerer forholdet mellom menneska sin kulturbakgrunn og moglegheitene i naturen i den enkelte region (Holt-Jensen, 2007, 2009). Boka er med andre ord detaljorientert, ein får vite mange fakta om kvar verdsdel, kvart land og landområde på få sider. Som snart utdanna lærar som skal inn å undervise vil eg påstå at boka er skriva med eit tungt språk, og er ikkje den lettaste å lese for elevar i 13 til 15 årsalderen. Men det er viktig å hugse på at det var andre tider, og andre krav til undervisning og undervisar i 1939. Den samfunnssituasjonen som råda då boka vart skriven er svært viktig å ha med som kontekst, og dette har det blitt reflektert mykje rundt. Ein ser nemleg eit tydeleg skilje i måten befolkninga i ukjende verdsdelar er blitt presentert før og no.

I boka frå 1939 er det eit tydeleg rasefokus. Inndelinga i den kvite rasen, den gule rasen og den svarte rasen gir lite rom for å kunne blandast, og rasane vert skildra med idealtypiske, ytre biologiske trekk. Ein kan ane ein tendens til å tileigne rasane indre psyko-moralske dugleikar, sjølv om det siste ikkje står like tydeleg fram i teksten som dei ytre biologiske trekk. Som vist til i kapittel 4.1.1 kan ein ikkje kritisere lærebokforfatarane for hardt for dette når ein har vissheit i kva raseteoriar som råda på denne tida. Raseteoriane var igjen tufta på filosofen David Hume og hans generalisering rundt befolkninga i Afrika, samt at Darwin sine naturlover også bygde opp under tydelege motsetningar.

Eit anna trekk som står tydeleg fram i boka frå 1939 er Europa sin rolle i verda. Det har blitt trekt fram fleire eksempel der europafokuset kjem til syne, og det kan skimtast ein eurosentrisk tilnærming til presentasjonen av framande verdsdelar. Å universalisere det vestlege som norm kom også fram i moderniseringsteorien der det vart lagt opp til at utviklingslanda skulle fylgje vegen Europa tok då me opplevde økonomisk vekst og utvikling (Gould, 2015). Ein annan dimensjon ved eurosentrisme var som kjend orientalisme. Said (2003) utdjupar korleis

orientalisme handlar om korleis ikkje-vestlege sivilisasjonar har i vesten blitt skildra som «det andre» - i eit motsetningsforhold til det vestlege. Det er dette motsetningsforholdet som kan peikast på i nokre delar av Haffner og Knudsen si bok, og som byggjer opp under måten ein framstilte «dei andre» på.

## 4.2 FIGVED, FOSSUM OG ARRESTAD: SOL-SERIEN, GEOGRAFI 3, LÆREBOK FRÅ 1976

I teoridelen av denne oppgåva blei det vist til at mønsterplanen frå 1974 har ein større grad av global tilnærming til faget. Då denne læreplanen la grunnlaget for «fellesskulen» la den også grunnlag for meir forståing og aksept til globale skilnader. Dette ser me att i geografiboka til *SOL-serien* der det kan seiast å vere eit meir moderert språk, samstundes som det er mindre grad av verdilada påstandar som ein til tider kan oppleve i eldre lærebøker. *SOL-serien* har i geografiboka for 9.trinn via Norden flest sidetal i boka, men dei påfølgjande verdsdelane er alle representert og utbrodert. «Folk og språk» samt «folkegrupper og samfunnsklasser» er eigne kapittel trekte fram i arbeidsområda om Sovjetunionen, Nord-Amerika, Afrika og Latin-Amerika, medan det i dei andre verdsdelane blir snakka om befolkning gjennom avsnitt som omhandlar folkemengd, minoritetar, religion og kulturverdiar.

Som i normalplanane ligg også hovudvekta i mønsterplanen frå 1974 på samanhengen mellom naturforhold, busetjing, næringsliv, kulturliv og levevilkår. Dette punktet fylgjer *SOL-serien* godt opp då kvar verdsdel vert presentert med tilsvarande kategoriar. Det som derimot skil seg ut frå normalplanane er tanken om å vekke elevane si interesse for menneska sine liv og virke i ulike delar av verda. Dette er vanskeleg å måle då ein ikkje kan sei noko om denne boka faktisk vekka interesse hjå lesarane, med det har blitt vurdert om presentasjonen av andre samfunnsforhold er verdilada eller ei. *SOL-serien* har i geografiboka for 9.trinn eit globalt perspektiv, og klarar i nokon lunde grad å vere objektiv i framstillinga av «dei andre». Som det blei trekt fram i kap. 2.5.2 står det i mønsterplanen at ein må vere forsiktig med å bruke vår målestokk for effektivitet og dugleik ved behandlinga av levekår og livsmønster som for oss kjennest primitive. Dette blir vurdert, og som det vil kome fram i delkapitla under, ser ein tendensar til at forfatarstemma skin noko gjennom, og heilt objektive klarar ikkje forfatarane å vere. I 1976 gjekk det norske samfunnet gjennom ei brytningstid, og det kan diskuteras om nettopp dette også skin gjennom framstillinga. Dette vil bli drøfta meir inngående i kapittel 5.

I avsnitta under vil ulike funn om befolkningsframstilling igjen bli presentert og drøfta ut frå meiningsinnhaldet. I desse kapitla har også funna blitt strukturert etter kategoriane raseperspektiv, eurosentrisk perspektiv og høg/låg utvikling, og ein ser tendensar til at kategoriane interagerer med kvarande også her.

#### 4.2.1 Raseperspektivet

I geografiboka til *Sol-serien* frå 1976 finn me fleire eksempel på at raseperspektivet framleis gjorde seg gjeldande. Også i denne boka vert ein og ein verdsdel trekt fram, med påfølgjande utgreiing av utvalde land som inngår i verdsdelen. Under kapittelet om Nord-Amerika står det nemnd korleis indianarane i nybyggartida vart til dels utrydda og dels jaga vekk frå landområda sine og samla i reservat. Lærebokforfattarane viser til korleis USA frå 1880-talet og utover forsøkte å gi indianarane rettigheter og integrere dei i samfunnet. Men indianarane ynskte ikkje å ta del i den kvite manns kultur. Så seint som i 1970 gjekk dei amerikanske myndighetene inn for å opne opp for at indianarane kunne utøve sin eigen kultur og eigenart. Negrane derimot, ynskte fulle borgarrettigheter men fekk det ikkje. I fylgje lærebokforfattarane vart dei møtt med «..dei kvite sine fordommer mot ‘svartinger’, og negrenes kamp for fulle rettigheter har pågått i over hundre år» (Figved, Fossum & Arrestad, 1976, s. 56).

Ordet *neger* blir framleis brukt i læreboka gitt ut i 1976, både om Nord-Amerika og Afrika, men ein tolking er at ordet ikkje blir brukt på nokon nedsetjande måte. Omtalen av negrane i USA verkar heller å vere prega av eit ynskje om likestilling også frå lærebokforfattarane si side. I 1976 var det som tidlegare nemnd Mønsterplanen frå 1974 som sette rammer, og skulesystemet opererte ikkje med nemninga «felleskulen» utan grunn. I 1976 var det eit større fokus på å integrere alle i eit velferdssamfunnet, noko som ser ut til å prege framstillinga av negrane i USA. Dette er noko også Skjelbred et al. (2017) trekkjer fram då dei kort presenterer *SOL-serien* i boka *Norsk lærebokhistorie*.

Under verdsdelen Afrika har forfattarane valt å vie eit kapittel til landa sør for Sahara. Her blir det trekt fram ulike folkegrupper, men ein kan peike på ei trend til å snakke om sub-Sahara som ein plass. Det kan tolkast som ein form for generalisering, noko blant anna Rosling (2013) utgjorde ei stemme mot. Det som skil skildringa av befolkninga i denne verdsdelen frå skildringa av befolkninga i dei andre verdsdelane, er at forfattarane har satt av tre sider til å snakke om dei ulike folkegruppene. Ingen annan verdsdel har ein slik omtale av ulike folkegrupper, då fokuset på befolkning generelt er avgrensa. Men om folkegruppene i Afrika sør for Sahara har forfattarane trekt fram både etniske grupper og *stadige blandingar*. Figved et al. (1976) skildrar negrane som eit folk med svart hud, krusa hår, tjukke lepper og framstående underansikt. Dei hevdar at denne folketypen truleg har utvikla seg i regnskogane i Vest-Afrika, og sidan spreidd seg til andre område. *Masaiane* blir trekt fram og omtala som eit folkeslag som tidlegare var kjend for å vere krigerske.

I *SOL-serien* blir det også trekt fram idealtypiske trekk ved folkeslaga, og nok ein gong er det ansiktstrekka som blir framheva. Negrane blir skildra med særskilde ansiktstrekk, men i motsetning til læreboka frå 1939 vert det greidd mindre ut om kultur og levemåte. Masaiane i Kenya og Tanzania vert nemnd som eit folkeslag som var kjend for å vere krigerske, og det blir fortald at slike krigerske tokter vart utført av unge menn som ikkje kunne gifte seg eller slå seg til ro før dei fylte tretti. Forfattarane fylgjer opp denne påstanden med å påpeike at det er lett å forstå at det byr på problem å integrere ei slik folkegruppe i ein moderne stat. Her skin forfattarstemma noko gjennom, og ein kan ane ein litt pessimistisk undertone. Skorgen (2003) påpeikte jo at rasar aldri er noko som er objektivt gitt, men blir til sosialt og kulturelt gjennom utval, fortolking, klassifisering og definisjon. Her kan ein altså sjå tendensar til ein subjektiv undertone, skapa gjennom nettopp fortolking.

Under Afrika trekkjer forfattarane linjer vidare og seier som tidlegare nemnd at det er lett å forstå at det byr på problem å integrere ei type folkegruppe som Masaiane i ein moderne stat. Utviklinga var på denne tida tenkt å skulle fylgje europearane sine eksempel, og på denne måten oppnå ein moderne stat. Kva Masaiane sjølv ynskte skriv ikkje forfattarane noko om, sjølv om ein gjerne kan tenkje seg til det. Nigeria og Biafrakrigen vert også nemnd under kapittelet om Afrika. Her blir ein fortald at eit folkeslag i Nigeria, *Iboane*, lausreiv seg og danna eigen stat. Dette resulterte i ein blodig borgarkrig der Iboane til slutt vart nedkjempa. Figved et al. (1976) meiner dette illustrerer kor vanskeleg det er å samle ulike etniske grupper i ein og same stat.

Om mellom- og Sør-Amerika hevdar forfattarane at folkemengda i Mexico skapar eit problem, men at kunnskapsnivået blant folka likevel er høgare enn i dei fleste u-land. Meksikanarane ser verdien i dei gamle indianarkulturane (mayaenes og aztekarane sin kultur), og byggjer vidare på dette i sine eigne kulturelle uttrykksformer. Rio de Janeiro i Brasil blir nemnd som ein av Latin-Amerikas største byar, og inntil eit oversiktsbilete av byen står det at det er ein uhyggeleg motsetning mellom dei moderne høghusa og dei usle bustadane i slumstrøket som strekkjer seg oppover fjellskråninga midt på biletet. Her blir det brukt eit verdilada ord for å skildre bustadane i slumstrøka, og ein kan drøfte om ei skildring av fattigdom i dei fleste tilfelle alltid vil vere verdilada.

I kapittelet om mellom- og Sør-Amerika er det via to sider til «folkegrupper og samfunnsklasser». Her skildrar lærebokforfattarane blant anna korleis indianarane ikkje makta slavearbeid då europearane okkuperte landet deira.

«Det var ikke fordi de var ‘svakelige’. Tvert imot var de herdet gjennom årtuseners kamp for å overleve under vanskelige naturforhold. De bukket under dels fordi kontakten med de hvite smittet dem med sykdommer som aldri før hadde forekommet i Den nye verden, og dels fordi indianerne mistet livsviljen da de mistet friheten og sin gamle kultur» (Figved et al., 1976, s. 103).

Også ulike etniske grupper vert trekt fram, og det vert skildra korleis ulike indianarstammer kjempar «ein håplaus kamp» for å ta vare på sin eigen kultur og eigenart. Vidare forklarar forfattarane at dei brasilianske myndigheitene forsøkjer å samle gjenlevande i nasjonalparkar og reservat, men at dei helst vil integrere dei i moderne, brasilianske samfunn. Her får ein som lesar igjen kjensla av at ein moderne stat nok ein gong er målet, i staden for å kreditere kultur og eigenart som noko verdifullt i seg sjølv. Dette skal me sjå fleire eksempel på i delkapittelet om eurosentrisk perspektiv.

#### 4.2.2 Eurosentrisk perspektiv

Under delkapittelet om Kina kjem det fram korleis folkemengda er i stadig vekst, og at myndigheitene oppfordrar til seine ekteskap. Staten gir også fordeler til dei familiane som har få born. Her ser me ein tydeleg forløpar til eittbornspolitikken som vart innført i 1979 (Mjøset & Skarstein, 2016). Eit anna delavsnitt som seier noko om befolkninga er avsnittet om ressursar, her trekkjer Figved et al. (1976) fram korleis Kina veit å gjere bruk av menneskeleg arbeidskraft. Lærebokforfattarane legg vekt på korleis kinesarane ikkje satsar på arbeidssparande maskiner då dette vil føre til arbeidsløyse og auka energibruk. Det arbeidet som blir utført av bulldosarar og gravemaskiner i industrialiserte land, utfører kinesarane med hakke og spade i heimlandet sitt.

I avsnitta om Kina får me ein samanlikning til Europa og Noreg. Då denne boka kom ut i 1976 var Noreg i startfasen av oljeeventyret, velferdsstaten hadde sitt inntog og me var ein stat i stadig utvikling. Kina, derimot, tok ikkje del i den kraftige utviklinga då dei brukte enkle reiskap og heller fleire personar til å utføre arbeidet. Moderniseringsteorien som var særleg utbreidd på 1950- og 60-talet la vekt på at ei modernisering innebar ein endringsprosess mot det sosiale, økonomiske og politiske systemet som hadde blitt utvikla i Vest-Europa og Nord-Amerika. Arthur Lewis sin dualistiske samfunnsmodell representerte eit syn på korleis ein med å flytte seg frå ein tradisjonell sektor prega av stagnerande sjølvforsyningsøkonomi og over til ein moderne sektor prega av høgare produktivitet ville oppleve utvikling, og Rostow teikna, som tidlegare nemnd, fem fasar ein måtte gå gjennom for å oppnå ei tilsvarande utvikling som i vesten. Denne tanken låg gjerne bak framstillinga av arbeidskrafta og arbeidsfordelinga i Kina,

sjølv om framstillinga nødvendigvis ikkje er negativt lada. Vidare står det i avsnittet om industri at Kina i 1970 sende opp sin fyrste satellitt, og at landet ikkje kan reknast som eit u-land når det gjeld tekniske kunnskapar. Forfattarane får dermed fram utviklinga Kina tross alt har gått gjennom, men som lesar kan ein bli forvirra av ein noko tvitydig framstilling av kinesarane.

Ein slik tvitydig framstilling av arbeidsevna finn ein fleire stader gjennom boka. I nokon land omtalar forfattarane befolkninga og arbeidsevna til folket som ein ressurs, som for eksempel i Japan, medan befolkninga i andre land heller vert omtalt som eit problem, slik som me vitna om Mexico og andre delar av Latin Amerika. Den menneskelege arbeidskrafta blir også trekt fram som eit aspekt i jordbruket i India. Det vert skildra korleis den menneskelege innsatsen er stor, men avkastinga beskjeden. Då britane byrja sin industrialisering i India vart det protestert sidan industri innebar å innføre arbeidssparande maskiner, og at dette var meningslaust då det i India var overflod på nettopp menneskeleg arbeidskraft. Industri betydde også masseproduksjon av varer, noko indarane sitt store fleirtal ikkje har råd til å nytte seg av. «Landets største ressurs er overfloden på menneskelig arbeidskraft, og overalt i verden bør man først og fremst ta i bruk de ressursene som finnes på stedet» (Figved et al., 1976, s. 70).

Malthus og Boserup representerer to ulike komponenter i befolkningslæra. Dei utgjer motpartar i tolkinga av korleis ein vel å sjå på befolkning som ein ressurs eller ikkje. Når det kjem til å sjå på befolkninga som ein ressurs, slik som Figved et. al gjer i utgreiinga av fleire land i Asia, kan ein trekkje linjer til Esther Boserup og hennar teori om befolkningsvekst. Der Malthus meinte at befolkningsveksten ville føre til ressursknappheit, argumenterte Boserup med at knappheita derimot ville tvinge fram nye løysingar som kunne auke bereevna (Benjaminsen & Svarstad, 2017). Hennar dynamiske forståing av bereevna representerte eit syn på menneska som ressurs, noko som stemmer godt overeins med framstillinga av menneskeleg arbeidskraft fleire stader i verda.

Lærebokforfattarane av geografiboka i *SOL-serien* verkar heller ikkje til å vere spesielt kritiske til bruken av menneskeleg arbeidskraft heller enn maskiner, og det heile handlar kanskje om korleis ein vel og sjå på utvikling. Ulike utviklingsteoriar fremjar ulike utviklingsstrategiar, og teorien om komparative fortrinn vart diskutert både innan avhengighetsteoriane og nyliberalismen, som var dei to utviklingsteoriane med størst slagkraft rundt utgivingsåret av denne læreboka. David Ricardo skildra i 1817 korleis ein på bakgrunn av 'absolutte fortrinn' vil auke økonomisk velstand dersom ein spesialiserer produksjonen på det produktet ein har eit komparativt fortrinn på (Sapsford, 2014). Han meinte at ein gjennom spesialisering vil kunne vere meir effektiv, og at dette igjen vil skape større kapasitet for vekst. På denne måten kunne



knappe ressursar bli brukt meir effektivt. Her kan ein trekkje ei linje til menneska som ressurs, spesielt i fleire av dei asiatiske landa som blir nemnd i læreboka. Men avhengighetsteoretikarane Prebisch og Singer studerte korleis komparative fortrinn fungerte i praksis, og argumenterte for at byteforholda som oftast minka, og det til fordel for dei industrialiserte landa. Ved ein spesialisert arbeidsdeling ville landa som stod for råvareressursane og primærnæringane kun få ein liten del av utbyttet, og som ein konsekvens ville desse landa, som utgjer den tredje verda, ikkje klare å lausrive seg og utvikle seg innan den kapitaltiske verdsøkonomien (Sapsford, 2014). Ein slik utvikling i kjernen ville med andre ord føre til underutvikling i periferien, noko me seinare skal vitne at er aktuelt å diskutere også den dag i dag. Ein annan utviklingsstrategi innan nyliberalismen var å satse på menneskeleg kapital heller enn fysisk kapital. Dette vart av John Toye (1993) kalla kontrarevolusjon, og me kan ane tendensar til at desse tankane gjorde seg gjeldande i utviklinga i Asia.

#### 4.2.3 Høg/låg utvikling

Australia vert trekt fram som den minste verdsdelen, som på 1700-talet vart erobra av kvite europearar. Også i denne læreboka vert dei innfødde nemnd, og forfattarane fortel om korleis dei innfødde endå var på steinaldertrinnet då europearane fyrst kom, samt at dei i lang tid vart rekna som lågareståande. Men lærebokforfattarane fortel også om utviklinga, og at australnegrane fekk stemmerett på 1960-talet. Det som derimot vert den påstanden eg som lesar bit seg mest merke i, er måten forfattarane skildrar kulturen til australnegrane; «Det er lite trolig at de vil kunne bevare noe av sin merkelige, gamle kultur» (Figved et al., 1976, s. 72). At levemåten til australnegrane vert skildra som merkeleg er kanskje eit teikn på at forfattarane ikkje heilt forstår seg på dette levesettet. Og igjen skin forfattarstemma gjennom ved at forfattarane kjem med ein subjektiv påstand i ei bok dei i stor grad har helde seg objektive i framstillingane. Denne tolkinga stemmer overeins med tolkinga til Skjelbred et al. (2017) over same funna. *SOL-serien* vart gitt ut i brytningstida mellom eit europafokusert perspektiv og eit nyare 'politisk korrekt'-perspektiv. Det var på denne tida at nyliberalistane gjorde sitt inntog og introduserte nye, liberale syn på utvikling, og argumentere for ein ny organisering av marknad og samfunn for å oppnå nye nivå med velstand, slik som skildra i avsnittet over.

Når det kjem til utgreiinga om den arabiske halvøya vel Figved et al. (1976) å ta opp slavehandelen som i mange år var ein svært innbringande næringsveg for halvøya. Slavar frå det afrikanske fastlandet vart importert til den arabiske halvøya i fleire hundre år, men vart stogga av britane på 1800-talet. Først i 1962 vart slavehandel forbode i Saudi-Arabia, men lærebokforfattarane nemner at det blir påstått at forbodet ikkje vert handheva med noko særleg

strengheit. Denne enkle setninga her tek ikkje stor plass, men det ligg svært mykje bak. At slavehandel av afrikanske slavar framleis står på i 1976 er alarmerande for lesaren, og framhevar nok ein kontrast mellom Vesten og det globale sør. Men Figved et al. utdjupar ikkje denne slavehandelen noko meir. Her kan ein drøfte om postkolonialismen gjorde seg gjeldande eller ei. Innfallsvinkelen til postkolonialistane på 1970-talet gjekk ut på å diskutere dei kulturelle effektane av kolonialismen. Med det som utgangspunkt ynskte dei postkoloniale teoretikarane å vise at kolonialisme tross alt handlar om meir enn okkupasjon av landområde, det handlar også om endringar og påverknad på sosiale strukturar og levemåtar. I tilfellet om slavehandelen på den arabiske halvøya vert det ikkje diskutert rundt dei kulturelle effektane. Framstillinga av slavehandelen er kortfatta og nøytral, og opnar ikkje direkte opp for ein diskusjon rundt emnet. Om dette er bevisst eller ikkje veit ein ikkje.

Eit siste døme som kan trekkjast fram om kontrastar og skilnad i utvikling finn me i avsnitta om Afrika. Om Sør-Afrika står det at Zuluane oppheld seg. Då denne boka vart gitt ut i 1976 budde Zuluane på områder dei kapra av dei etniske gruppene *buskmenn* og *hottentottar*. Avsnittet fortel om korleis zuluane på 1800-talet danna eit stort rike med ein godt organisert hær, som med forfattarane sine ord «...til og med klarte å slå britene i et stort slag» (Figved et al., 1976, s. 78). At Zuluane makta å slå britane i eit stort slag er overraskande då britane tross alt må ha vore svært overlegne i våpen og maskiner. Og med å skrive det på den måten som forfattarane gjer, får ein kjensla av at det var store skilnader i utviklinga, og at denne skilnaden skulle ha gitt utslag i ein krig i Sør-Afrika. Det blir på sett og vis nok eit eksempel på ein polarisering mellom «oss» og «dei andre».

#### 4.2.4 SOL-serien - oppsummert

Mønsterplanen frå 1974 la grunnlaget for fellesskulen og i det låg det eit mål om meir aksept og forståing av globale skilnader. På 1960- og 1970-talet kom det ei nyorientering i retning teori- og modellutvikling, utgangspunktet var ei misnøye med blant anna regionalgeografien som vart sagt å vere lite teoretisk og uvitskapleg. Den nye, moderne geografien skulle famne om romlege lover og gjere faget meir vitskapleg gjennom hypotesetesting og teoriutvikling. Ut frå dette skulle ein finne generelle lover. Denne retninga nådde for alvor Europa ved byrjinga av 1970-talet, på denne tida gjekk ein inn for sterkare spesialisering og eit skilje mellom natur- og samfunnsgeografi (Holt-Jensen, 2009).

Geografilæreboka til *SOL-serien* er utforma for undervisning på 9.trinn, som på den tida var siste året i grunnskulen. Til tross for at vitskapsfaget fekk ein meir nomotetisk tilnærming til faget, stod det regionalgeografiske fokuset sterkt innan grunnskulen (Andersen, 2015). At boka

er laga for 9.trinn og ikkje heile ungdomsskulen gjer også til at omfanget av denne boka er mindre enn geografiboka til Haffner og Knudsen. Nokon ting kan ein likevel peike på, og at boka verkar prega av ei brytningstid i samfunnet er ein av dei. Brytningstida kjem til syne på fleire plan, og eit av desse aspekta er korleis ein valde å sjå på befolkning. I boka til Figved et al. (1976) såg me korleis den store befolkningsauken i Asia vart skildra med ein positiv undertone i høve billig arbeidskraft og rett utnytting av den viktige ressursen som arbeidskrafta var. Befolkningsveksten i Sør-Amerika vart heller rekna for å vere eit problem, og me vitna skilnaden i korleis å sjå på befolkning. På 1960-talet gjorde nymalthusianismen sitt inntog, og snakka høgt om korleis befolkningsveksten måtte bremsast for å unngå verdskatastrofar (Benjaminsen, 2002). På same tida stod Esther Boserup fram og valde å fremje synet om befolkningsauken som ein nyttig ressurs (Gould, 2015). Ser ein på utviklingsteoriane svinga det i tida frå 1950 til 1980 mellom tankane om sterk statleg styring, avhengighet, opne marknader, komparative fortrinn og menneskeleg kapital, og ein kan ane ein brytningstendens også der.

I mønsterplanen frå 1974 står det at skulen og lærebøkene må vere saklege i sin framstilling. Det vert oppfordra til å ha ein fordomsfri haldning til folk med ein annan religion, anna hudfarge, anna samfunnsoppfatning og skikkar. Analysen av boka har vist at dette blir til ein viss grad fylgd. Når det kjem til europafokuset som ein tydeleg såg gjennom læreboka frå 1939 finn ein også eit europafokus her. Den demografiske overgangsmodellen viser at befolkninga kan avtaka eller stabilisere seg etter kvart som modernisering og industrialisering blir nådd. Tankane var på 1960- og 1970-talet framleis at utviklingslanda måtte sjå til vesten og fylgje same stien som me hadde gjort. Nettopp dette vert teorien om demografisk overgang kritisert for, då eit stort fokus på suksessoppskrifta til vesten kan bidra til ein polarisering mellom vesten og «dei andre» (Robbins, 2012). Mønstra i boka frå 1976 viser at ein på denne tida framleis sette dei europeiske ideala høgt, og dermed opplevde ein gjerne også ein spenning mellom Europa og alle andre.

### 4.3 UNDERVEIS – GEOGRAFI 10, LÆREBOK FRÅ 2008

*Underveis – geografi 10* har lagt opp boka noko annleis enn bøkene frå 1939 og 1976. Dette er ikkje så rart då læreplanen har endra seg kraftig sidan den første normalplanen i 1939, og me har gått frå å ha vegleiande læreplanar til meir styrande dokument (Mikkelsen, 2015). På tross av at Kunnskapsløftet vert sett på som ei forskrift og eit meir styrande dokument er det rom for tolking innan både val av innhald og kompetanseskildringar. I *Underveis* er det Birkenes og Solberg Østensen som har stått for fyrstelinjetolkinga, og deira val kan seiast å stemme godt overeins med måla i Kunnskapsløftet. *Underveis Geografi 10* er ei av tre geografibøker elevane vert introdusert for i Underveis-serien, og i denne boka er det verda som skal utforskast. Boka er delt inn i fem hovuddelar, der den første og største delen handlar om verdsdelane og eit utvald land i kvar verdsdel. Her blir lesaren presentert for dei same underkategoriane for kvar verdsdel, og «befolkning og busetjing» er ein av dei.

Dei fire andre hovuddelane i boka er alle samfunnsgeografiske og handlar i stor grad om befolkning. Dette samsvarar med vektlegginga av befolkningsutvikling i læreplanen. Elevane blir presentert for ei oversikt over befolkningsvekst og befolkningsstruktur, busetjingsmønster vert presentert, det same vert flytting og migrasjon. I Kunnskapsløftet blir det presisert at å forklare og drøfte variasjonar i levekår i ulike delar av verda, samt å samanlikne og vurdere dei store skilnadane mellom fattig og rik, er viktig. Dei ulike delane av boka grip fatt i dette, og gjennom analysen vil det bli drøfta korleis læreboka framstiller saker som gjeld u-landsbefolkninga.

#### 4.3.1 Raseperspektivet

Raseperspektivet er blitt mindre i boka frå 2008. Det vert heller snakka om folkegrupper, og ein sortering finn framleis stad. Brasil er landet som er presentert under kapittelet om Sør-Amerika. Her blir det trekt fram at befolkninga har sitt opphav frå tre hovudgrupper med innvandrarar, nemleg kvite europearar, afrikanarar og asiatar. I tillegg kjem urfolket i landet, indianarane. Vidare viser Birkenes og Østensen (2008) til at Brasil er det landet i Sør-Amerika med størst forskjell mellom fattig og rik. Dette underbyggjer dei med å fortelje lesaren at 1% av befolkninga eig 46,2% av jorda, samt at det er 4 millionar jordlause arbeidarar i landet.

Om Brasil får ein altså informasjon om befolkninga sitt opphav, og eg stiller meg undrande til framstillinga av europearane i Brasil. Me får høyre at innvandrarane frå Europa var kvite, men det vert ikkje sagt noko om hudfargen til afrikanarane eller asiatane. Kvifor skal hudfargen påpeikast ved europearane som innvandra til Brasil? Her kan ein stille spørsmål ved om ein

vitnar ein siste rest av eit heller redusert raseperspektiv, eller om det er heilt tilfeldig at det blir skrivne som det er gjort. Som me hugsar frå innleiinga til Haffner og Knudsen si geografibok frå 1939, blei det der framheva eit markant skilje mellom dei ulike rasane, der hudfargen sette føringa. Dette raseperspektivet har vorte mindre synleg gjennom geografiundervisninga med tida, men slik som det blir framstilt i avsnittet om Brasil kan ein ane tendensar til å trekkje fram ytre biologiske karakteristikkar. I aprilutgåva av *National Geographic* frå 2018, erfarte me at dagens forskning på menneskeleg genetik viser oss at ideen om rasar er ein menneskeleg oppfinning, som me menneske gjerne støttar oss på (Berreby, 2018; Edmonds, 2018).

Om dette er med på å oppretthalde eit skilje mellom «oss» og «dei andre» kan ein berre spekulere i, men eit anna eksempel som kanskje gjer spekulasjonen rettskaffen er måten i-land og u-land vert skildra på i *Underveis*. I introduksjonen til del to som handlar om befolkning er det fokusert på overbefolkning og konsekvensane av dette. I denne introduksjonen fortel lærebokforfattarane at det er store skilje mellom landa på jorda når det gjeld befolkningsutviklinga. Hovudskiljet går mellom dei rike industrialiserte landa, der folketalet aukar sakte, og dei fattige utviklingslanda der folketalet er i kraftig vekst. Gjennom heile den første delen av dette kapitlet er det tilfelle at dei industrialiserte landa vert skildra som *rike* og utviklingslanda som *fattige*. På sett og vis stemmer det at industrilanda er rikare enn utviklingslanda, men det finst store individuelle skilnader innan det globale nord og det globale sør. At industrilanda blir skildra som rike, og utviklingslanda som fattige, framhevar ein kontrast og ein generalisering, og kan igjen forsterke skiljet mellom i-land og u-land. På denne måten kan det også forsterke skiljet mellom «oss» i vesten, og «dei andre» i det globale sør.

Nord-Amerika og USA vert nemnd som den store smeltedigelen. No snakkar ein ikkje lenger om rasar, men om etniske grupper, noko som er ein indikator på at ein er på veg vekk frå rasefokuset. Størst innvandring har det vore frå Europa, men også slavedrifta bringa enormt mange afrikanarar dit, og i dag tel afroamerikanarane 25 millionar. Innvandringa har alltid vore høg, og i dag er det mellom anna stor innvandring frå nabolandet Mexico. Dei innfødde indianarane lever anten i reservat eller i storbyane. Det står implisitt at fleire menneske identifiserer seg sjølv som indianar eller etterkomar av indianarar i dag enn ein gjorde før. Om USA blir det vist til at det med åra har blitt meir status å ætte frå urbefolkninga. Dette har kome etter at rettigheter vart sikra, og ein har med tida fått forståing og innsikt i at urbefolkningar har vorte utsett for alvorlege overgrep. Dette er ein tydeleg indikator på måten ein vel å framstille «dei andre» i 2008.

### 4.3.2 Eurosentrisk perspektiv

Under innleiinga til del 2 som omhandlar befolkning står det at me i dag er fleire milliardar menneske på jorda og står overfor ein utfordring med overbefolkning. Vidare står det at det er ei grense for kor mange menneske jorda kan ta i mot med tanke på dei ressursane som finst og blir brukt. Forfattarane påpeiker deretter at slik overbefolkning kan føre til alvorlege konflikter og katastrofar, og dei avsluttar med å seie at veksten i folketalet må reduserast kraftig. Ein tolking er at framstillinga ber preg av ein malthusiansk tankegang. Det er ein pessimistisk framstilling som gjerne blir brukt til å forklare fattigdom med overbefolkning, samt at tankegangen blei brukt til å sjå på befolkningsvekst som eit hinder for utvikling. Det var desse tankane som stod sterkt også i nymalthusianismen på 1960-talet, og som sidan har kome til uttrykk i ny og ne.

*Underveis* har som sagt ein presentasjon av kvar verdsdel, og vel å trekkje fram eit land frå kvar verdsdel som dei fokuserer meir på. I Asia er det India som vert trekt fram, og me får høyre om befolkning og busetjing på side 40-42. Det mest påfallande med befolkninga i India er den enorme veksten samt dei store klasseskilja. Forfattarane viser til korleis den store befolkningsauken degraderer miljø, landskap, drikkevatt, skogsmonn osv. Med over 1,1 milliard menneske vert dei indiske landsbygdene overbefolka, og innbyggjarane søker seg til arbeid i byen då det ikkje finst nok arbeid på bygdene. Byane vert stadig utvida, og det er ikkje arbeid til alle som kjem. «I de indiske storbyene lever hundretusener av mennesker i en slum og fattigdom vi knapt kan forestille oss» (Birkenes & Østensen, 2008, s. 41). Lærebokforfattarane kjem med mykje informasjon på få avsnitt, og det er presentert i nokon lunde nøytral form. Dei viser til den store økonomiske veksten, men forklarar samstundes at det er enorme skilnader mellom rik og fattig. Korleis denne økonomiske veksten har kome til får me presentert i underkategorien om «næringar og ressursar». Her kjem det fram kor mange som utdannar seg, og korleis IT og teknologi utgjer ei enorm næring og ein påfølgjande stor økonomisk vekst. Det vert ikkje sagt eksplisitt at dette er ei positiv utvikling for India, noko ein som lesar då heller må tolke seg fram til.

I kapittelet om Asia og India er det eit overbefolkningsfokus. Dette ser me som sagt også tendensar til i innleiinga hovuddelen om befolkning lenger ut i boka. Det blir lagt vekt på at den store befolkningsveksten degraderer miljøet, og at befolkninga sjølv er den utløysande faktoren til meir fattigdom. På sett og vis så stemmer mange av desse påstandane, men ein kan likevel få kjensla av malthusianisme. Overbefolkning vart av nymalthusianistane sagt å vere årsaka til fattigdom, og det er tydeleg at Boserup sine tankar om befolkning som ressurs ikkje skin like

godt gjennom teksten. Lesaren av boka blir presentert for talet på indarar som utdannar seg innan teknologi og IT, og ein får høyre om korleis dette bidreg til økonomisk vekst. Her kan ein trekkje linjer til Boserup si tru på menneska som ressurs, og nyliberalistane sin satsing på menneskeleg kapital, men eg undrar meg over om elevar på tiande trinn klarar å sjå det positive i denne utviklinga når det ikkje blir nemnd eksplisitt.

I Afrika er det Sør-Afrika som er trekt fram. Her viser forfattarane til korleis europearane tidlegare kalla folkeslaga *sanfolk* og *khoikhoifolk* for «hottentott» og «buskmenn», noko me erfarte i lesinga av Haffner og Knudsen si bok frå 1939. I avsnittet om Sør-Afrika får me ein historisk innføring i korleis raseskiljet og *apartheidsystemet* gjorde seg gjeldande. Apartheidsystemet sette krav til at alle innbyggjarane vart ført inn i eit raseregister, og det vart forbode for folk med forskjellig hudfarge å bu i same bydel. Lærebokforfattarane kallar dette ein urettferdig politikk, og byggjer opp under dette med å vise til at skulane hadde forskjellige lærebøker for svarte og kvite, sidan dei svarte borna skulle lærast opp til å spele ein mindreverdig og underordna rolle i samfunnet.

Apartheidsystemet var ein urettferdig politikk, og det er ein meir reflektert framstilling som vert presentert her. Postkolonialistane fremja utover 1970-talet ein vilje til å diskutere dei kulturelle effektane av kolonialismen. Tanken om at kolonisering også hadde psykososiale og kulturelle effektar har sidan stått sterkt, og det er gjerne ein slik tanke som dukkar opp etter å ha lese om apartheidsystemet i *Underveis 10*. Birkenes og Østensen (2008) tar standpunkt når dei kallar apartheidsystemet for ein urettferdig politikk, og som lesar tykkjer ein synd om dei som opplevde denne diskrimineringa. Å tykkje synd på «dei andre» er noko som også media byggjer opp under, og per dags dato veit me at media sin framstilling av u-land og u-landshjelp er basert på ein tanke om skeivheit i verda. Me får opp bilete av store kontrastar, fattigdom, svolt og sjukdom, og det er vanskeleg å ikkje tykkje synd på menneska i det globale sør. I fylgje eurosentrismen har det lenge vore vanleg å definere det vestlege som norm, og at dette igjen er basert på historie og globale maktstrukturar. I eit postkolonialt perspektiv fokuserer ein på korleis eurosentrisme er eit fenomen med djupe strukturelle røter, og i dette perspektivet blir dei ulike uttrykka for eurosentrisme forstått både på individuelt og institusjonelt nivå. Fenomenet vart av Harding (1998) forstått både som uttrykk for, og opphav til sosiale strukturar. Som det vart trekt fram i teoridelen om postkolonialisme er det i dag ein tanke om at dagens globale maktbalanse også vert prega av kolonialisme, om enn med andre midlar. Hjelde (2006) trakk fram at mange kallar dagens globale, økonomiske politikk for

nykolonialisme, og vektlegg i denne ytringa at vår tids utviklingshjelp frå nord til sør er ein vidareføring av kolonialistiske avhengighetsforhold.

Ein tydeleg endring i det eurosentrisk perspektivet ser me likevel. Under avsnittet om miljø blir europearane sin rovdrift av jorda trekt fram som miljødegradering. Dette skil seg ut då vinklinga rundt europearane sin påverknad på Afrika i aller største grad har vore positiv, i form av innovasjon, næringsutvikling og vekst. I læreboka frå 2008 blir ikkje alt europearane gjorde skildra som positivt for kontinentet. Tenkjer ein tilbake på utviklingsteoriane så kan det stemme overeins med utviklinga teoriane tok utover 2000-talet. Sjølv om ein framleis fremja open marknad og mindre statleg styring slik som i nyliberalismen, kom dei alternative utviklingsteoriane og fremja ein tanke om meir deltaking på alle plan. Dette kom i takt med at ein innsåg at utvikling ikkje følgjer den same trenden over alt i verda, og ein må tilpasse til kvart enkelt land. Utviklinga skjer mykje raskare no enn før, og utviklinga som vesten opplevde over ein periode på 100-200år brukar no fleire u-land berre nokre tiår på. Då er det klart at utviklinga ikkje følgjer same oppskrift og rute som dei vestlege landa opplevde.

#### 4.3.3 Høg/låg utvikling

Det har sidan 1970-80-talet vore stadig større fokus på global oppvarming. I læreboka frå 2008 er det under kvar verdsdel via plass til eit delkapittel om vær og klima. Under desse delavsnitta får ein også ein form for presentasjon av befolkning då busetjingsmønsteret i verda er nært relatert til klima. I avsnittet om vær og klima i Asia vert situasjonen i Bangladesh belyst. Her får me høyre om korleis monsunregnet forårsakar regn, flaum og jordras, og landet vert treft av både syklonar og tornadoar. Ein syklon som fekk tilnamnet Sidr forårsaka i 2007 ei flodbylgje som tok livet av fleire tusen menneske. Landet vert vidare skildra med stor fattigdom og få midlar til å byggje solide bustader til å stå i mot ekstremvær.

Hans Rosling brukte blant anna Bangladesh aktivt i sine undervisningsdokumentarar. Allereie i 2007 publiserte Gapminder ein filmsnutt kalla *Bangladesh Miracle*, der Rosling kort tar for seg befolkningsutviklinga i landet. At landet på tretti år har gått frå ein fødselsrate på rundt 7 i 1980 til nærmare 2 i 2007 blir av Rosling kalla eit mirakel. Det same mirakelet trakk han fram i dokumentaren *Don't Panic* frå 2013. Dette mirakelet vert ikkje nemnd i *Underveis Geografi 10*. I kapittel 5 tek læreboka for seg busetjingsmønsteret i verda. Også her vert Bangladesh nemnd. Blant dei mest folkerike og tettast befolka områda i verda er elvesletta og deltaområdet til Ganges i India og Bangladesh. I dette området bur det over 500 millionar menneske (Birkenes & Østensen, 2008). Den sterke befolkningsveksten i verda har gjort at stadig fleire bur i deltaområdet og elvesletter. Birkenes og Østensen (2008) fortel om korleis folk, for å



skaffe seg bygningsmateriale og brensel, høgg stadig meir av skogen og dalsidene langs elveløpa, noko som bidreg til å auke erosjon. Elvene som fraktar lausmaterialet blir grunnare som fylgje av at meir sand og grus vert avsett langs botnen av elva, og dermed blir det lettare flaum i elvene. Med mykje smeltevatn frå Himalayafjella opplever desse elvene å stadig gå over breiddene sine, og dette skapar enorme øydeleggingar på dyrkingsjorda og bustadane langs elveløpet. Dette har igjen bidrege til at svært mange menneske mistar livet eller blir heimlause.

Her vert ein vitne til ein kjedereaksjon som kjem til som eit resultat av auka befolkningsvekst. Dei menneskelege inngrepa er det som gjerne forårsakar erosjonen i dalsidene, som igjen påverkar vasstanden i elvene. Då denne boka vart gitt ut i 2008 var allereie Rosling sine tankar rundt mirakelet i Bangladesh publisert på internett. Men den positive utviklinga innan blant anna familieplanlegginga som Rosling legg vekt på, er ikkje presentert. Det er miljødegraderinga og dei påfølgjande problema som blir framheva, og framstillinga verkar til å vere meir prega av Malthus sine tankar enn av Boserup sine. Robbins (2012) påpeika korleis det i ettertid av at Malthus presenterte sine teoriar har oppstått diskursar som byggjer opp under dei same tankane, og korleis desse kan ha blitt utnytta politisk. Det er med andre ord viktig å rette fokus på spørsmålet om framstillingar i lærebøker er vitskaplege og apolitiske, eller om også desse tekstane vert utnytta politisk.

Oseania er neste verdsdel som er omtala, og her er det via ei side til å snakke om øya Tikopia. På denne øya er det 1200 innbyggjarar som alle er etterkommarar av polynesiske innvandrarar og som har ein polynesiske kultur. Det står at dei held fast på kulturen sin, og beskyttar den. Dette er ein nokon annan omtale enn dei eldre lærebøkene har presentert. I dei to eldre lærebøkene har det vore lagt til ein kommentar om at kulturen er gamal og sannsynlegvis vil døy ut. Men i boka frå 2008 er tonen ein annan. Dette viser seg også i omtalen av aboriginane på side 72 og utover. Med omtalen frå 1976 klart i minne der ein påstod at aboriginane hadde ein merkeleg og gamal kultur, vert det ståande som ein kontrast til korleis lærebokforfattarane av 2008 omtalar aboriginar sin kultur som «.. en enestående naturkunnskap og en evne til å overleve selv i de tørre, solhete områdene» (Birkenes & Østensen, 2008, s. 72-73). Lærebokforfattarane nemner også korleis innbyggjarar og turistar generelt har byrja vise meir respekt for aboriginane sin kultur og levemåte, og at ein respekterer aboriginane sitt heilage område, som fjellet Uluru. Innbyggjarane i Australia vert generelt rekna som svært miljøbevisste, noko forfattarane framhevar under avsnittet om miljø.

#### 4.3.4 Vidareutvikling

I 2008 skin det gjennom ein meir politisk korrekt omtale av dei store skilnadane i verda. I avsnittet om urbefolkninga i Australia vert det trekt fram at dei er miljøbevisste og eit dyktig naturfolk. I vår økologisk fokuserte tid er naturfolk assosiert med noko positivt, og ei slik framstilling skil seg ut frå framstillinga i dei to eldre lærebøkene. Framstillinga av urbefolkninga i Brasil skil seg også betydeleg ut frå dei eldre lærebøkene ved at ein no omtalar urbefolkninga som eit folk som veit mykje om plantemedisin og økologisk jordbruk, og at dei dyrkar ein religion som fordrar til å ta vare på dyr, natur og planteliv. Her blir det igjen fortald korleis store delar av indianarane døydde anten gjennom slavedrift, ukjende sjukdommar, eller gjennom krig med inntrengarar eller andre stammer. At det berre er omkring 90'000 indianarar som lever i Amazonas er eit dystert tal, og det klarar forfattarane å få fram med konkrete fakta. Rio de Janeiro blir i denne boka også trekt fram som ein storby med store skilnader. Forfattarane skildrar slumområda som område prega av analfabetisme, kriminalitet, rusmisbruk, tigging og prostitusjon. Dei brukar ikkje ord som *usle*, slik som i *SOL-serien*, men det er tydeleg at dette er byområde med store utfordringar.

Eksempla frå Australia og Brasil representerer på sett og vis den meir gjennomtenkte og nøytrale framstillinga som i stor grad blir brukt om befolkninga i utviklingslanda i *Underveis*. Med eit postkolonialistisk syn viser lærebokforfattarane til uretten som er blitt gjort mot blant anna urbefolkning rundt om i verda, og som lesar får ein høyre om dei sosiale, kulturelle og fysiske konsekvensane dette har hatt for dei som vart ramma. Det blir i teksten implisitt vist til at den vestlege norma ikkje nødvendigvis er den beste for alle, noko den europeiske vitskapen tidlegare vart kritisert for å fremje.

Ein kan likevel setje spørsmål ved om det framleis er noko europafokus då det blir trekt fram kva Europa og Noreg gjer for å bidra til utvikling i verda. I kapittelet om Sør-Amerika vert nemleg Noreg sitt arbeid via Regnskogfondet nemnd. Her får lesarane vite at Regnskogfondet arbeider for rettigheter til urfolka og deira landområde, samt at fondet er inn og støttar utdanning på indianarane sine egne premiss. I tillegg støttar Regnskogfondet prosjekt som skal støtte opp om tropisk jord- og skogbruk, marknadsføring av naturprodukt, båtverkstad og grenseovervaking. Arbeidet Noreg gjer gjennom Regnskogfondet viser både til ein forståing av at urfolk slik som indianarane må få utvikle seg på sine egne premiss, samt at ved å trekkje det fram set ein Noreg i eit god lys. Her kan ein igjen trekkje ei linje til nykolonialismen som kort vert nemnd i teorikapittelet. Mange meiner ein kan peike på vår tids utviklingshjelp frå nord til sør som ei vidareføring av kolonialistiske avhengighetsforhold. Utviklingshjelpa byggjer på at

me i dag tykkjer meir synd om «dei andre», og dette kan vere med på å oppretthalde skeivheita og skilje mellom det globale nord og det globale sør.

#### 4.3.5 Underveis geografi 10 - oppsummert

Då det på 1960- og 70-talet kom ei endring i vitskapsfaget geografi, førte dette også til store endringar innan skulefaget (Andersen, 2015). Spesielt i vidaregåande skule vart den regionalgeografiske tilnærminga erstatta av ein meir systematisk tilnærming til tema som befolkningsgeografi, økonomisk geografi, miljø- og ressursproblem og urbanisering. *Underveis geografi 10* er ei lærebok for siste året på ungdomsskulen, og ber framleis preg av ein regionalgeografisk profil ved at alle verdsdelane vert presentert kvar for seg, med eit utvald land til å representere verdsdelen. Men boka har fleire kapittel som omhandlar nettopp slike samfunnsgeografiske tema som befolkningsutvikling, flytting og migrasjon, busetjing og ei felles verd. Samanlikning har kome inn som ein metode for å drøfte dei store skilnadane innan natur- og samfunnsforhold, og kompetansemåla i Kunnskapsløftet frå 2006 legg opp til at samanlikning skal nyttast aktivt.

Gitt den utviklinga me har opplevd, og den posisjonen Noreg har i verda i dag, har det med tida kome eit sterkt fokus på undervisning om internasjonale samfunnsforhold. I geografiboka til Underveis-serien ser ein ut frå utvalet av pensum at fokus på internasjonale samfunnsforhold står sterkt. Den demografiske overgangsmodellen er sentral i samfunnsgeografiundervisninga, det blir vist til kontrastrike samfunnsforhold, og det blir lagt opp til ei større forståing rundt skeivheita. Det blir i denne boka vist til dei overgrepa som er utført både gjennom kolonisering og apartheid, samt utdriving av folkegrupper og urfolk. Det er ein meir politisk korrekt måte å omtale «dei andre» på, noko me erfarte i lesinga om urfolk i Brasil og Australia.

Når dette er sagt vart det i kapittel 4.3.2 drøfta om framstillinga av dagens u-landsbefolkning ber preg av ein malthusiansk tankegang. Dei innleiande sidene til del 2 fortel om at det er ei grense for kor mange menneske jorda kan ta i mot med tanke på dei ressursane som finst og som blir brukt. At den store befolkningsveksten fører til alvorlege problem og konflikhtar byggjer opp under eit noko pessimistisk syn, heller enn å fremje den framgangen som fleire utviklingsland tross alt går gjennom.

Det vart også trekt fram nokre døme på korleis skiljet mellom «oss» og «dei andre» kan bli oppretthaldt gjennom å påpeike at europearar var kvite, og u-landbefolkninga som fattig.



## 5. SAMANFATNING OG SAMANLIKNING AV FUNN

For å svare på problemstillinga vil det i dette kapittelet kome ein samanfatta diskusjon og samanlikning av framstillingane av befolkninga i utviklingsland. Det blir trekt nokon større linjer, og det vil også her bli brukt eksempel for å skape grobotn til samanlikninga.

### 5.1 SAMANLIKNING

For å gjere samanlikninga meir tydeleg og få fram endringane som har skjedd har eg vald å framstille utviklinga av dei nemnde tema i bøkene gjennom tre tabellar. Under kvar tabell kjem det ein utfyllande kommentar før det i kapittel 5.2 og 5.3 vil kome ein avsluttande konklusjon og drøfting rundt metode.

	<b>Raseperspektivet</b>
<i>Geografi for den høyere skole.</i> Haffner og Knudsen, 1939	<ul style="list-style-type: none"><li>• Delte inn menneska i tre rasar; den kvite, den gule, den svarte.</li><li>• Skilte rasar frå kvarandre med ytre og indre karakteristikkar .</li><li>• Ulike folkegrupper vert trekt fram.</li><li>• Tendens til å skrive meir om folkegrupper i Afrika og Sør-Amerika enn i dei andre verdsdelane.</li></ul>
<i>SOL-serien Geografi</i> 3. Figved et. al., 1976	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ulike folkeslag og etniske grupper vert trekt fram.</li><li>• Integreringsfokus. Viser til problematikken med å integrere ulike folkeslag.</li><li>• Den svarte befolkninga vert framleis omtala som <i>negrar</i>.</li><li>• Brytningstid mellom å ville integrere i vestleg kultur eller vise aksept for ulike folkeslag og levesett.</li></ul>
<i>Underveis Geografi</i> 10. Birkenes og Østensen, 2008	<ul style="list-style-type: none"><li>• Snakkar ikkje lenger om rasar men om etniske grupper.</li><li>• Urbefolkning vert skildra som viktige og kunnskapsrike.</li><li>• Tendens til generalisering ved å påpeike at emigrantar frå Europa var kvite.</li></ul>

Tabell 1: Samanfating av raseperspektivet i dei tre respektive bøkene

Ein tydeleg endring i korleis ein framstiller befolkninga i det globale sør er at me har gått frå å ha eit stort fokus på rasar, til å heller snakke om etniske grupper. Dei ulike rasane vart som sagt tileigna både ytre og indre eigenskapar, og ein fortolking er at raseskiljet blei brukt til å byggje opp under hegemoniet som råda i verdssamfunnet. På 70-talet kom det eit sterkt fokus på integrering i skulen, og mønsterplanen la grunnlaget for ein fordomsfri haldning til personar med anna bakgrunn, religion, hudfarge og samfunnsoppfatning. Men det kan tolkast som det store integreringsfokuset i mange tilfelle vart oppfatta som ein innlemming av vestleg kultur og levemønster, og dette blei gjerne skildra som det universelle. Som det kjem fram i tabellen kan ein dermed ane ei brytningstid mellom å integrere og innlemme i vestleg kultur, eller vise aksept for eigenart. Ein generalisering finn likevel stad den dag i dag, og dette vil bli tatt opp att seinare i kapittelet.

Når det kjem til endringa i det eurosentrisk perspektiva er resultatata samanfatta i tabellen under.

	<b>Eurosentrisk perspektiv</b>
<i>Geografi for den høyere skole.</i> Haffner og Knudsen, 1939	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Blir vist til at verdsdelen Afrika heng att i primitive reiskap og levesett.</li> <li>• Europearen representerer framgang.</li> <li>• Europa sine erobringar vert nemnd i samband med alle dei ulike verdsdelane.</li> <li>• Europeisk mønster fremja som ein standard.</li> <li>• Blir skrivne frå dei koloniserande sitt perspektiv.</li> <li>• Påpeiker at det er ein skeivheit i verda.</li> </ul>
<i>SOL-serien Geografi</i> 3. Figved et. al., 1976	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mindre europafokus.</li> <li>• Utviklinga i verda vert framleis målt opp mot vesten sin utvikling, jamfør utviklingsteoriane.</li> <li>• Måten ein snakkar om befolkning kan minne om at befolkningsutviklinga og ressursutnyttinga framleis blir målt opp mot Europa</li> </ul>
<i>Underveis Geografi</i> 10. Birkenes og Østensen, 2008	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Blir vist til at det europearen gjorde under kolonitida ikkje berre var positivt for dei koloniserte kontinenta.</li> <li>• Blir vist til korleis det er utført urettferdige handlingar og politikk mot andre land og folkegrupper.</li> <li>• Problematiserer framleis befolkningsveksten og ein kan her ane ein samanlikning til vesten.</li> </ul>

Tabell 2: Samanfating av det eurosentrisk perspektivet i dei tre respektive bøkene

Me ser også ein tydeleg endring i det eurosentrisk perspektivet gjennom bøkene. I læreboka frå 1939 ser me ein tydeleg samanlikning til Europa gjennom presentasjonen av kvar verdsdel. Europearen representerer framgang, og det europeiske levesettet vert fremja som standard. Ein kan framleis ane ein samanlikning til Europa når det vert skrivne om utvikling og ressursutnytting i *SOL-serien*, men europafokuset er betydeleg redusert, og ikkje fremja like eksplisitt som i Haffner og Knudsen si bok. At det framleis var ein samanlikning til Europa i 1976 har blitt drøfta ut frå både befolkningsteoriar og utviklingsteoriar som råda på tida, og både moderniseringsteorien og avhengighetsteoriane, samt nymalthusianismen byggjer opp under tendensen til å bruke europeisk standard som mål. I 2008 har det eurosentrisk fokuset gått over til å problematisere Europa sin rolle i utviklinga til andre land og verdsdelar, og det blir fortald om fleire hendingar som er utført etter ein urettferdig politikk og handling frå vesten si side.

	<b>Høg/låg utvikling</b>
<i>Geografi for den høyere skole</i> . Haffner og Knudsen, 1939	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kulturformer er sentralt i skildringa av verdsdelar og land.</li> <li>• Skil mellom kulturfolk og naturfolk (primitive folk)</li> <li>• Påpeikar at afrikanarane heng att i blant anna jordbruksformer.</li> <li>• Den svarte rasen vert rekna for lågtstående folk.</li> </ul>
<i>SOL-serien Geografi</i> 3. Figved et. al., 1976	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Stempla nokre av dei ukjende kulturane som merkelege.</li> <li>• Brytningstida kjem til syne. Tendensar til meir nøytral framstilling men kulturar og levemåtar vert sett opp mot kvarandre.</li> <li>• «dei andre» vert sett opp mot «oss».</li> </ul>
<i>Underveis Geografi</i> 10. Birkenes og Østensen, 2008	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Her blir urbefolkninga sin kultur trekt fram som høg.</li> <li>• Dei ukjende kulturane har fått stor verdi med tida og urfolk vert skildra som naturfolk.</li> <li>• Blir vist til at innbyggjarar rundt om i verda har fått respekt for kulturutøvinga til urfolk og ulike etniske grupper.</li> </ul>

Tabell 3: Samanfating av høg/låg utvikling i dei respektive bøkene

Tendensane til å snakke om høg og låg utvikling har blitt betydeleg redusert frå 1939 til 2008. Som det blir vist til i kapittel 4.3.3 og tabell 3 var kulturformer ein sentral måte å vurdere utviklinga på i 1939. Med eit sterkt rase- og eurosentrisk fokus kan ein skjønne kvifor «dei andre» sin kultur og utvikling vart sett på som mindre sivilisert og dermed også lågare. Som me har vitna og drøfta vart det meste målt opp mot Europa sin enorme framgang, og på sett og vis er det enkelt å generalisere og hevde at heile den svarte rasen kulturelt låg bak vesten. I 1976 var det store endringar i korleis ein valde å sjå på utvikling og befolkningsvekst, og det svinga mellom aksept for skilnadar og stempling av ulikskapar. I kapittel 4.2 drøfta me at dette kan vere med på oppretthalde skiljet mellom det globale nord og det globale sør, både gjennom ein framheving av skilnadane, samt ein tendens til å gjere «dei andre» mindre synlege. I *Underveis Geografi 10* har vinden snudd og urbefolkninga sin kultur har fått høgare status. Det blir ytra aksept og respekt for at levesett og levemønster er forskjellige, og ulike etnisitetar vert framheva heller enn redusert.

## 5.2 AVSLUTTANDE DISKUSJON OG KONKLUSJON

Den tydelege endringa i både raseperspektiv, eurosentrisk perspektiv og høg/låg utvikling kan illustrerast med eit utdrag frå kvar bok som alle skildrar urbefolkninga i Australia. I *Geografi for den høyere skole* frå 1939 står det skildra slik:

«De innfødte, *australnegrene*, hører til de lavtstående folk på jorda. Det er kanskje ikke til å undres over, så fattig som Australias natur er. Dessuten har de lenge vært uten noen forbindelse med andre folk. De er derfor aldri kommet lenger enn til steinaldertrinnet» (Haffner & Knudsen, 1939, s. 112)

Her får me eit tydeleg bilete på korleis det eksplisitt vart fremja eit skilje mellom høg og låg kultur. Det blir fortald om korleis naturen på staden legg grunnlaget for utviklinga, det same gjer fráværet av kontakt med resten av verda. Darwin sine naturlover og rangering var også gjeldande på denne tida, noko som ikkje gjekk i favør til australnegrane. Omtalen i SOL-serien synleggjer ei endring frå dette synet:

«Da de hvite kom til Australia på 1700-talet, levde de innfødte på steinaldertrinnet. De kjente ikke bruken av pil og bue, men hadde teknisk høyt utviklede kastetrær, bumeranger. De hvite regnet dem for laverestående vesener, og først på 1960-tallet fikk de stemmerett. Det er lite trolig at de vil kunne bevare noe av sin merkelige, gamle kultur» (Figved et al., 1976, s. 72).

Her ser ein at forfattarane prøver å moderere seg ved å opplyse om korleis ein tidlegare rekna dei innfødde for lågareståande vesen, og viser til at dei fyrst fekk stemmerett på 1960-talet. Men som det vart drøfta i kapittelet 4.2 skin det ei forfattarstemme gjennom, og kulturen til dei innfødde blir stempla som merkeleg og gamal. Dei svarte vert i 1976 framleis omtalt som *neger*, men som tidlegare nemnd verkar ikkje nemninga å vere verdilada, men heller prega av eit ynskje om likestilling.


Det var på 1970-talet det blant anna vaks fram fleirfaglege miljø som jobba aktivt for å få internasjonale spørsmål sterkare inn i skulen sin undervisning (Andersen, 2015). I Noreg har me nytta uttrykket internasjonalisert undervisning, og hovudvekta har lege på undervisning om utviklingsland og Noreg sin rolle i høve u-landa. Andersen (2015) utdjupar korleis undervisninga i hovudsak har vore utprega normativ, og har frå uttrykket kom inn i undervisninga hatt klare mål om å skape ei meir rettferdig verd gjennom arbeid i skulen. Dette ser ein tendensar til i omtalen av Australia sitt urfolk i *Underveis*:

«En antar at det var omkring en halv million aboriginer da de europeiske innvandrerne kom i 1788. De innfødte levde som samlere og jegere, og gjennom årtusener hadde de utviklet en enestående naturkunnskap og en evne til å overleve selv i de tørre, solhete områdene» (Birkenes & Østensen, 2008, s. 72-73).

Her blir den eineståande naturkunnskapen trekt fram, og det blir heller fremja ei beundring over at urfolket kjenner seg i eitt med jorda, landet og naturen. Det blir også framheva at dei har ei evne til å overleve på tross av krevjande forhold. Om USA vitna me ei statusheving av urfolk, og mange fleire reknar seg som etterkommarar av indianarar og framhevar slektskapet no enn før. Dei store samfunnsendingane spelar inn på konteksten for lærebøker, og som figur 8 viser



vil tidsånda igjen prege samfunnsutviklinga, og dermed også alle medverkande faktorar i utforminga av ei lærebok.



Figur 8: Videreutvikling av modell henta fra Sætre (2015, s.141)

Når eg no har analysert dei tre lærebøkene, har tekstane blitt plassert inn i ein historisk og geografisk kontekst. Med å gjere meg kjent med forfattarskapet og det tenkte publikummet har eg fortolka materialet, og gjort eit forsøk på å avdekkje kva for diskursar og idear som ligg bak framstillinga av «dei andre».

Bratsberg (2014) viste til korleis ein med å framstille historia som ein svinging mellom ytterpunkt vil kunne gjere det lettare å synleggjere endringane i samfunnssyn. Ein tolking er at me har gått frå å prate om Europa som ideal, til å tykkje synd om «dei andre». Det store fokuset på vesten sine bragder, framgang og utvikling markerte i 1939 og 1976 eit skilje mellom «oss» og «dei andre» som ikkje meistra å ta del i denne utviklinga. Dette skiljet kan ein framleis skimte, men framstillinga har no vorte endra til å heller innehalde eit skilje mellom «oss» som har opplevd denne framgangen, og «dei andre» som ikkje har hatt moglegheitene til å ta del i same utviklinga. Dette er ei tydeleg endring i førestillinga om «dei andre». Å tykkje synd om befolkninga i det globale sør er gjerne tufta på den noko pessimistiske tankegangen fremja blant anna i lærebøker. I analysen av *Underveis Geografi 10* blei det diskutert om korleis framstillinga av befolkningsveksten i det globale sør er prega av ein malthusiansk tankegang. Det blir snakka meir om miljødegradering og overbefolkning enn å trekkje fram positiv utvikling. Dette stemmer overeins med funna til Fagerslett og Larsen som utførte deira forskning

i 2015 og 2016. Det kan også skimtast tendensar til å generalisere heller enn å vise dei store individuelle skilnadane innan utviklingslanda. Dette kan diskuteras om er med på å oppretthalde eit skilje og ei polarisering mellom «oss» og «dei andre».

Andersen (2015) viser til korleis samanlikning er ein aktuell metode i dagens undervisning, og me har erfart at samanlikning er noko også dei respektive læreplanane har lagt opp til. Ved samanlikning fokuserer ein på likskap og ulikskap, og motsetningar vil ofte kome til syne. Kor mykje ein vel å leggje vekt på motsetningane er vanskeleg å måle, men Edward Said sin kritikk var tufta på orientalistane sitt verdssyn strukturert av binære motsetningar. Orientalisme handlar som tidlegare nemnd om korleis ikkje-vestlege sivilisasjonar har blitt skildra som «det andre» i eit motsetningsforhold til det vestlege (Said, 2003). Samstundes viste eurosentrismen teikn til at Europa har blitt definert som sentrum i verda, og det vestlege som norm. Med dette som utgangspunkt og kontekst kan ein forstå at det i lærebøker med fokus på samanlikning gjerne har ført til at ein rangerer ulike verdsdelar og land. Dette har analysen av dei eldre bøkene vist tendensar til, men ein kan merke ein endring på dette punktet også. Rangeringa er ikkje like synleg lenger, men ein sortering finn framleis stad.

Dagens forskning på identitet grip blant anna fatt i korleis rasar definerer, separerer og samlar oss (Edmonds, 2018). I teoridelen vart det trekt fram to artiklar frå *National Geographic* som opplyser om nokre av dagens tankar rundt rasar. Berreby (2018) påpeikte korleis me menneske har det i vår natur å søkje tilhøyre til grupper eller lag, og utdjupa dette med å vise til overlevingsstrategiar for primatar. Hjerneforskarar på universitetet i New York har gjennom skanning av hjernen funne ut at me i underbevisstheita favoriserer den gruppa me sjølv er ein del av, og dette kan reknast som ein form for overlevingsstrategi. Ein ser gjerne på alt anna som noko framand, og det blir satt opp mot det ein kjenner frå før. I orientalismen blir eit slikt verdssyn prega av motsetningar trekt fram, og orientalistiske skildringar av ikkje-vestlege samfunn vil på denne måten tene som validering av det vestlege, gjennom å konstruere ein motsetning til kva vesten er. Rasar har då tidlegare blitt brukt til å legitimere skilnadane, men som forskar Alicia Martin viste oss i artikkelen til Edmonds (2018), er rasar ein menneskeleg oppfinning, og i tilfellet med genetikk er hudfarge ikkje eit «binært trekk» med berre to moglegheiter. Det finst mange ulike nyansar i hudfarge og andre ytre biologiske trekk, og som spesialutgåva av *National Geographic* forsøker å vise, har ein ikkje noko grunnlag for å rangere etter etnisitet. Ein sortering kan framleis vere relevant, og dei oppfordrar til å definere seg sjølv, og frontar emneknaggen #IDefineMe.

Etter dette arbeidet med fortolkning har det blitt tydeleg at det er vanskeleg å framstille skilnadane innan befolkninga i verda. I alle tre lærebøkene ser ein tendensar til ein tvitydig framstilling. I læreboka frå 1939 kan ein bruke skildringa om USA som eksempel. Som det kom fram i analysen viste lærebokforfattarane til forskjellsbehandlinga av negrane, og påpeikte denne skeivheita som noko ein burde endre. Samstundes viste dei i avsnittet om næringsvegar til ein gunstig utnytting av den billige arbeidskrafta i sørstatane, ei arbeidskraft negrane stod for. I geografiboka til *SOL-serien* vitna me ein utfordringa med å framstille nøytralt då det i stor grad var objektive skildringar om befolkning og befolkningsutvikling, men så skein det gjennom nokre verdilada påstandar, der skildringa om urbefolkninga i Australia er den tydelegaste. Også i *Underveis Geografi 10* kan ein peike på utfordringa med å kome med nøytrale framstillingar. Boka fremjar eit syn på korleis nokre delar av verda har blitt utsett for ein urettferdig politikk, og det blir bygd opp under ei medkjensle for dei som er svakare stilte. Men så finn me utsegn som framhevar skilnadane, og ei generalisering av kvite emigrantar og eit motsetningsforhold mellom rike industriland og fattige utviklingsland er utsegn som heller byggjer opp under skilnadane. Alt i alt så ser ein utfordringa det kan vere å framstille objektivt, men dette er noko ein må fortsetje å jobbe mot når læreboka er ein tekst som skal representere vitenskap, samfunn og kontekst.

### 5.3 SJØLVREFLEKSIVITET

Som det blei lagt vekt på innleiingsvis i denne oppgåva er dette ei tekstanalyse der eg som forskar har tolka funna eg har bite meg merke i. Det er tre lærebøker med mykje tekst og potensielt datamateriale, og funna som har blitt trekt fram i analysedelen over er mitt utval av empiri. Eg forsøker å legitimere utvalet med å trekkje linjer til min vitenskaplege forankring innan samfunnsgeografiske tema som befolkning- og utviklingsteoriar, samt den didaktiske tilknytninga eg har fått gjennom lektorutdanninga. Eg har vald ut eksempel som både byggjer opp under, samt utfordrar forståinga eg gjekk inn i arbeidet med, og på denne måten har den induktive tilnærminga vorte utfordra av den deduktive, og motsett. Gjennom oppgåva har eg samstundes vore svært bevisst på min eigen påverknad på analysen. Ved tekstanalyse kjem ein ikkje utanom det fakta at ein sit med ein vitenskapleg forankring som påverkar korleis ein les teksten framføre seg. Dette har eg tatt med meg inn i analysedelen, og eg har så godt det lar seg gjere kome med objektive drøftingar rundt framstillinga av «dei andre». Sjølvrefleksivitet har vore viktig gjennom heile arbeidet, og er difor viktig å drøfte her.

Før lesinga av boka til Haffner og Knudsen hadde eg ein mistanke om at eg kom til å vitne eit fokus på Europa. Undervegs fekk eg bekrefte denne mistanken, då Europa sin rolle i dei ulike delane av verda til stadigheit blei trekt fram. Det må difor setjast spørsmål ved om eg bevisst leita etter utsegn som ville bekrefte mistanken min, og om eg ved å bite meg merke i dei eurosentrisk utsegna oversåg andre viktig aspekt? Eg tok meg sjølv også i å reagere på bruken av ordet *primitiv*. Denne skildringa vart for meg verdilada då det i 2018 ikkje er positivt å bli skildra som *primitiv*, men eg har fokusert på konteksten for boka, og innfunne meg med at bruken av ordet *primitiv* ikkje treng vere verdilada i denne samanhengen. Om dette påverka, og korleis det eventuelt påverka, min lesing av teksten, er vanskeleg å få eit konkret svar på.

Med læreboka frå 1976 gjekk eg inn med ein liten forventning om å sjå u-landsbefolkninga avspegla på ein annan måte då kolonitida var avslutta. Dette fekk eg på sett og vis både vitne og ikkje vitne. Boka ber som sagt preg av å vere skriven i ei tid der samfunnet gjekk gjennom store omveltingar. Eg fant fleire indikasjonar på at lærebokforfattarane ynskjer å framstille objektivt, men at det til tider ikkje lukkast heilt. Framstillingane ber preg av å vere presentert frå Europa sitt perspektiv, altså dei koloniserande, til tross for mønsterplanen sitt fokus på fordomsfrie haldningar.

I læreboka frå 2008 sit eg som forskar med eit anna utgangspunkt enn ved bøkene frå 1939 og 1976. Eg har betre innsikt i kva som finst av informasjon og ikkje, og som det vart nemnd i kapittel 3.5 om forskningsetikk, er dette med på å prege fortolkinga mi. Eg har vore klar over at dette fort kan påverke min lesing av *Underveis geografi 10*, og det er kanskje ein av grunnane til at eg ved lesinga av denne boka var meir bevisst over kva informasjon som var utelate, enn ved lesinga av dei to andre bøkene. Eksempelet med Bangladesh illustrerer dette godt. At eg vart merksam på nymalthusianske tendensar allereie i innleiinga til hovuddelane om befolkning, gjorde kanskje at eg vart meir merksam på framstillinga av «dei andre» i resten av boka også.

Avslutningsvis kan det diskuteras at framstillingane i lærebøker ofte vert rekna for å vere av normativ karakter, og at det av den grunn har vore aktuelt å avdekkje maktrelasjonar. Nokre spesielle sett av idear er blitt forstått og brukt som allmennkunnskap, heilt utan at det blir stilt spørsmål til. Dette meiner Waitt (2016) er problematisk, og har trekt fram korleis det i fylgje Foucault er eit gjensidig forhold mellom makt og kunnskap underbygd av diskursive strukturar. Foucault påpeika korleis det for både individ og grupper av individ blir etablert diskursive strukturar som igjen set grenser for moglege måtar å oppføre seg på i verda, og ut frå dette blir det etablert normative meiningar, haldningar og praksisar (Waitt, 2016). Sjølv om eg ikkje har

utført ei regelrett diskursanalyse har eg likevel vore på vakt over for dei institusjonelle dynamikkane og sosiale kontekstane materialet mitt inneheld, og eg har også forsøkt å avdekkje kunnskapen som blir forstått som gyldig, legitim, truverdig og autoritativt.

I *Norsk lærebokhistorie* drøftar Skjelbred et al. (2017) korleis spesielt samfunnsfagbøker er skulda for å vere politisk indoktrinert. Dei viser til at 1970-talet var prega av radikaliserings, også blant lærarane, og den høgreorienterte næringslivsorganisasjonen 'Libertas' annonserte i 1972 at det skulle haldast auge med radikale lærarar og lærebokforfattarar. Næringslivsorganisasjonen ynskte å hindre venstreorienterte synspunkt frå å bli spreidd blant skuleungdom og læraren og lærebokforfattarane måtte vere nøytrale og ikkje vise fram eigne politiske standpunkt. Skjelbred et. al. (2017) trekkjer fram at denne aksjonen førte til mykje debatt i fjernsyn og aviser, og både lærarar og lærebokforfattarar stod fram og peikte på det umoglege i å vere nøytral når ein skulle realisere læreplanen sine mål, spesielt når ein skulle gi innsikt i mekanismar bak fattigdom i verda. Dette stemmer overeins med mine funn i denne tekstanalysen, og som figur 5 og 8 illustrerer vil utforminga av ei læreboka alltid vere prega av fleire faktorar.



## 6. AVSLUTNING

I prosjektet «*Forestillingen om de andre*» konkluderte Ragnhild Fagerslett (2015) med at dei oppfatningane elevar sit at med etter undervisning om befolkning og utvikling er sterkt prega av læraren sin førestilling. Joakim Larsen (2016) konkluderte med at lærarane sine førestillingar er nærmare realiteten, men at det også hjå dei er varierende kor stor innsikt ein har i den faktiske befolkningsituasjon. Mange lærarar nyttar læreboka som einaste hjelpemiddel, og det er her mine funn kjem inn.

Me kan konkludere med at det framleis blir fremja eit skilje mellom «oss» og «dei andre», men dette skiljet har endra seg. Som denne oppgåva har vist, vart polariseringa mellom «oss» og «dei andre» tufta på skiljet mellom vesten som stod som idealtypisk, og ein målte befolkninga i det globale sør opp mot «oss». I boka frå 70-talet lyste det gjennom ei brytningstid der dette motsetningsforholdet gjerne var på hell, men det blei funne fleire eksempel på at det framleis er utviklinga og levesettet i Europa som står fram som idealet. Endringa kjem så meir tydeleg fram i læreboka frå 2008. Det blir ytra meir respekt og aksept for andre former for levesett og utøving av kultur. Me ser dermed ein tendens til å kjenne på medkjensler for «dei andre», og me tykkjer synd om dei. Det er med andre ord ei førestilling som framleis baserer seg på skilnad, men skilnaden og motsetningsforholdet har endra seg med tida.

Med å analysere funna i boka opp mot meiningshaldet i dei respektive teoriane ser ein at nokre av framstillingane er prega av ein vestleg diskurs som har vekse fram historisk gjennom globale relasjonar. Med det som utgangspunkt så kan ein skjønne kvifor det i den vestlege diskursen har blitt konstruert eit kollektivt *oss* i vesten, og eit motståande *dei*, som omhandlar befolkninga i mindre utvikla land. Men det er ei større bevissthet i samfunnet, og denne vissheita må også kome inn i lærebøker. Det er viktig å vere kritisk og rette fokus på spørsmålet om lærebøker er vitskaplege og apolitiske, eller om også desse tekstane vert utnytta politisk. Skjelbred et. al. (2017) påpeika korleis spesielt lærebøker i samfunnsfaget er skulda for å vere politisk indoktrinert, og som eksempla både med Harald Eia og Sylvi Listhaug viste, er det mange som gjer seg opp sterke meiningar rundt lærebøker sitt innhald og framstilling.

### 6.1 Vidare forskning

Denne avhandlinga har retta fokus på lærebøker i geografi og deira framstilling av befolkning og utvikling. Eg har vald å ta eit historisk tilbakeblikk, og har sett korleis framstillinga av «dei

*andre»* har endra seg over tid. Det har gitt meg stor innsikt i tema, og på bakgrunn av dette ser eg moglegheiter for vidare arbeid.

Ein moglegheit som også Larsen (2016) nemner i sin avhandling, er å studere korleis dei mest populære nettsidene som FN, Gapminder, SSB og NRK vinklar innhaldet rundt befolkning og utvikling. Kva seier dei ulike nettsidene om temaet, kva innfallsvinklar er brukt, og korleis er innhaldet framstilt?

Ein annan moglegheit er gå i djupna på korleis ulike forlag framstiller tema rundt befolkning og utvikling. Er det tydelege skilnader? Ser ein nokre tendensar? Denne masteroppgåva har konsentrert seg rundt samfunnsfagbøker for ungdomsskulen, og eit alternativ er å gjere same type tekstanalyse for lærebøker på barneskulen og på vidaregåande nivå.



## KJELDER

- Aitken, S. (2005). Textual analysis: reading culture and context. I R. Flowerdew & D. Martin (Red.), *Methods in Human Geography. A guide for students doing a research project* (2. utg., s. 223-249). Abingdon: Routledge.
- Alexander, R. & Carter, B. (2017, 16.03.17). Hans Rosling, population prophet: Five final thoughts. *BBC News*. Hentet fra <http://www.bbc.com/news/world-39211144>
- Amin, S. (1992). *Eurosentrismen : kritikk av en ideologi* (L'eurocentrism,K. O. Jensen, Overs.). Oslo: Oktober.
- Andersen, H. P. (2015). En ulik verden - sammenligninger i geografiundervisningen. I R. Mikkelsen & P. J. Sætre (Red.), *Geografididaktikk for klasserommet* (3. utg., s. 69-93). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Ashcroft, B., Griffiths, G. & Tiffin, H. (1998). *Key concepts in post-colonial studies*. London: Routledge.
- Benjaminsen, T. A. (2002). Befolkning, landbruk og miljø. I T. A. Benjaminsen & H. Svarstad (Red.), *Samfunnsperspektiver på miljø og utvikling* (2. utg., s. 21-47). Oslo: Universitetsforlaget.
- Benjaminsen, T. A. & Svarstad, H. (2017). *Politisk økologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berreby, D. (2018). We Do We See So Many Things as 'Us vs. Them'? *National Geographic*, 2018-4(The Race Issue).
- Binns, T. (2014). Dualistic and unlinear concepts of development. I V. Desai & R. B. Potter (Red.), *The Companion to Development Studies* (3. utg., s. 100-106). New York: Routledge.
- Birkenes, J. & Østensen, U. E. S. (2008). *Underveis. Geografi 10*. Oslo: Gyldendal.
- Bratberg, Ø. (2014). *Tekstanalyse for samfunnsvitere*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Conway, D. (2014). Neoliberalism: Globalization's neoconservative enforcer of austerity. I V. Desai & R. B. Potter (Red.), *The Companion to Development Studies* (3. utg., s. 106-111). London og NewYork: Routledge.
- Conway, D. & Heynen, N. (2014). Dependency Theories, From ECLA to Andre Gunder Frank and beyond. I V. Desai & R. B. Potter (Red.), *The Companion to Development Studies* (3. utg., s. 111-116). New York: Routledge.
- Desai, V. & Potter, R. B. (Red.). (2014). *The Companion to Development Studies*. New York: Routledge
- Edmonds, P. (2018). These Twins, One Black and One White, Will Make you Rethink Race. *National Geographic*, 2018-4(The Race issue).
- Engelsen, B. U. (2003). *Ideer som formet vår skole? : læreplanen som idébærer - et historisk perspektiv*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Fagerslett, R. (2015). *Forestillingen om de andre. En undersøkelse av elevers forestillinger om befolkningen i utviklingsland - kan de endres?* (Mastergradsavhandling). NTNU, Trondheim
- Figved, P. B., Fossum, K. & Arrestad, P. (1976). *Geografi 3. Grunnbok for 9. skoleår*. Oslo: J.W. Cappelens forlag
- FN. (2018). Hentet 06.05.18 fra <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>
- Gandhi, L. (1998). *Postcolonial Theory: a critical introduction*. New York: Columbia University Press.
- Geertz, C. (1973). *The Interpretation of Cultures*. New York: Basic Books.
- Gould, W. T. S. (2015). *Population and Development*. New York: Routledge.
- Greig, A., Hulme, D. & Turner, M. (2007). *Challenging Global Inequality. Development theory and practice in the 21st century*. New York: Palgrave Macmillan.

- Haffner, E. & Knudsen, E. (1939). *Geografi for den høyere skole*. Oslo: N.W. Damm og Søn.
- Harding, S. (1998). *Is science multicultural? Postcolonialisms, Feminism, and Epistemologies* (Bind 22). Bloomington: Indiana University Press.
- Hjelde, I. (2006). *Eurosentrisme i sosiologien* (Masteravhandling). UiO. Hentet fra <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/15607/hjelde.pdf?sequence=3&isAllowed=y>
- Holt-Jensen, A. (2007). *Hva er geografi?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Holt-Jensen, A. (2009). *Geography : history and concepts : a student's guide* (Geografiens innhold og metoder, 4rd ed. utg.). London: Sage Publications.
- Hume, D., Copley, S. & Edgar, A. (1993). *Selected Essays* (Oxford World's Classics). Cary: Cary : Oxford University Press, UK.
- Kirke-og-undervisningsdepartementet. (1939). *Normalplan for Byfolkeskolen/Normalplan for landsfolkeskolen*. Oslo: H. Aschehoug & co. (W. Nygaard).
- Kirke-og-undervisningsdepartementet. (1974). *Mønsterplan for grunnskolen*. Oslo: Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Lindgren, S. (2011). Tekstanalyse. I K. Fangen (Red.), *Mange ulike metoder* (s. 266-279). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Lu, M. & Keller, K. (2016). Perspectives on Population in AP® Human Geography. *Journal of Geography*, 115(3), 101-105. doi: 10.1080/00221341.2015.1109702
- Mikkelsen, R. (2015). Fagdidaktikk i geografi. I R. Mikkelsen & P. J. Sætre (Red.), *Geografidiaktikk for klasserommet* (3. utg., s. 15-37). Oslo: Cappelen Damm.
- Mjøset, L. & Skarstein, R. (2016). Kina gjennom to globaliseringsperioder. *Agora*, 33(02-03), s. 85-134.
- Robbins, P. (2012). *Political ecology : a critical introduction* (2nd ed. utg.)
- Rosling, H. (Producer). (2013, 15.03.18). *Don't Panic - the facts about population*. [Documentary] Hentet fra <https://www.gapminder.org/videos/dont-panic-the-facts-about-population/>
- Rostow, W. W. (1960). *The Stages of Economic Growth: A non-communist Manifesto*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Said, E. W. (2003). *Orientalism* (Penguin modern classics, Repr., with a new preface. utg.). London: Penguin Books.
- Sapsford, D. (2014). Smith, Ricardo and the world marketplace, 1776 to 2012. I V. Desai & R. B. Potter (Red.), *The Companion to Development studies* (3. utg., s. 88-95). New York: Routledge.
- Skjelbred, D., Askeland, N., Maagerø, E. & Aamotsbakken, B. (2017). *Norsk lærebokhistorie: allmueskolen - folkeskolen - grunnskolen 1739-2013*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skorgen, T. (2003). Filosofi og rasevitenskap. Den filosofiske antropologiens oppkomst og etablering av raseantropologi som epistemisk regime (Kant kontra Herder). *Norsk filosofisk tidsskrift*, 01-02, 115-132.
- Solerød, H. (2003). *Mennesker og ressurser : befolkningsutviklingen - utfordringer og muligheter* (2. utg. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Solerød, H. & Tønnessen, M. (2018). Demografi. Hentet 11.03.18 fra <https://snl.no/demografi>
- Sætre, P. J. (2015). Vurdering av lærebøker. I R. Mikkelsen & P. J. Sætre (Red.), *Geografididaktikk for klasserommet* (3. . utg., s. 139-157). Oslo: Cappelen Damm.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode* (4. utg. utg.). Bergen: Fagbokforl.
- Toye, J. (1993). *Dilemmas of development : reflections on the counter-revolution in development economics* (2nd ed. utg.). Oxford: Blackwell.

- Utdanningsdirektoratet. (2006). *Kunnskapsløftet\_midlertidig utgave*. Hentet fra [https://www.udir.no/upload/larerplaner/Fastsatte\\_lareplaner\\_for\\_Kunnskapsloeftet/Kunnskapsloftet\\_midlertidig\\_utgave\\_2006\\_tekstdel.pdf](https://www.udir.no/upload/larerplaner/Fastsatte_lareplaner_for_Kunnskapsloeftet/Kunnskapsloftet_midlertidig_utgave_2006_tekstdel.pdf)
- Waitt, G. (2016). Doing Foucauldian Discourse Analysis - Revealing Social Identities. I I. Hay (Red.), *Qualitative Research Methods in Human Geography* (4. utg., s. 288-312). Ontario: Oxford University Press.
- Wallerstein, I. (1997). Eurocentrism and its avatars: The dilemmas of social science. *New Left Rev.*(226), 93-107.
- Willis, K. (2011). *Theories and Practices of Development* (2. utg.). London: Routledge.
- Wæhle, E. (2014). Assimilering. Hentet 07.05.18 fra <https://snl.no/assimilering>
- Wæhle, E. (2018). Primitiv. Hentet 20.02.18 fra <https://snl.no/primitiv>